

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Opplærings- og helseutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etg, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	29.09.2015
<b>Tid:</b>	10:00

### Program

- Kl. 10:00      Orientering om Vardeprosjektet v/Krister Hoaas
- Kl. 10:20      Saksførehaving
- Kl. 11:30      Felleslunsj i kantina
- Kl. 12:00      Saksførehavinga held fram

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Opplærings- og helseutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Stenseide  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 67/15	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 68/15	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 69/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 33/15	Plankonferansen 2015 - program	2015/9523	
RS 34/15	Notat om sommarskulen til OPHE	2014/13286	
RS 35/15	Vurdering av samanheng mellom trivsel/elevmiljø og fråfall ved skular som har tilbod om skulemåltid	2015/5010	
RS 36/15	Moglegheitstudie på Hjeltnes	2014/931	
RS 37/15	Markedsføring av fagopplæring og skoler med vekt på rekruttering til yrkesfag	2015/9024	
RS 38/15	Oversikt over samanlikning av skular med omsyn til elevar - resultat - gjennomføring	2015/1090	
RS 39/15	Revidert møteplan 2016 for politiske utval i Hordaland fylkeskommune	2015/5700	
PS 70/15	Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019	2015/9089	
PS 71/15	Prinsipp og føremål for rullering av Skulebruksplanen (SBP)	2014/10030	
PS 72/15	Regional plan for kompetanse og arbeidskraft- vedtak av planprogram	2014/17126	
PS 73/15	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – Budsjetfordeling nr. 5 -2015	2014/598	
PS 74/15	Ymse		

PS 67/15 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 68/15 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 69/15 Referatsaker (Meldingar)

## Praktiske opplysningar

Konferansen går over to dagar, men det er mogleg å delta på berre ein av dagane. På dag to er det påmelding til tre ulike sesjonar. I dagpakkane er inkludert alle måltid unntatt middagen om kvelden 20. oktober.

### Påmelding:

Elektronisk påmelding på:

<http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2015/Plankonferansen-2015/>

Du finn sida under Kurs og konferansar på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Sjå også informasjon om konferansen på [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)

### Pris:

Alternativ 1: dagpakke 20. og 21. oktober inkl. middag 20. oktober:	kr 1500
Alternativ 2: dagpakke 20. oktober, inkl. middag om kvelden:	kr 1000
Alternativ 3: dagpakke 20. oktober, utan middag om kvelden	kr 500
Alternativ 4: dagpakke 21. oktober	kr 500

Studentar får halv pris (250 kr pr dag) på dagpakke.

### Overnatting:

Deltakarar må sjølv syte for overnatting. Det er førehandsreservert nokre rom fram til 28. september på Grand Terminus, kr. 895 for enkeltrom og kr 1095 for to personar i dobbeltrom inkludert frukost. Referer til deltaking på Plankonferansen ved bestilling. [www.grandterminus.no](http://www.grandterminus.no), tlf 55 21 25 00

### Spørsmål om konferansen:

Praktiske spørsmål kan rettast til Synnøve Fjeldberg, telefon 55239282 eller e-post: [regional@hfk.no](mailto:regional@hfk.no)

Bindande  
påmelding innan  
mandag  
5. oktober


Foto:  
1 Bildesamlingen ved UBB, Gustav Brosing  
2 Generalplan for Bergen 1973, Bergen byarkiv  
3 Modell Nygårdshøyden 1964, Bergen byarkiv  
4 Åtvik, Norges vasskraft- og industrimuseum  
5 Hordaland fylkeskommune, regional plan for attraktive senter i Hordaland  
6 Skisse Fyllingsdalen, Bergen byarkiv  
7 Geir Ketil Lien  
8 Bybanen – arkitektur.no

## Framtidsretta planlegging – bygd på 50 års erfaring med planlova

I år fyller Plan- og bygningslova 50 år. Tida er inne til å la denne viktige lova for samfunnsutvikling få vere hovudtema for plankonferansen i Hordaland, som i år har eit program som handlar om planlegginga si fortid, notid og framtid. Dagens lov frå 2008 er under evaluering og det skjer stadig noko nytt på planfeltet. Nokre ser lova som ein grensesettar meir enn som ei verktøykasse. På årets konferanse vil vi - forutan eit tilbakeblikk på planleggingshistoria - legge vekt på korleis vi kan nytte verktøy og utvikle god planmetodikk i takt med tida.

Plankonferansen er ein viktig møteplass for fagfolk og politikarar frå heile fylket. Konferansen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Vi ønsker velkomen til inspirerende og lærerike dagar!



### Målgruppe:

Planleggjarar og sakshandsamarar frå kommunal og statleg forvaltning, utbyggjarar, kommune- og fylkespolitikarar, konsulentar innan plan, regionale sektororgan, utdannings- og forskingsmiljø.


### Programkomite:


Marit Rødseth, Per Nordmark, Eva Katrine Ritland Taule, Karoline Eldøy, Anne-Kathrine Vabø, Liv Sundheim, Hordaland fylkeskommune  
Gudrun Stefansdottir, Fylkesmannen i Hordaland

## Plankonferansen 2015

### Framtidsretta planlegging – bygd på 50 års erfaring med planlova

Bergen 20. – 21. oktober, Grand Terminus





## Tysdag 20. oktober

Møteleiar: Rune Haugsdal, fylkesrådmann, Hordaland fylkeskommune

0900-0930 Registrering

0930-0940 Kulturinnslag

### Introduksjon

0940-0950 Velkomen til Hordaland i utvikling  
Fylkesordførar

0950-1015 Nye nasjonale forventningar og rammer for ny og mer effektiv planlegging  
Per-Willy Amundsen, statssekretær, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

1015-1030 Nasjonale omsyn som premiss for kommunal og regional planlegging  
Rune Fjeld, assisterande fylkesmann i Hordaland

1030-1045 Pause

### Lærdomen frå planhistoria

1045-1110 Kva kan vi læra av planleggingshistoria?  
Terje Kleven, dr. ing., medlem av nettverket  
"Byplanleggingens lange linjer - BULL"

1110-1135 Industristadane i Hordaland – arkitektoniske perler i planhistoria  
Eva Røyrane, journalist og forfattar

1135-1200 Planstyring og planvegving - døme frå Hordaland og Bergen  
Arild Holt Jensen, professor emeritus, institutt for geografi, Universitetet i Bergen

1200-1300 Lunsj

### Planlegging no

1300-1315 Kommunal planstrategi - erfaringar med politisk leiarskap  
Siv Høgtun, ordførar, Askøy kommune

1315-1340 Kultur - premiss for moderne planlegging  
Anna Elisa Tryti, fylkesdirektør for kultur og idrett, Hordaland fylkeskommune

1340-1405 Kommunereform og planlegging  
Jørgen Amdam, professor, Høgskolen i Volda og Møreforskning

1405-1420 Pause

### Framtid for planlegging

1420-1440 Internasjonale utfordringar for planlegging  
Akkelies van Nes, professor, Institutt for byggfag, Høgskolen i Bergen og Assistant professor, Faculty of Architecture, Delft University of Technology

1440-1515 Visjonar frå unge planleggjarar  
Cecilie Andersson, rektor, m/studentar frå Bergen Arkitektthøgskole

1515 -1545 Har langsiktige planar nokon verdi i 2015?  
Jan Erik Kjerpeseth, administrerande direktør Sparebanken Vest

1900 Aperitiff - Grand Terminus

1930 Festmiddag Grand Terminus  
Vert: Bård Sandal, fylkesdirektør regional utvikling  
Musikk: Albert og Elise

## Onsdag 21. oktober Fellesdel i plenum

### Tema: Plannytt

Møteleiar: Svein Kornerud, fagdirektør, Fylkesmannen i Hordaland

0830-0900 Registrering nye

0900-0915 «Meningen med livet»  
Doddo

0915-0945 EVAPLAN2008 - fungerer plandelen av lova etter intensjonane?  
Hege Hofstad, forskar, Norsk institutt for by- og regionforskning

0945-1005 Effektiv kommunal planlegging - resultat frå KS-prosjekt  
May Britt Hernes, seniorplanleggjar, Asplan Viak

1005-1030 IKT-satsing på meir effektive planprosessar  
Hilde Johansen Bakken, seniorrådgjevar, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

1030-1100 Pause



## Sesjon 1 Planstrategi

Møteleiar: Eva Katrine R. Taule, seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

1100-1130 Kommunal planstrategi – erfaringar frå Hordaland og resten av landet  
Eva Katrine R. Taule, seniorrådgjevar, planseksjonen, Hordaland fylkeskommune

1130-1200 Erfaring frå arbeid med kommunal planstrategi  
Eva Herdlevær, plansjef, Askøy kommune

1200-1300 Lunsj

1300-1330 Oversikt over folkehelse. Identifisering av fylket sine folkehelseutfordringar  
Aina Haugstad, spesialrådgjevar, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD), Hordaland fylkeskommune

1330-1410 Folkehelse som fundament for planstrategi  
Geir Ove Fosse, folkehelsekoordinator og Anbjørn Høivik, planleggjar, Kvinnherad kommune

1410-1425 Pause

1425-1445 Miljøutfordringar i planstrategien – erfaringar og tankar om det komande arbeidet  
Gunnar Berge, plan- og miljøvernssjef, Voss kommune

1445-1500 Diskusjon

## Sesjon 2 Medverknad - metodar som verkar

Møteleiar: Marit Rødseth, plansjef, Hordaland fylkeskommune

1100-1130 Gjestebud som medverknadsmetode – inspirert av plan- og bygningslova  
Anne Synnøve Vaagsland Horten, samfunnsplanleggjar, Svelvik Kommune

1130-1200 Askøy kommune på hjul – #Askøy 2030  
Synne Guldberg, planleggjar, Askøy kommune

1200-1300 Lunsj

1300-1330 Involvering av ulike grupper i planlegging  
Tove Agdestein, folkehelsekoordinator, Stord kommune

1330-1400 Barnetråkk i planprosessen  
Karoline Birkeli-Gauss, prosjektleiar, Norsk design- og arkitektursenter

1400-1415 Pause

1415-1440 Deltakande stadutvikling - områdeløft Ytre Arna  
Erlend Ytre-Arne Vågenes, koordinator, Bergen kommune

1440-1500 I <3 Ytre Arna - stidentitet som medverknadsmetode  
Siv Anette Johansen, prosjektkoordinator  
Arna og Åsane kulturkontor, Bergen kommune

## Sesjon 3 Digital planlegging

Møteleiar: Hans-Christian Engum, spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

1100-1130 Kvifor standardisera plandata?  
Aase Midtgaard Skrede, overingeniør, (plan og temadata), Kartverket Bergen

1130-1200 Kartressursar frå Hordaland  
Torbjørn Bøe, spesialrådgjevar, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD), Hordaland fylkeskommune

1200-1300 Lunsj

1300-1320 Bruk av GIS i kommuneplanprosess  
Rolf Raknes, samfunnsplanleggjar, Austrheim kommune

1320-1340 PlanGIS – innsyn og medverknad i planprosessen  
Turid Verdal, fagansvarleg plan, Akvator

1340-1400 Erfaringar med bruk av interaktiv kartportal i innspelsarbeidet til kommuneplan  
Anne Sofie Sandvik, einingsleiar areal og forvaltning, Vindafjord kommune

1400-1415 Pause

1415 - 1445 InnlandsGIS – digitalt verktøy for planleggjarar  
Frode Hansen, rådgjevar GIS, Hedmark fylkeskommune

1445- 1500 Diskusjon



## Notat

Dato: 04.09.2015  
Arkivsak: 2014/13286-18  
Saksbehandlar: petbor5

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Melding om sommarskulen 2015 til OPHE

Sommarskule vart det i år arrangert 4 stader i Hordaland. Nytt tilbod vart skipa til på Stord, der vi hadde ei gruppe i matematikk med eksamen. Her vart tilbodet arrangert i samarbeid med Stord vidaregåande skule. I Bergen, på Askøy og i Knarvik vart sommarskulen som vanleg arrangert i samarbeid med Røde Kors som stod for matsservering og mange friviljuge assistentar i gruppene.

Siste ordinære skuledag for elevane i Hordaland var i år tysdag 23. juni, 2 dagar seinare enn det som har vore vanleg dei siste åra. Av omsyn til ferieavvikling for lærarar og friviljuge frå Røde Kors måtte vi likevel halde oss til veke 26 og 27 med start onsdag 24. juni og eksamen fredag 3. juli. Elevane mista difor 2 dagar med undervisning, noko som kan forklare det litt svake resultatet.

#### **Fakta:**

Etter påmelding hadde vi meir enn 150 på listene, men i år ringte opplæringsavdelinga til kvar enkelt for å vite at dei møtte opp som avtalt. Meir enn 20 trekte seg av ulike grunnar, dei fleste fordi dei hadde klart den ordinære eksamen i matematikk, men og nokre av di dei hadde fått sommarjobb. Aldri har fleire deltatt. Ved oppstart den 24. juni hadde vi 131 påmelde fordelt slik:

**Bergen 87** (36 eksamen, 27 utan eksamen og 24 i norsk for minoritetsspråklege) i 7 grupper  
**Knarvik 19** (7 eksamen, 11 utan eksamen) i 2 grupper  
**Askøy 13** (7 eksamen, 5 utan eksamen) i 2 grupper  
**Stord 12** (10 eksamen, 2 utan eksamen) i 1 gruppe

Vi engasjerte i år 12 dyktige lærarar, 10 i matematikk og 2 i norsk.

Fakta om sommarskulen sidan 2007:

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Totalt
Deltakarar	20	25	48	80	95	94	123*	99	131	715
Eksamen	5	10	22	28	37	39	66	43	60	310
Bestått	5 100%	8 80%	18 80%	25 90%	28 75%	23 60%	33 50%	30 70%	31 52%	201 65%

\* I Tilstandsrapporten var det oppgitt feil tal på deltakarar i 2013. Dette er det rette.

**Eksamen:**

60 kandidatar tok eksamen i år. 31 (52%) fekk bestått. Av dei 60 var 24 lærlingar. 18 (75%) av dei fekk bestått.

Karakter	Askøy	Bergen	Knarvik	Stord	Totalsum
1	4	19	3	3	29
2	2	13	3	6	24
3	1	4	1	1	7
<b>Totalsum</b>	<b>7</b>	<b>36</b>	<b>7</b>	<b>10</b>	<b>60</b>

**Vurdering av resultat:**

- a) Tal på deltakarar: 131 starta, men ikkje alle fullførte, og nokre kom til etter oppstart. Dette er eitt av dei åra med flest «ikkje bestått» sidan 2007, men når vi veit at dei mista 2 dagar undervisning, trur vi dette er det vi kunne vente oss. Særs gledeleg er det at 18 av 24 lærlingar fekk bestått! I følgje lærarane var oppgåvene i overkant vanskelege, med lange tekstar og avanserte reknestykke.

**Tilbod i haust:**

Den 1. desember 2015 kan dei 29 elevane, som nok ein gong fekk 1 til eksamen, velje å ta ny privatist-eksamen arrangert av vårt eksamenskontor. Ein del av dei som bur i Bergen og omegn, vil i haust kunne få tilbod om hjelp til løysing av eksamensoppgåver med *Leksehjelpen* som vi har 4 dagar i veka i samarbeid med Røde Kors. Då kan dei vere betre førebudde til det nye forsøket.

**Tilbakemeldingar frå deltakarane:**

Som vanleg var tilbakemeldingane udelt positive, med eit snitt på terningkast med 5,5. Vi fann likevel ein negativ kommentar om maten; «det bør vere meir enn 2 vårrullar neste år».



**Notat**Dato: 10.09.2015  
Arkivsak: 2015/5010-2  
Saksbehandlar: laikle3

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Vurdering av samanheng mellom trivsel/elevmiljø og fråfall ved skular som har tilbod om skulemåltid**

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå møte i Opplærings- og helseutvalet 02.06.2015 der representanten Alexander Fosse Andersen (Sp) fremja slikt oversendingsforslag:

«Fusa vgs gir elevane tilbod om gratis skulefrukost. Både skuleleiing og elevar trekkjer fram ordninga som viktig for å betre skule- og læringsmiljøet. Ber om sak der det vert opplyst om skulemåltilbod ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, og ei vurdering av kostnader ved å innføra skulemåltid i Hordaland (tilleggsmerknad: tidspunkt for skulestart om morgonen må også vera eit moment)».

Alle vidaregåande skular i Hordaland gir elevane moglegheit til å innta eit skulemåltid i løpet av skuledagen. Fleire skular har sal av mat til frukost for dei elevane som kjem tidleg nok, eller til første friminuttet. Helsedirektoratet sin vegvisar til Folkehelsearbeid omtalar også skulen, og viser til at skulemåltidet kan ha ein viktig miljøskapande verdi og er av betydning for mellom anna helse, trivsel og læring. Konsentrasjonen og humøret haldast oppe gjennom skuledagen ved hjelp av eit sunt skulemåltid.

Helsedirektoratet tilrår at elevane har minst 20 minutt til å ete, ha medbrakt matpakke og få tilbod om frukt, grønt, mjølk og enkel brødmatt. Helsedirektoratet har òg ei tilråding om matvarer og drikke som skulen ikkje skal tilby. I 2013 gjorde Helsedirektoratet ei kvantitativ undersøking ved 447 vidaregåande skular i Norge. *\*«Mat og drikke med høgt innhald av feitt og sukker utgjer ein for stor del av tilbodet i vidaregåande skular».* Her ser direktoratet eit potensiale for betring, men alt i alt viser undersøkinga at tilbodet er i tråd med deira tilrådingar. Undersøkinga peikar òg på andre viktige faktorar – at elevane har høve til å kjøpe maten på førehand slik at dei 20 minuttane kan brukast til å samle seg rundt eit bord i kantina og dele det sosiale rundt måltidet. Ei utfordring er sjølvstøtt at elevane i vidaregåande skule også har høve til å forlate skulen og handle på butikkar i nærområdet i staden, og derfor er det viktig at skulane har eit tilbod som kan konkurrere med butikkane både på pris og kvalitet. Undersøkinga konkluderer med at det framleis er behov for auka innsats på dette området, men òg at det er økonomiske utfordringar knytt til drift av kantine/matutsal på vidaregåande skular, noko ein må ta omsyn til. Samarbeid med elevar og elevråd viser seg å vere sentralt der ein har fått til gode ordningar.

Måltida er samlingspunkt: Dei har mykje å seie for trivsel og læring, sosial kompetanse og kulturell samhandling hjå barn og unge. I arbeidslivet blir måltidet brukt som trivselsfaktor for å auke nærvær og fellesskap. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet v/HIB skal i løpet av året i gang med kartlegging av skulemåltid i Norge. Dei kjenner ikkje til forskning der ein har målt spesifikk samanheng mellom måltid og trivsel i skulen.

To vidaregåande skular i Hordaland har tilbod om gratis skulemåltid (frukost), Fusa vgs og Olsvikåsen vgs. Dei skårar begge betre enn snittet for Hordaland på indikator for *trivsel* i *Elevundersøkinga*. Tal på elevar som har fullført og bestått, er og høgare enn gjennomsnittet på desse to skulane, og det er Olsvikåsen som har størst framgang her. Det betyr ikkje at det er mogleg å trekkje samanheng mellom skulemåltid, trivsel og gjennomføring på bakgrunn av desse tala. Det er mange faktorar som kan påverke gjennomføring, og vi veit at trivsel er viktig.

Hordaland fylkeskommune v/opplæringsavdelinga startar hausten 2015 eit pilotprosjekt på fire skular for å utvikle desse til helsefremjande skular. Dette er del av folkehelsearbeidet i fylket, og kosthald, fysisk aktivitet og psykisk helse er dei tre satsingsområda til prosjektet. Her vil modellar prøvast ut, og samarbeid med Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet vil vere viktig. Gjennom dette samarbeidet vil fylkeskommunen og skulane få kjennskap til den forskinga som senteret er i gang med, og resultatane av denne.

\*«Helsedirektoratet: Mat og måltider i vidaregåande skole. En kvantitativ undersøkelse blant kontaktlærere, skoleledere og ansvarlige for kantine/matbod. Desember 2013.

**Notat**

Dato: 16.09.2015  
Arkivsak: 2014/931-15  
Saksbehandlar: heilars

---

**Til:** Opplæring- og helseutvalet, Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Moglegheitstudie på Hjeltnes

Bakgrunnen for «Moglegheitstudie på Hjeltnes» er den politiske handsaminga av skulebruksplanen våren 2013.

Fylkestinget vedtok som ein del av skulebruksplanen at .... *«Hjeltnes vgs vert vert oppretthalden som eiga eining til 2016, jfr. punkt 6c. HFK set i gang eit prosjekt/ mogelegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs, og tek kontakt med Ulvik herad og dei ulike næringslivsorganisasjonane for samarbeid.»*

Hausten 2013 oppretta fylkesrådmannen ei styringsgruppe på bakgrunn av den politiske bestillinga frå fylkestinget. Styringsgruppa har bestått av Opplæringsdirektør Svein Leidulf Heggheim, Organisasjonsdirektør Ingrid Kristine Holm Svendsen og Regionaldirektør Bård Sandal. Styringsgruppa oppnemnte representantar til prosjektgruppa. Prosjektgruppa har vore samansett av:

- prosjektleiar frå næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune, Heidi Bjønnes Larsen
- ein representant frå Ulvik herad, ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
- ein representant frå Hardangerrådet, Leiv Vambheim
- ein representant frå opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, regionleiar Annbjørg Laupsa
- ein representant frå Hjeltnes vidaregåande skule, rektor Gunnbjørg Øyre
- ein lokal tillitsvald frå Hjeltnes vidaregåande skule, Kåre Olai Solheim frå Delta.

Mandatet for Moglegheitstudie på Hjeltnes har vore ei tilråding om konkret berekraftig aktivitet innafor både opplæring og næring. Nye utdanningsprogram har i moglegheitstudie vore forstått som vidaregåandeutdanning retta mot ungdom med rett til vidaregåande utdanning med heimel i §3.1 i Opplæringslova. Anna berekraftig aktivitet er tolka breiare og sosial, økonomisk og miljømessig berekraft er satt som kriterium. Arbeidet skulle vere framtidsretta og ta omsyn til den samfunnsmessige utviklinga. Resultata er presentert i den vedlagte rapporten.

Fylkesrådmannen underretter med dette om rapporten som blei levert til Hordaland fylkeskommune frå prosjektgruppa for Moglegheitstudie på Hjeltnes den 3. juli 2015. Fylkesrådmannen kjem tilbake med politisk sak.

# Moglegheitsstudie på Hjeltnes



Samandrag	2
1. Innleiing	4
2 Mandatet og prosessen	5
2.1 Skulebruksplanen og mandatet for moglegheitsstudie	5
2.2 Organisering og prosjektstruktur	5
2.3 Prosess og tema som det ikkje er gått vidare med	7
2.4 Tema som er aktuelle for Hjeltnes på sikt	9
3. Nasjonale og regionale planer, strategiar og føringar	10
4. Berekraftig regional utvikling	11
4.1 Grøn kompetanse som grunnlag for produksjon av mat og biomasse	11
4.2 Matkultur og kulturmat, auka lokal matproduksjon	12
4.3 Helsefremjande skule og reduksjon av ungt utanforskap	13
4.4 Styrke Indre Hordaland	14
5 Hjeltnes før og no	16
5.1 Skulen i nyare tid	17
5.2 Skulen i dag	17
5.2.1 Hjeltnes fagskule	19
5.2.2 Produksjonsbedriftene på Hjeltnes	20
5.2.3 Skulen sin pedagogiske plattform og andre styrker	20
6 Utgreidde tema programfag og aktivitetar	22
6.1 Hagebruk på Hjeltnes i framtida	22
6.2 Vidaregåande skule	22
6.3 Fagskule	23
6.3.1 Lokal gastronomi	23
6.3.2 Hagedesign	27
6.4 Hjeltnes som produksjonsskule	28
6.4.1 Arbeidet med produksjonsskulen på Hjeltnes	30
6.3.2 Planlagde produksjonsverkstader på Hjeltnes	31
6.5 Kurs og kompetansesenter	34
6.6 Holmen og Hjeltnes som reisemål	35
7 Konklusjonar frå moglegheitsstudiet	38
7.1 Campus Hjeltnes 2020 Alternativ A	38
7.2 Campus Hjeltnes 2020 Alternativ B	42
7.3 Hjeltnes Produksjonsskule Alternativ C	43
7.4 Økonomien på Hjeltnes	43
Vedlegg I Støtteerklæring til fagskoleutdanning i Lokal gastronomi frå NHO reiseliv	
Vedlegg II Nasjonale klonarkiv si rolle i innovasjon Bioforsk	
Vedlegg III Støtteerklæring frå Ulvik herad	

Framsida illustrasjon Lars Berge

## Samandrag

Bakgrunnen for denne rapporten og «Moglegheitstudie på Hjeltnes» er den politiske hand-saminga av skulebruksplanen våren 2013. Målet for moglegheitsstudiet har vore å finne nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet som kan auke aktiviteten på Hjeltnes. Det har vore viktig for prosjektgruppa å finne løysningar på Hjeltnes som utnyttar det som Hjelt-nes er gode på, fører til regional utvikling og bidreg til å løyse utfordringar som samfunnet står ovanfor.

Fylkestinget vedtok som ein del av skulebruksplanen at: «*Hjeltnes vgs vert vert oppretthal-den som eiga eining til 2016, jfr. punkt 6c. HFK set i gang eit prosjekt/ mogelegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs, og tek kontakt med Ulvik herad og dei ulike næringslivsorganisasjonane for samar-beid.*»

På bakgrunn av den politiske bestillinga frå fylkesstinget oppretta fylkesrådmannen ei sty-ringsgruppe og ei prosjektgruppe for «Moglegheitsstudie på Hjeltnes». Moglegheitsstudie er ikkje ein klart definert metode. Moglegheitstudie skal få fram alternativ, beskrive potensiale, utfordringar og realisme i starten av ein prosess. Ein startar breitt, ser på fleire moglegheiter, for så å sile vekk dei dårlegaste alternativa. Denne rapporten synleggjer moglegheiter og potensiale. Det er ikkje ei konsekvensutgreiing.

Prosjektgruppa har utgreidd aktivitet som er miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig. Desse tre grunnpilarane må handsamast parallelt. Økonomisk vekst åleine er ikkje tilstrekke-leg for å løyse regionale og nasjonale utfordringar. Personar, livsmiljø og økonomiske sys-tem heng uoppløysleig saman. Prosjektgruppa har lagt vekt på at det skal vere aktivitetar og tilbod det er behov for og etterspurnad etter i regionen. Aktivitetane skal korrespondere med satsingar regionalt og nasjonalt. Aktivitetane skal bere seg sjølv økonomisk over tid og skape arbeidsplassar. Det skal vere aktivitetar som kan føre til vidare verdiutvikling i regio-nen.

Det fyrste steget i «Moglegheitstudie på Hjeltnes» var ei idémyldring. Ideane blei gruppert i ulike tema. Eksempelvis kom det inn fleire idear knytt til lokal mat, frå jord til bord, småska-laproduksjon og samarbeid med Slow Food. Alle desse ideane har gått inn i temaet *fagsku-letilbod om lokal gastronomi*. Det kom og inn idear knytt til fråfallsproblematikk, grøn omsorg, Inn på tunet, sjølvtillitskurs, elevbedrift (tilpassa opplæring) og heilårskurs for 'drop outs'. Desse ideane er tekne inn i temaet *produksjonsskule*. Dei to andre tema det er brukt mest tid på er *hagebruk* og *Hjeltnes som reisemål*. Prosjektgruppa har og utgreidd utdanningspro-gram som ein ikkje har gått vidare med; Allmennfag påbygg, Design og handtverk Vg1, Akti-vitør, Landslinje anleggsteknikk og Helse og oppvekstfag Vg1. Desse utdanningsprogramma har enten ikkje tilstrekkeleg med søkjarar eller så er det tilstrekkeleg med plassar andre sta-der i fylket.

Prosjektgruppa har stilt seg spørsmålet; Kva er dei regionale utfordringane og kva kan Hjelt-nes bidra med? Prosjektgruppa kom fram til fire konkrete område Hjeltnes kan bidra med knytt til bærekraftig regional utvikling. 1. Ta vare på og vidareutvikle grøn kunnskap og kom-petanse. 2. Stimulere matsatsinga og lokal matproduksjon i Hordaland ved å bli eit knute-punkt for matkultur og kulturmat. 3. Bidra med tiltak mot ungt utanforskap og løfte fram den helsefremjande skulen. 4. Auka attraktiviteten til Indre Hordaland og styrke regionen.

Ein av styrkane til Hjeltnes er den rike historia til skulen. Hjeltnes er ein viktig del av kulturarven i Hardanger og Hordaland. Fruktreproduksjon er driven på Hjeltnes samanhengande frå 1765 heilt fram til i dag. Aktivitet på skulen i dag er Vg1 naturbruk, Vg2 anleggsgartnar- og idrettsfag, Vg2 blomsterdekoratør, fagskule arborist og gartnarutdanning deltid (2 år). Det er 33 tilsette fordelt på 26 årsverk. I skuleåret 2014/15 er det totalt 78 elevar og studentar tilknytt skulen. Det er 21 elevar på Vg2 anleggsgartnar- og idrettsfag, 9 elevar på Vg2 blomsterdekoratør og 32 elevar på vaksenopplæring gartnar deltid. Skulen har og fagskulestudie for arboristar med 16 studentar. Produksjonsbedriftene på skulen produserer og sel skogplanter, frukt, prydplanter, bær, planteskulevarer og frukttré. Hjeltnes har Plantearvenfeltet i regi av Norsk Genressurscenter. Feltet er ein av dei største sortssamlingane av gamle eple-sortar i Norge.

Prosjektgruppa foreslår ulike alternativ til aktivitet som tek vare på den grønne kompetansen på Hjeltnes. Rapporten skisserer tre alternativ for vidare drift på Hjeltnes. Dei tre alternativa er ulike kombinasjonar av aktivitetar: Vidaregåande skule, fagskule, produksjonsskule, kurs- og kompetansesenter og Hjeltnes som reisemål.

Rapporten konkluderer med tre moglege alternativ for Hjeltnes.

Alternativ A er ei samansetning av vidaregåande skule, fagskule, produksjonsskule og kurs- og kompetansesenter (inkludert vaksenopplæring). I tillegg er det foreslått at området i Holmen greiast ut som reisemål i samarbeid mellom dei ulike skuletilboda og andre regionale aktørar.

Alternativ B består av fagskule, produksjonsskule, kurs og kompetansesenter (inkludert vaksenopplæring). I dette alternativet blir det foreslått at området i Holmen vidareutviklast. I alternativ B er det foreslått at den vidaregåande opplæringa flyttast til Nye Voss vidaregåande skule.

Alternativ C består av produksjonsskule og vidareutvikling av området i Holmen.

Prosjektgruppa foreslår at aktiviteten konsentrerast rundt to fysiske kjerneområde, tunet - Campus Hjeltnes og Holmen. Ulike aktivitetar vil skape eit tun med mykje liv. Dei gode fysiske kvalitetane til Hjeltnes slik som frukthage, urtehage og Plantearven flyttast nærmare tunet. I Holmen skal det vere grønne og grå klasserom, hagesenter og planteskule og moglegheit for å utvikle kultur og reiselivsrelatert aktivitet i området.

Det er lansert to nye typar aktivitetar som prosjektgruppa meiner Hjeltnes er godt eigna for, fagskuletilbod lokal gastronomi og produksjonsskule.

Lokal gastronomi skal gje studentane opplæring i matproduksjon og matkultur, med utgangspunkt i det som finst i Hardanger og på Vestlandet. Studentane får praktisk og teoretisk innsikt ved å følgje vegen frå frø til bord. Kompetansen dei opparbeider seg kan overførast til andre stader dei skal arbeide, både i Norge, Norden og eventuelt andre land. Lokal gastronomi er eit svar på etterspurnad av kunnskap om lokal mat frå reiselivsnæringa.

Produksjonsskule på Hjeltnes vil komplettere tilbodet som no blir gitt på Hyssingen produksjonsskule. Det vil totalt bli fleire produksjonsskuleplassar i Hordaland. Hjeltnes kan tilby internat til dei som ikkje kan dagpendle til Bergen eller ungdom som av andre grunnar treng eit internattilbod. Hjeltnes vil og kunne tilby andre typar verkstader.

## 1. Innleiing

Hjeltnes ligg i Ulvik i Hardanger, ei frodig fjordbygd med gode vilkår for landbruk generelt og fruktdyrking spesielt. Ulvik har eit aktivt landbruk med hovudvekt på sau, skogbruk, fruktdyrking, lokal matforedling og reiselivsnæring. Då skulen vart etablert i 1901 under namnet «Fruktdyrkingsskulen paa Hjeltnes» var dette ei naturleg plassering for ein allsidig hagebruksskule. Skulen har spela ei avgjerande rolle for utvikling av frukt og gartnarnæringa i heile Vestlandsregionen i mange generasjonar.

I moglegheitsstudie har prosjektgruppa sett etter nye berekraftige utdanningsprogram og næringar for Hjeltnes. Eit sentralt poeng har vore at aktivitetane ikkje berre skal vere bra for Hjeltnes, men at dei og skal bidra positivt til fylket generelt. Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Hordaland fylkeskommune skal være ein pådrivar og støttespelar for kommunar og næringsliv, drive samfunnsutvikling og legge til rette for ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Hordaland fylkeskommune skal stimulere til nyskaping, vekst og sysselsetting i Hordaland. Hordaland fylkeskommune skal bidra til å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Skal framtidas generasjonar få dekkja sine behov må avgjerslene som vert tekne av generasjonen i dag vere miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftige.

Kjernen i all foreslått aktivitet er utdanning. Utdanning er meint til å enten gje næringslivet etterspurt kompetanse eller bidra til å løyse utfordringar i samfunnet. Prosjektgruppa har operasjonalisert berekraftomgrepa ved å knyte saman dei respektive berekraftomgrepa med konkret aktivitet. Sosial berekraft er knytt til problemet med fråfall i den vidaregåande skulen. Økonomisk og miljømessig berekraft er knytt til behov for grøn kompetanse og for fleire med heilskapleg kompetanse på mat. Fokuset for prosjektgruppa har vore å sjå på korleis vi innovativt kan fusjonere desse behova, og munne ut i ei brei tverrfagleg satsing i Indre Hordaland.

Rapporten består av sju delar.

Del 1: Innleiing

Del 2: Går gjennom mandatet for moglegheitsstudie, tilknytning til skulebruksplanen og korleis prosjektet er gjennomført.

Del 3: Går gjennom dei nasjonale og regionale planane og strategiane som har vore førande for moglegheitsstudie.

Del 4: Syner korleis prosjektgruppa har tenkt at aktivitetane på Hjeltnes skal bidra til berekraftig regional utvikling av Hordalandssamfunnet

Del 5: Litt av styrken til Hjeltnes ligg i historia, kulturarven, gründerverksemda og den grønne kompetansen. Denne delen gjev ei innføring i Hjeltnes vidaregåande skule før og no.

Del 6: Presenterer dei fem hovudtiltaka prosjektgruppa ser som vidare moglegheiter for Hjeltnes: produksjonsskule, fagskule, vidaregåande skule, kurs og kompetansesenter og utvikling av området i Holmen.

Del 7: Legg fram tre ulike alternativ der tiltaka presentert i del 6 er sett saman på ulike måtar, med økonomien knytt til dei ulike alternativa.



## 2 Mandatet og prosessen

### 2.1 Skulebruksplanen og mandatet for moglegheitsstudie

Etter vedtak i fylkestinget desember 2010 (Sak 65/10) og mars 2011 (Sak 9/11), vart administrasjonen beden om å gjennomgå skulestruktur og utdanningstilbod i Hordaland fylkeskommune (Hfk). Gjennomgangen skulle avdekka problemstillingar og utfordringar som Hfk står overfor når det gjeld skulestruktur og tilbodsstruktur. Prosjektet hadde eit produktmål i form av ein ny skulebruksplan for perioden fram mot 2025, og denne vart handsama og vedtatt av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013. I skulebruksplanen blei det foreslått at Hjeltnes skulle gjerast om til ei avdeling under Nye Voss vgs. Årsaka er låge elevtal på Hjeltnes over fleire år (sjå tabell 5.1) og at skulen er ein av dei dyraste skulane i Hordaland å driva.

Forslaget frå fylkesrådmannen i skulebruksplanen var:

Hjeltnes vgs vert omgjort til ei avdeling under Nye Voss vgs. Fagtilbod og dimensjonering på skulen vert som vist i tabell i saksutgreiinga. Dette inneber at utdanningsprogramma Design og handverk (DH) og Naturbruk (NA) vert vidareført. Skulen får ny planteskule/hagesenter.

Fylkestinget vedtok som ein del av skulebruksplanen at: *«Hjeltnes vgs vert oppretthalden som eiga eining til 2016, jfr. punkt 6c. HFK set i gang eit prosjekt/ mogelegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs, og tek kontakt med Ulvik herad og dei ulike næringslivsorganisasjonane for samarbeid.»*

I vedtaket frå fylkestinget, punkt 7e om Hjeltnes vgs blir det vist til punkt **6c** i same vedtak. Denne tilvisinga er feil. Punktet det blir vist til er **7c** som omhandlar Nye Voss vgs. Vedtaket må sjåast i lys av at fylkesrådmannen i saksutgreiinga gjekk inn for å legge Hjeltnes vgs inn som ei avdeling under Nye Voss vgs. Hjeltnes vgs vert oppretthalden som eiga eining fram til Nye Voss vgs står klar til bruk i 2016.

Mandatet for Moglegheitstudie på Hjeltnes er ei tilråding om nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet. Nye utdanningsprogram er i moglegheitstudiet forstått som vidaregåande utdanning retta mot målgruppa i §3.1 i Opplæringslova. Anna berekraftig aktivitet er tolka breiare, og sosial, økonomisk og miljømessig berekraft er sett som kriterium. Prosjektgruppa sitt arbeid skal vere framtidsretta og ta omsyn til den samfunnsmessige utviklinga. Prosjektgruppa skal presentere sine resultat i ein rapport.

Moglegheitsstudie er ikkje ein klart definert metode. Eit moglegheitstudie skal få fram alternativ, skildre potensiale, utfordringar og realisme i starten av ein prosess. Ein startar breitt, ser på fleire moglegheiter for så å sile vekk dei dårlegaste alternativa. Eit moglegheitsstudie skal syne potensiale og bringe fram nye idear. I denne rapporten har prosjektgruppa skissert forslag som treng ulik grad av vidare utgreiing.

### 2.2 Organisering og prosjektstruktur


Hausten 2013 oppretta fylkesrådmannen ei styringsgruppe på bakgrunn av den politiske bestillinga frå fylkestinget.

Styringsgruppa har bestått av:

- Opplæringsdirektør Svein Leidulf Heggheim
- Organisasjonsdirektør Ingrid Kristine Holm Svendsen
- Regionaldirektør Bård Sandal

Styringsgruppa oppnemnte representantar til prosjektgruppa. I mandatet til moglegheitsstudiet står det at prosjektgruppa sitt arbeid og framdrifta skal vurderast fortløpande av styringsgruppa. Styringsgruppa skal ha synspunkt på om relevante interessantar er tilstrekkeleg involvert og konsultert i det fortløpande arbeidet som prosjektgruppa utfører. Styringsgruppa skal ha synspunkt på korleis og når referansegruppa skal konsulterast i arbeidet. Prosjektgruppa vert leia av ein prosjektleiari, som har vore i om lag 30% stilling frå september 2013. Det var byte av prosjektleiari desember 2013. Prosjektleiari har vore fagleg og administrativ leiari for den daglege tilrettelegginga av prosjektet. Prosjektleiari rapporterte til næringsssjefen i Hordaland fylkeskommune. Prosjektgruppa rapporterte til styringsgruppa (jamfør Figur 2.1).

Figur 2.1 Prosjektstruktur for moglegheitsstudie på Hjeltnes



Temagruppene blei oppretta som arbeidsgrupper for å sikre framdrift i prosjektet og har arbeidd med sine respektive tema. Temagruppene har bestått av folk frå skulen, næringa, heradet og referansegruppa. I starten av prosjektet vart det nedsett ei referansegruppe. Personane i denne gruppa har blitt trekt inn i temagruppene etter behov. Det har vore fire temagrupper, Fagskule lokal gastronomi, Produksjonsskule, Hjeltnes som reisemål og Hagebruk på Hjeltnes.

Prosjektgruppa har hatt 13 møte. Prosjektgruppa har vore breitt samansett. Jordbrukssjef frå Ulvik herad Rolf Tore Djønne kom med i prosjektgruppa mot slutten av prosjektet, då prosjektgruppa hadde behov for meir kompetanse knytt til frukt og bær.

Prosjektgruppa har vore samansett slik:

- prosjektleiari frå næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune, Heidi Bjønnes Larsen
- ein representant frå Ulvik herad, ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
- ein representant frå Hardangerrådet, Leiv Vambheim
- ein representant frå opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, regionleiari Annbjørg Laupsa
- ein representant frå Hjeltnes vidaregåande skule, rektor Gunnbjørg Øyre
- ein lokal tillitsvald frå Hjeltnes vidaregåande skule, Kåre Olai Solheim frå Delta.

### Eksterne økonomiske løyvingar til moglegheitsstudie

Det har vore løyvd eksterne midlar til moglegheitsstudie.

- Ulvik herad har omdisponert ei tidlegare løyving på kr. 123 000,- og løyvd kr 250 000.

- Bygde- og næringsutviklar i Ulvik, Natalia Golis og jordbrukssjef i Ulvik Rolf Tore Djønne har delteke aktivt i arbeidet etter avtale med Ulvik herad, tilsvarande ein sum på kr 127 000,-.
- Hardangerrådet har løyvd kr 300 000,- til fagskuletilbod 'Lokal gastronomi'.

Pengane har vore administrert av Hjeltnes vgs og i hovudsak brukt til å løne deltakarar frå næringslivet.

### 2.3 Prosess og tema som det ikkje er gått vidare med

Det fyrste steget i «Moglegheitstudie på Hjeltnes» var ei idemyldring på Hjeltnes. Idemyldringa resulterte i ein idébank med 173 idear. Prosjektgruppa har lagt vekt på at moglegheitstudie skal vere dynamisk, med rom for innspel i heile perioden. Derfor er det og nokre idear som har kome seint med i prosessen. Ideane blei gruppert under ulike tema. Det kom for eksempel inn fleire idear knytt til lokal mat, frå jord til bord, småskalaproduksjon og samarbeid med Slow Food. Alle desse ideane har gått inn eit fagskuletilbod om lokal gastronomi. Det kom og inn idear knytt til fråfallsproblematikk, grøn omsorg, Inn på tunet, sjølvtillyskurs, elevbedrift (tilpassa opplæring) og heilårskurs for 'drop outs'. Desse er tekne inn i produksjonsskulen. Andre idear som er spelt inn er inkludert i verkstadene i produksjonsskulen. Tema basert på idear frå idemyldringa og som ein har greidd ut i løpet av prosjektet er lista opp i tabell 2.2.

Tabell 2.2 Tema som er greidd ut i prosjektperioden

Tema
Vidaregåande skule på Hjeltnes og vaksenopplæring på Hjeltnes (inkludert gartnar deltid)
Fagskuletilbod i Lokal gastronomi
Hagebruk på Hjeltnes
Hjeltnes som reisemål
Hjeltnes som arena for utsett ungdom
Hagedesign som fagskuletilbod
Kurs og kompetansesenter
Skogbruksutdanning
Transportløysingar
Nye utdanningsprogram på Hjeltnes

Prosjektgruppa har vore i dialog med respektive næringar og fått hjelp av analyseavdelinga ved Hordaland fylkeskommune til å greie ut etterspurnad. Prosjektgruppa har nytta opptaks-kompetanse frå opplæringsavdelinga, tilstandsrapportar frå vidaregåande skule og anna litteratur. Ut frå dei vurderingane blei nokre tema prioritert; hagebruk på Hjeltnes, fagskule lokal gastronomi, Hjeltnes som arena for utsett ungdom, fagskule hagedesign, Hjeltnes som reisemål, kurs og kompetansesener. Desse står det meir om i kapittel 6.

Det er ikkje brukt mykje tid på transportløysingar. Skyss og Ulvik herad har dialog omkring ruter til og frå Ulvik. Ulvik herad ynskjer transportløysingar som gjer det lettare å dagpendle til Hjeltnes.

Prosjektgruppa har vore dialog med 'Velg skog'; eit rekrutteringsprosjekt drive nasjonalt av Fylkesskogselskapa. Basert på denne dialogen og søkjertala til skogutdanning i Hordaland meiner prosjektgruppa at skogutdanning på Hjeltnes ikkje har eit berekraftig elevgrunnlag

per i dag. I tida som kjem bør ein likevel følgje med på utviklinga i næringa og behovet for utdanningstilbod. Det kan då vurderast å starte opp eit tilbod for Vg2 Skog på Hjeltnes. Skog er ei næring med potensiale. Sagbruka og trevareindustrien i fylket sysselset nærare 300 personar og har ei årleg verdiskaping på omkring 600 millionar kroner, medan sjølv avverkninga frå skogen utgjør 60 millionar kroner<sup>1</sup>. Sjølv om skogeigedomane i fylket er blant dei minste i landet, veks det produktive skogarealet i Hordaland meir enn i dei fleste andre fylka. Skogavverkninga har òg hatt ein monaleg vekst dei ti siste åra. Prognosar tilseier at tømmerproduksjon i Hordaland vil ha fortsett vekst fram mot 2040. Mykje ligg til rette for skognæring og utvikling av denne i Ulvik og undervisningstilbod knytt til skog.

Skal utdanningsaktivitetane vere økonomisk berekraftige i seg sjølv må det vere etterspurnad frå elevar og studentar. Prosjektgruppa har greidd ut ulike utdanningsprogram på vidaregåande nivå. Berekraft knytt til utdanningsprogram er vurdert ut frå etterspurnaden frå elevane. Det er fritt skuleval i Hordaland. Innanfor vidaregåande opplæring er det stilt krav til kor mange elevar det skal vere i ein klasse, 12-15 elevar i yrkesfag og 27-30 elevar i påbygg og studiespesialiserande. Som hovudregel vert det sett krav til oppfyllingsgrad på 85 % i høve til budsjettet elevtal. Dersom ei gruppe kjem under minimumskravet skal avgjerd om eventuell nedlegging vurderast opp mot tilbodet i regionen og i fylket samla sett. Denne vurderinga vert gjort administrativt. Desember 2013 gav fylkesutvalet fylkesrådmannen fullmakt til å tilpasse talet på elevplassar i skulane etter søkjartala ved prognoseinntaket. Større endringar som avvikling av utdanningsprogram må leggjast fram som sak på vanleg måte. Prosjektgruppa har ut frå søkjemønster vurdert kva for utdanningsprogram ein kan gå vidare med ut frå elevgrunnlag.

Tabell 2.3 Utdanningsprogram som er greidd ut, men ikkje teke vidare (sjå nærmare utgreiing under tabellen)

Utdanning vidaregåande nivå	Grunnen til at ein ikkje har gått vidare med tema
Allmennfag påbygg	Ikkje elevgrunnlag på Hjeltnes
Design og Handverk Vg1	Søkjartalet går ned nasjonalt og regionalt.
Aktivitør	Ingen søknad til denne linja
Landslinje for anleggsteknikk	Dyr linje, finst frå før på Os vgs
Helse og oppvekstfag Vg1	Skal vere på Nye Voss Gymnas

- Allmennfag påbygg utgangspunktet basert på klassar med 27 elevar
- Design og Handverk Vg1 produserer 70-80% av elevane til frisør. Frisørutdanning blir i aukande grad lagt ned og flytta over til private aktørar. Årstad har redusert talet på klassar i Design og Handverk Vg1. Det er eit tilbod på Voss, og med dårlege søkjartal.
- Aktivitør finst ikkje i fylket i dag. Det har ikkje vore søknad til denne linja fordi det ikkje har vore behov for denne type arbeidskraft.
- Landslinje for anleggsteknikk finst i 8-9 andre fylke i Norge. Det er allereie eit tilbod på Os vgs. Denne utdanninga krev investeringar i mange-million-klassen; difor får ikkje to skular i fylket anleggsteknikk.
- Helse og oppvekstfag Vg1 (HO). I skulebruksplanen er det vedteke at HO skal vera på Voss. Det er 60 HO-plassar på Nye Voss gymnas. Ein skule bør ha minimum 2 klassar for Vg2 kurs for å få helse og oppvekstfag Vg1 .

<sup>1</sup> Sand, R. (2014), Skognæringens verdiskaping i kystfylkene, Rapport 2014:13, Trøndelag forskning og utvikling

## 2.4 Tema som er aktuelle for Hjeltnes på sikt

Dette avsnittet går inn på utdanningsprogram som kan vere aktuelle for Hjeltnes, men som prosjektgruppa ikkje har gått vidare med i prosjektperioden. Nokre av desse utdanningsprogramma treng større avklaringar enn det var tid til i prosjektperioden. Andre aktivitetar er utdanning knytt til næring som slit med rekruttering og som då ikkje gjer grunnlag for eit tilstrekkeleg elevgrunnlag for Hjeltnes.

- Allmennfagleg påbygg for elevar med fagbrev kan opprettast på Hjeltnes. Her vil vi i tillegg anbefala at moglegheita for å etablera allmennfagleg påbygg som eit deltidstudie blir undersøkt nærare. Då kan elevane ta utdanninga ved sida av ordinært arbeid. Utdanninga bør vere nett- og samlingsbasert.
- Vg3 Greenkeeperfaget blir no undersøkt nasjonalt. Dette er eit lærefag etter Vg2 anleggsgartnar og idrettsanleggsgfag. Voss har ei av Hordalands beste golfbaner. Odda, Norheimsund og Husnes har mindre/enklare 6 og 9 høls baner. Voss, Bjørnefjorden, Stord, Sotra og Herdla har «fullverdige» 9 høls baner. Fana og Meland har fulle 18 høls baner. I tillegg er det fleire baner på Haugalandet. Dei minste banene har mellom 1 og 2 banemannskap i sesongen. Dei mellomste har 1 til 2 banemannskap og greenkeepere. Sveio, Fana og Meland har greenkeeper pluss 3 til 4 banearbeidarar i sesongen. Vg3 Greenkeeperfaget kan vere eit interessant utdanningsprogram på Hjeltnes.
- Hardanger er eit naturparadis og tiltrekkjer seg turistar og andre som er interesserte i friluftsliv. Utdanning knytt til reiseliv, breførar, naturguide eller liknande høver seg for Hardanger. Hjeltnes vgs har tidligare forsøkt Vg1 Naturbruk, naturbasert reiseliv, utan å få nok søkjarar, så utdanninga bør kanskje ha ei annan form.
- Lærlingeløp for gartnarar i dei store fruktfylka i Norge. Det er i dag eit prøveprosjekt for 2+2 løp for gartnar på Gjennestad i Vestfold. Før det nasjonale prøveprosjektet 2+2 for gartnarar diskuterte prosjektet DyrkSmart ei liknande ordning med Hjeltnes. DyrkSmart var interessert i lærlingeløp for gartnarar i Hardanger. DyrkSmart og Hjeltnes gjekk ikkje vidare med eit 2+2 løp fordi næringa i Hardanger er for liten åleine som lærlingebedrift. Difor bør det greiast ut om ein enten kan ha mindre klassar eller om det let seg gjere å få til eit samarbeid med andre fylke. Det kan etablerast eit samarbeid om lærlingeløp for gartnarar i alle dei store norske fruktfylka, Hordaland, Sogn og Fjordane, Telemark og Buskerud.

### 3. Nasjonale og regionale planer, strategiar og føringar

Det har vore sentralt for moglegheitstudiet å finne aktivitet som er miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig, men som og korresponderer med nasjonale og regionale planar og strategiar. Dette kapittelet listar opp dokumenta som har vore førande for arbeidet:

- Meld. St. 20 'På rett vei'
- St. meld. Nr. 7 (2008-2009) Et nyskapende og bærekraftig Norge
- Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017
- Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015
- Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle -
- Skulebruksplanen
- Landbruksstrategi for Hordaland 2014-2017
- Matstrategien Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017
- Reiselivstrategi for Hordaland 2009-2015
- Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv
- Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland 2013-2017
- NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg
- Regional næringsstrategi for Hardanger

## 4. Berekraftig regional utvikling

Dette kapitlet syner korleis prosjektgruppa har tenkt at aktivitetane på Hjeltnes skal bidra til berekraftig regional utvikling av Hordalandssamfunnet og korleis dei korresponderer med regionale føringar nemnt i førre kapittel. Omgrepet berekraftig utvikling er oftast knytt til Brundtlandrapporten frå 1987. Omgrepet beskriv ei utvikling der denne generasjonen sine behov blir tilfredstilt utan å gå på bekostning av behova til neste generasjon. I berekraftomgrepet ligg det sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Sosial berekraftig utvikling er ei utvikling som sikrar tryggleik og gode levevilkår for alle. Økonomisk berekraftig utvikling er i denne rapporten forstått som ei utvikling som sikrar tilstrekkeleg livsgrunnlag og inntenings-evne i ein region, ei næring eller ein gitt aktivitet. Miljømessig berekraftig utvikling må skje innanfor tålegrense til naturen og på ein måte som sikrar resursgrunnlaget og økologisk mangfald. Skal ein region vere berekraftig over tid må befolkninga vere innovativ og tenke nytt. «Saman om verdiskaping i ein av Europas innovative regionar» er visjonen til Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. OECD deler inn i fire typar innovasjon; produkt, prosessar, marknadsføring eller organisering. For å sikre ein berekraftig og innovativ region treng ein ulike typar kunnskap og kompetanse. Prosjektgruppa har stilt spørsmålet: 'Kva er dei regionale utfordringane og korleis kan Hjeltnes bidra?' Ut frå dette spørsmålet meiner prosjektgruppa det spesielt er fire område Hjeltnes kan bidra med knytt til berekraftig regional utvikling: Grøn kompetanse, matsatsing, helsefremjande skule og styrking av Indre Hordaland.

### 4.1 Grøn kompetanse som grunnlag for produksjon av mat og biomasse

Kunnskap om skog og plantar må vidareutviklast, både for å styrke fruktnæringa i Hordaland og for å førebu Hordaland på det grønne skiftet.

Tilgang på rett og tilstrekkeleg kompetanse er ei utfordring for landbrukssektoren. Det kan vere ei utfordring å få ungdom til å velje dei utdanningsprogramma som samfunnet etterspør når det gjeld kompetanse. På oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet skreiv Østlandsforskning rapporten «Evaluering av landbruksutdanningen på vidaregående nivå og vurdering av behovet for fagskoler innen landbruk»<sup>2</sup>. Dei skriv at det er dokumentert behov for fleire kompetente fagpersonar i heile landbrukssektoren, innan jordbruk, skogbruk, foredling, rådgiving, forvaltninga, utdanning og forskning. I Stm. 9 har Stortinget satt som mål å auke matproduksjonen i heile landet. For å nå dette målet blir det peikt på behovet for dyktige bønder, god driftsleiing og god agronomisk kompetanse i heile verdikjeda.

Hordaland er eit fruktfylke. Hordaland og Hardanger sine konkurransefortrinn i fruktnæringa er knytt til jordsmonn og klimatiske forhold, men og til dyrkingskultur og kompetanse utvikla gjennom generasjonar i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og forskning. Knappe 40% av epla i landet er produsert i Hordaland, ein noko større del av pæra, plommer og moreller. Det er rom for å satse meir på fruktnæringa i Hardanger. I dag er etterspurnaden etter norsk frukt og bær større enn tilbodet, og det ligg eit stort potensiale i at norsk frukt kan erstatte den aukande importen. Her kan ein sjå til utlandet for gode eksempel. Fruktregionen Syd-Tyrol kan samanliknast med Hardanger og er eit godt eksempel på ein region som har jobba kunnskapsbasert og innovativt på mange plan over tid. I Syd-Tyrol har dei vore innovative på dyrkingsteknikkar, organisering, nettverksbygging og marknadstenking; det vil seie innovative på fleire plan parallelt<sup>3</sup>. No forsyner epleprodusentane i regionen 50 % av den Italienske


<sup>2</sup> Sæther, B., Haugum, M., Lefald, M., Skålholt, A. og Stokke, M. (2014), Evaluering av landbruksutdanningen på vidaregående nivå og vurdering av behovet for fagskoler innen landbruk» ØF-rapport 5/2014, Østlandsforskning

<sup>3</sup> De Meyer, J (2014) Apple-producing family farms in South Tyrol: an agricultural innovation case study, Food and Agriculture Organization of the United Nations

marknaden, 15% av den europeiske og 2% av den globale marknaden. «Regional næringsstrategi for Hardanger» påpeikar ein generell mangel på kunnskap om fruktneringa i skuleverket, hjå innbyggjarar og hjå politikarar. Det er høg snittalder blant bøndene i fruktneringa, og det er tungt å rekruttere dei unge. Ein fellesnemnar i svaret på desse utfordringane er behovet for meir kunnskap og kompetanse. I Hardanger finst ein plattform å bygge vidare på med eit sterkt fagmiljø med Hardanger Fruktrådgeving, Bioforsk, Hjeltnes vgs og fruktlagera. DyrkSmart er eit eksempel på vilje til å satse i Hardanger. DyrkSmart er eit 3-årig prosjekt i regi av Hardanger Fjordfrukt BA, Ullensvang Fruktlager og Nå Fruktlager der ein ynskjer å gje fruktbøndene i Hardanger ein 'Kick-start' i dei nye dyrkingsmetodane. Metodane gjev meir og betre frukt på mindre areal, er miljøvennlige, samstundes som dei er svært godt eigna for Hardanger.

Plantearven på Hjeltnes og gamle fruktsortar er ein ressurs som kan gje grunnlag for ny innovasjon i fruktdyrkinga. Hjeltnes klonarkiv er eit skattkammer (Sjå Vedlegg II støtteerklæring frå Bioforsk).

Det grønne skiftet handlar om å erstatte fossil energi med fornybar energi. Fornybar energi kan mellom anna hentast frå biomasse. Biomasse omfattar skogressursar, industrielt avfall, biomasse til biogass og biomasse frå andre råstoff. Biomasse kan inngå i eit breitt spekter av produkt jmf figur 4.1. Ein haustar i dag av skogplantasjane frå 50-60-talet. Det er spesielt gode veksttilhøve i regionen i Hardanger (Ullensvang, Granvin og Ulvik er særskilt framheva). Det er og høg trelastkompetanse i regionen<sup>4</sup>. Skogeigarane i regionen ynskjer å satse på å drive skogen. Nærleik til marknaden og til leverandørar i skogbruket er særst positivt. Det er berekraftig drift der tilveksten av skog ligg på 2,5 gonger uttaket. Skog er ein fornybar ressurs for bygging av framtida og energi for framtida. Biomasse frå skogen bør vere ein del av det grønne skiftet i Hordaland.



Figur 4.1 Moglegheiter for bruk av biomasse<sup>5</sup>

## 4.2 Matkultur og kulturmat, auka lokal matproduksjon

«I Hardanger har dei alt» Christopher Haatuft Lysverket.

Grøn kompetanse er og grunnsteinen for all produksjon av mat i regionen. Interesse for lokalmat og lokal produksjon er sterkt stigande. Hordaland og Hardanger er i ferd med å setje seg sjølv på kartet som gastronomiregion. Hausten 2014 vedtok fylkestinget matstrategien «Veival for lokalmat i Hordaland 2013-2014». Strategien legg vekt på tre retningar; styrke

<sup>4</sup> Evensen, L. E og Ljones, T. (2015) Regional næringsstrategi for Hardanger, Hardanger Næringsråd

<sup>5</sup> Nybakke, K., Isachsen, O.K. og Sidelnikova, M. (2014) Bioenergi i Norge, Rapport 41, Norges vassdrag og energidirektorat



identiteten til Hordaland som matregion, styrke forbrukarane sin kunnskap om matprodukt og matopplevingane i regionen samt styrke vekst og innovasjon innanfor matfeltet. Hovudmålet til matstrategien er at blå og grønne mataktørar i Hordaland gjennom samarbeid og felles utviklingsprosjekt skal dyrke fram ein tydeleg regional matidentitet, auke kunnskapen om råvarene i regionen og styrke grunnlaget for næringsutvikling i regionen. Den auka interessa for kortreist og lokalprodusert mat kan vere eit signal om at forbrukarane ynskjer berekraftig matproduksjon, og at dei ynskjer å vite kva dei et og kvar maten kjem frå. Satsing på lokal foredling som juice og sider er særleg sterk i Ulvik. Lokal gastronomi kan spele ei viktig rolle inn i arbeidet med lokal mat i Hordaland.

« - Eg har vore på fleire restaurantar som nyttar lokal mat, men dei har ikkje kunnskap om opphav og sesong. Det er ikkje bra. Her er det mykje å hente.»<sup>6</sup>

Reiselivsstrategi for Hordaland 2009-2015 etterlyser ei satsing på koordinering og samarbeid om tiltak som styrker regionen som ein attraktiv matdestinasjon. Gjestene skal bli tilbydd gode matopplevingar basert på lokale råvarer og tradisjonar.

Bergen kommune søkte om UNESCO-status som Creative City of Gastronomy i 2014. Første søknaden blei avslått, men med oppmoding om å sende inn ny søknad. I avslaget blei det mellom anna etterlyst utdanning knytt til gastronomi. Fagskulestudiet Lokal gastronomi kan bidra positivt til søknaden om UNESCO-statusen. UNESCO-status som Creative City of Gastronomy skal brukast til vidare arbeid og er ei vitamininnsprøyting i satsinga på matregionen.

#### 4.3 Helsefremjande skule og reduksjon av ungt utanforskap

*'Både opplæringslova og barnehagelova pålegg at skulen og barnehagen skal fremje helsa til barn og unge. Alle elevar har rett til eit fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, og som gir elevane eit godt grunnlag for meistring og utvikling.'*<sup>7</sup>

I følgje 'Regional Plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle' (folkehelseplanen) er det mange barn og unge som har vanskar med å meistre skulekvardagen. Opplæringslova pålegg at skulen skal fremje helsa til barn og unge. Barn og unge har rett til eit fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring og som gir elevane eit godt grunnlag for meistring og utvikling. Folkehelseplanen har som mål å auke arbeidsdeltakinga og betre overgangen mellom utdanningsnivåa og mellom vidaregåande opplæring. Det er derfor viktig å rette merksemda mot desse overgangane og bidra til at dei blir lettare. Folkehelseplanen seier at det skal arbeidast for å auke læringsutbyttet og få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring på normert tid (maks fem år). Med tanke på det høge talet 'skulesluttarar'<sup>8</sup> i Hordaland og ynskje om å ha ein sosialt berekraftig og helsefremjande skule er det behov for å vidareutvikle og auke tilbodet til ungdom som fell utanfor. Talet på skulesluttarar i Hordaland i skuleåret 2013/14 er 818 elevar. Hordaland fylkeskommune har som mål å redusere fråfallet ved dei vidaregåande skulane med 5%.

I NIFU sin rapport «Å redusere bortvalg – bare skolenes ansvar?»<sup>9</sup> og i «Prosjektplan- Produksjonsskulen i Hordaland»<sup>10</sup> går det fram at årsakene til fråfall/bortval i vidaregåande opplæring er nyanserte og samansette. Skuletrøytteleik, feilval og psykiske problem er av dei år-

<sup>6</sup> Tvedt, M. M. og Hansen, L. K. A. (2014) Fagskuletilbod innan agrogastromi på Hjeltnes: Undersøking av moglegheita for eit fagskuletilbod innan matfaget ved Hjeltnes VGS, AUD-rapport nr 08-14, Hordaland fylkeskommune.

<sup>7</sup> Regional plan for folkehelse 2014-2025, Hordaland fylkeskommune, side 19

<sup>8</sup> Skulesluttarar er dei som avbryt i løpet av skuleåret.

<sup>9</sup> Markusen, E. og Seland, I. (2012) Å redusere bortvalg - bare skolenes ansvar? NIFU rapport 6/2012

<sup>10</sup> Prosjektplan – Produksjonsskulen i Hordaland (2013), Hordaland fylkeskommune

sakene som elevar oftast gjev som grunn for bortval. Blant elevar som fell ut av skulen finn vi mange som ikkje har tru på eigen evne til å lære, som har strevd med skulen frå dei var heilt unge, og som ikkje har opplevd den meistringa som er naudsynt for å halde ut vanskelege periodar i opplæringsløpet. NIFU har følgd satsinga mot fråfall frå rundt år 2000. Det viser seg at sjansen for fråfall er størst hos elevar som har dårlege resultat frå ungdomsskulen, høgt fråver eller som kjem inn på andre eller tredje ynskjet i vidaregåande opplæring<sup>11</sup>. Overgangen frå barnehage til skule og overgangar mellom ulike nivå i opplæringsløpet er kritiske og har stor verknad for gjennomføring av utdanninga. Det er derfor viktig å rette merksemda mot desse overgangane og bidra til at dei blir lettare. At mange unge ikkje fullfører vidaregåande opplæring er ei stor utfordring i fylket mellom anna fordi det er ein klar samanheng mellom mangel på gjennomført vidaregåande utdanning og problem med å komme inn på arbeidsmarknaden. Det bør derfor vurderast om desse elevane skal få tilbod om produksjonskule før dei fortset til vidaregåande skule.

Senter for økonomisk forskning gjennomførte i 2009 ei undersøking av kostnader knytt til fråfall og forseinkingar i vidaregåande skule på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Rapporten syner ein sterk indikasjon på at det er betydeleg potensiale for samfunnsøkonomisk gevinst ved å redusere fråfallet og forseinkingar i vidaregåande opplæring<sup>12</sup>. Auka gjennomføring på vidaregåande skule bidreg positivt til økonomien og livskvaliteten til kvar enkelt ungdom. Om ein reduserer fråfall og forseinkingar med ein tredjedel vil dei samfunnsøkonomiske innsparingane vere på om lag seks milliardar for kvar kohort<sup>13</sup>.

#### 4.4 Styrke Indre Hordaland

Aktivitetane foreslått av prosjektgruppa på Hjeltnes heng saman med satsingane i Hardanger generelt og opnar for mange spennande synergjar. Store samferdselprosjekt i Hardangerregionen i form av Hardangerbrua og Vossapakka har gitt moglegheit for endringar i bu og arbeidsmarknaden i regionen. Grunnlaget for vidare vekst er lagt, optimismen er stor, og det er brei satsing innan kultur, reiseliv, fruktdyrking og industri i regionen. Hardanger ligg ikkje i olje-, energi- og proteinbeltet langs kysten. Hardanger sitt naturlege konkurransefortrinn har vore godt klima for fruktdyrking, vatn og fossefall som gjorde det mogleg å etablere smelteverk og annan kraftkrevjande industri inne i fjordane, og ikkje minst vakker natur som trekte turistar frå fjernt og nært<sup>14</sup>. Fruktblomstring, turistar, Hardangerbunad, nasjonalromantikk – og fabrikkpiper, ferrosilisium og sink er to sider av same sak i Hardanger. I nærings-NM for 2014 har Hardanger betra si plassering frå ei snittplassering på 59. plass dei siste ti åra til plass 32 i 2015.

Kommunane si rolle med å marknadsføre og profilere Hardanger er viktig for regionen å ta tak i. Prosjektet 'Flytt til Hardanger' er no avslutta, og kommunane kan no sjølv jobbe mot å både vere ein attraktiv bu-, arbeids- og reiselivskommune. Ulvik herad er den einaste godkjente Cittaslow-kommunen i Hordaland og den fjerde i landet. Gjennomgåande bodskap i Cittaslow er «det gode liv». Cittaslow-kommunar skal bevare kulturelt mangfald og særpreg gjennom bevaring og bevisstgjerung kring lokale verdiar. Hovudmålet er å auke livskvaliteten og skape identitet til staden. I løpet av 2015 vil heradet leggje frem forslag til ny utviklingsplan frå og med 2016. Den skal samanfatte og erstatte tidlegare enkeltstående planar for utvikling og næring, landbruk, skogbruk og kultur. Ei slik brei satsing vil gje ei felles forståing for kva for område Ulvik vil verne om og utvikle vidare.

<sup>11</sup> Tilstandsrapport 2012/13 vidaregåande opplæring

<sup>12</sup> Falch, T., Johannesen, A. B. og Strøm, B. (2009), Kostnader av fråfall i vidaregåande opplæring, Senter for økonomisk forskning AS

<sup>13</sup> Falch, T., Johannesen, A. B. og Strøm, B. (2009), Kostnader av fråfall i vidaregåande opplæring, Senter for økonomisk forskning AS

<sup>14</sup> Næringsbarometeret for Hordaland 2014 'Ingen sure miner i Hardanger' <http://www.naringsbarometeret.no/article/ingen-sure-miner-i-hardanger>

Nå når kommunereforma skal gjennomførast er det viktig å ha gode distriktstiltak både knytt til næring og kultur. Eit styrka Indre Hardanger kan påverke arbeidet med større einingar.

## 5 Hjeltnes før og no

Hjeltnes er ein del av den historiske plattformen til Hardanger og Hordaland, ein bauta i Hardanger som vidarefører kulturarv og grøn kompetanse frå generasjon til generasjon. Hjeltnes er både ein gard og ein skule. Styrken til Hjeltnes ligg i historia, kulturarven, gründerverksemnda og den grønne kompetansen. Dette kapittelet skal gje eit kort innblikk i Hjeltnes si historie, korleis skulen har utvikla seg fram til i dag og skulen i dag .



Figur 5.1 Hjeltnes før og no

Den første som starta frukttreproduksjon på Hjeltnes var Kristofer Sjurson. I 1765 starta han opp frukttreproduksjon som er driven på Hjeltnes samanhengande heilt fram til i dag. Kristofer Sjurson var ein gründer i si samtid. Jordbruk og hagebruk vart hovudinteressa hans. Han fanga raskt opp kunnskapen om "den nyttige Vext Potatos" som hoffprest Philip Lüder skreiv om i 1757, og vert rekna som ein av dei aller første potetdyrkarane i Norge (kanskje den første). Kristofer Sjurson dreiv forbetring av kvaliteten på foret til husdyra, og starta opp tamreindrift i fjellet og ikkje minst utprøving og produksjon innan frukt og hagebruk. Han etablerte kornkammer i heile regionen, dreiv barneheim og dyrka medisiplantar for eige bruk. Sjurson var ein av dei mest innflytelsesrike personane regionen har fostra.



Figur 5.2 Elevkull frå 1920

Omtrent 150 år seinare starta Kristoffer Frimann Hjeltnes arbeidet med å etablere ein frukt- dyrkingsskule på Hjeltnes. Det låg i tidsanda å formalisere ulike fagutdanningar gjennom etablering av skular for utdanning av fagfolk det var bruk for. Innan hagebruket var det fleire skular rundt om i landet. I 1900 løyvde stortinget 3650 kroner for å komme i gang med skulen på Hjeltnes. Kristoffer F. Hjeltnes hadde då arbeid i 10 år med planane. I 1901 kom dei fyrste elevane, åtte gutar og ei jente<sup>15</sup>.

### 5.1 Skulen i nyare tid

I 1988 vart det etablert ei 3-årig anleggsgartnarutdanning, som i 1994 vart gjort om til 2+2 løp. Dette kom i stand etter ynskje og samarbeid med anleggsgartnarnæringa som trong fagfolk. Hjeltnes hadde tradisjonar og kompetanse på faget som tidlegare hadde vore ein del av gartnarfaget. Parken på skulen vart teken i bruk som stort klasserom der elevane kunne laga nyanlegg og læra om plantar og plantebruk. Kunnskap om jord, jordarbeiding, ugras og plantevern kunne overførast til grøntanlegg, og eksisterande maskinpark kunne nyttast. I 1995 kom så blomsterdekoratørutdanninga. Denne næringa var nær knytt mot ei aktiv veksthusnæring i Hordaland. No og tok skulen i bruk kunnskap om plantaSr og planteproduksjon inn i binderifaget.

Etter fleire samarbeidsprosjekt med Det norske hageselskap starta skulen opp Grønt kompetansesenter i 1994 – ei kurs- og oppdragsverksemd. Avdelinga har vore skulen si utadretta verksemd og teke initiativet til etablering av Plantearven for eple, vaksenopplæring gartnar på deltid, oppretting av fagskulestudie arborist i tillegg til korte kurs og oppdrag.

### 5.2 Skulen i dag

Aktivitet på skulen i dag er Vg1 naturbruk, Vg2 anleggsgartnar- og idrettsfag, Vg2 blomsterdekoratør, fagskule arborist og gartnarutdanning deltid (2 år). Det er 33 tilsette fordelt på 26 årsverk.

<sup>15</sup> Børsheim, A. og Ystaas, J. (2001), Hjeltnes gartnarskule 100 år 1901-2001

Tabell 5.1 Elevtal ved Hjeltnes vgs. per skuleår

Fag/Skuleår	09/10	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15
Naturbruk, Vg1	5	7	12	6	10	0
Naturbruk, naturbasert reiseliv, Vg1*	3					
Anleggsgartnerfag og idrettanleggsgfag, Vg2	10	11	12	12	24	21
Blomsterdekoratør, Vg2	10	12	9	11	7	9
Landbruk og gartner næring, Vg2	2	4				
Lærling**				1		
Sum	30	34	33	30	41	30
Vaksenopplæring	11	11	12	12	16	32
Fagskule***		12		14		16
Elevar og studentar totalt	41	57	45	56	57	78

\*Naturbruk, naturbasert reiseliv, Vg1 vart starta opp men fekk ikkje nok søkjarar.

\*\*Hjeltnes vidaregåande er godkjent lærebedrift i anleggsgartnerfaget. Skulen tek i mot lærlingar etter behov.

\*\*\*Arborist

For skuleåret 2014/15 vart Vg1 naturbruk lagt ned på grunn av for få søkjarar. Det er opna for søknad skuleåret 15/16. I seinare tid har det vore nedgang i søknadar til Vg1 Design og handverk som er opptaksgrunnlaget til Vg2 Blomsterdekoratør. Talet på elevar på Blomsterdekoratør er i snitt rundt 10, trass nedgang og nedlegging av klassar elles i landet. Elevgrunnlaget for Hjeltnes er heile Hordaland, men og Sogn og Fjordane då dei ikkje har tilbod om utdanning innan blomsterdekoratør.


«Hurra! I to år skal eg studera gartnerfaget på deltid, under vaksenopplæringa i Hordaland. Det er samling på skulen tre dagar i månaden, resten er sjølvstudium og praksis.» skriv teikneserieskapar og blivande fruktbonde Jorunn Hanto-Haugso i bloggen sin Eple og eventyr.

Dei som tek over bruk i Hordaland i dag er i gjennomsnitt 42 år gamle<sup>16</sup>. Mange har ei utdanning frå før som ikkje er knytt til landbruket. Skulen oppretta i 2009 tilbod for vaksne på deltid innan Vg2 og Vg3 Gartnar. Utdanninga er eit resultat av samarbeid og samfinansiering mellom Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga Hordaland fylkeskommune. Søknaden til gartnar deltid for vaksne er større enn skulen kan ta imot, og tilbodet vart utvida hausten 2014. Storparten av søkjarane har tilknytning til næringa.

Anleggsgartnar har hatt gode elevtal med i snitt 12 elevar som dei 2 siste åra er dobla til 24 og 21. Hjeltnes er den skulen i landet med høgast tal anleggsgartnarar dei 2 siste åra, sjå figur 5.3. Det aukande elevtalet skuldast vekst i næringa generelt og god marknadsføring av tilbodet. Ein ser og at ein aukande del av elevane kjem frå distrikta utanfor Bergen. Elevgrunnlaget for Hjeltnes er heile Hordaland og Sogn og Fjordane. I år ligg det an til at 80 % av elevane går ut i lære.


<sup>16</sup> Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017, Hordaland fylkeskommune

Figur 5.3 Elevtal for anleggsgartnarelevar på vidaregåande skular i Norge



### 5.2.1 Hjeltnes fagskule

Hjeltnes fagskule vart oppretta i 2010 og er sidan 1. januar 2014 ein studiestad under Bergen tekniske fagskole. Arboristutdanninga er eit årsstudieum som Bergen Tekniske Fagskole Hjeltnes tilbyr på deltid over 2 skuleår. Utdanninga gjev grunnlag for å arbeide med tre på alle nivå i alle typar anlegg.



Figur 5.4 Glad arborist på Hjeltnes

Utdanninga vart oppretta etter initiativ frå næringa. Norsk trepleieforum avdeling Vest tok kontakt med Hordaland Fylkeskommune med ynskje om å få utdanninga inn i det offentlege

utdanningssystemet. Alle naturbrukskulane vart invitert med i utviklingsarbeidet, og Hjeltnes vart staden for oppretting av tilbodet. Hjeltnes starta opp hausten 2010 og har no det tredje studentkullet (opptak annakvart år). Det er fleire søkjarar enn plassar. Erfaringane med denne deltidsutdanninga på fagskulenivå er svært vellukka. Studentane nyttar tida på samlingane godt til fagleg samarbeid og utvikling, også på kveldane. At dei bur på internat når dei er på skule har ein svært positiv effekt for det faglege samarbeidet og at dei får fullt fagleg fokus når dei er på samling. Skulen har gode rammer ved å vere i eit grønt miljø både fagleg og fysisk. Det meste av praksisopplæringa kan gjennomførast med utgangspunkt i Hjeltnes. For praktiske oppgåver som ikkje kan gjennomførast på Hjeltnes blir det halde samlingar andre stader i landet. Av 10 samlingsveker gjennom skuleåret blir om lag 3 samlingar halde andre stader. I tillegg til opplæring på skule skal studentane ha praksis i bedrift.

### 5.2.2 Produksjonsbedriftene på Hjeltnes

Hjeltnes driv ein allsidig planteproduksjon og fleire produksjonar går til sal. Skogplantar, frukt, prydplantar, bær, planteskulevarer og frukttre. Fruktthagen er på 35 da med eple, pære og plommer, 13 daa av dette vert drive økologisk. Mesteparten av frukta vert levert til Hardanger Fjordfrukt. Av bær har skulen i dag 2-3 da med bringebær, jordbær og hageblåbær. Her går det meste til kantina på skulen og noko til sjølvplukk. Hovudproduksjonen i planteskulen er no 4-5000 fruktrepisker pr. år til fruktdyrkarar i nærområdet. Ein lagar og eit allsidig utval av prydbusker både vintergrøne og lauvfellande. Hagesenteret med eigenproduserte varer og noko importerte varer er ope frå omlag 1. mai til 1. september.

Skogplanteskuleavdelinga ved Hjeltnes vgs vart realisert i august 2003. Skogselskapet i Bergen og Hordaland (SBH) la ned Ulvik Skogplanteskule, og Hjeltnes overtok drifta og personalet. Hovudproduksjonen er gran og noko fjelledelgran til einskildkundar samt på kontrakt for Norsk Juletreservice. Produksjonen har auka frå 170 000 planter i 2004 til 503 000 planter i 2014. Omsetninga har tilsvarande auka frå 0,5 mill kr til omlag 1,5 mill kr. 90 % av plantene vert levert gjennom Vestskog mens 10% vert seld direkte til kommunar og privatpersonar. Skulen har inngått intensjonsavtale med Vestskog for å sikre stabile leveransar for framtida. Skogplantinga frå 1960 talet er no moden for å takast ut. Skal ein sikre ei berekraftig skognæring må det plantast nyt, og då må det produserast skogplanter.

Skulen har fram til november 2013 produsert potteplantar og sommarblomar i 2 da oppvarma veksthus for leveranse til Primaflor i Bergen. Veksthuset er no rive, og denne produksjonen vert ikkje teke oppatt. Det nye veksthuset skal brukast til planteskule og hagesenter og diverse produksjon retta mot lokal gastronomi, kantina og eige oppal av plantar til frilandsproduksjon.

### 5.2.3 Skulen sin pedagogiske plattform og andre styrkar

Elevane ved Hjeltnes vidaregåande skule skal oppleve at den enkelte blir sett og møtt med forståing og forventing. Dei skal få høve til å utvikle seg og bli møtt som vaksne enkeltindivid, men med forventing om at alle elevane kan lære meir. Elevane skal lære samhandling, ta omsyn til kvarandre og visa respekt for andre sin eigedom, for å kunne vere med å utvikle eit godt sosialt miljø og eit positivt læringsmiljø.

Hjeltnes vidaregåande skule har tradisjon for å kombinere opplæring i bedrift og teoretisk opplæring for å gje ei brei og yrkesrelevant utdanning. Elevundersøkinga er gjennomført av skulen i desember 2014 i dei ordinære klassane og resultatane er svært positive. Spesielt gode resultat innan arbeidsmiljø, klasseleiing, vurdering, rettleiing og rådgjeving. Innan område



motivasjon og meistring er elevane litt meir forsiktige når det gjeld eigen innsats og meistring, men dei er svært positive til utdanninga. Dei seier at den er viktig og at dei kjem til å få bruk for den seinare i livet. Hjeltnes har lite fråfall. Hjeltnes er ein liten skule med internat og vaksne rundt elevane døgnet rundt. Dette gjev trygge rammer for mange elevar som elles ikkje ville fullført vidaregåande skule.

Hjeltnes har lang erfaring med å hjelpe elevar som treng litt ekstra støtte. Hjeltnes har vore knytt til «Ny Giv» og tilbydd truck-kompetansegivande kurs for rettselevar som har slutta i vidaregåande opplæring. Kursa har vart 9 skuledagar. Ungdommane hadde gjennom arbeid eller praksis behov for truck-sertifikat eller kunne kvalifisere seg for arbeidspraksis gjennom sertifisering<sup>17</sup>. Ungdommane har budd på internatet og fått servert måltida i kantina på skulen. Ungdommane blei tilbydd aktivitetar frå miljøarbeidarar på ettermiddagen, men stort sett ynskte dei å tilbringe tida med elevane på skulen. Ungdommane på desse kursa har opplevd å lukkast, kanskje for første gang i sin skulegang. Alle har reist heim med truckførarbevis i lomma. Dei har både auka sin attraktivitet i arbeidsmarknaden og fått eit handfast bevis på eiga meistring.

### **Helsetilbodet til elevar på Hjeltnes**

I dag er helsesøster fast på skulen 2 timar pr veke. Alle elevar vert kalla inn for ein prat først på skuleåret. Ulvik herad har og psykiatrisk sjukepleiar som skulen nyttar seg av. Legedekninga i Ulvik er god, så elevar kjem til på dagen. I høve til BUP og skulepsykolog nytta skulen seg av tilbodet på Voss.

### **Internattilbodet på Hjeltnes**

Skulen har 2 internat med til saman 45 enkeltrom. Internatbygget i tunet er frå 70-talet, men oppussa for få år sidan og i god stand. Det andre internatet litt utanfor sjølve tunet er frå 1990 talet og er i rimeleg god stand. Begge internata har fellestove og kjøkken. 4 – 10 rom deler bad og toalett. Det vert servert 4 måltid pr dag i 5 vekedagar. I helgene har elevane høve til å laga mat sjølve på internatet. Elevane får tilbod om hus og kost som ei pakke. Internat og kantine vert drive etter sjølvkost med eit tilskot til nattevakt.

---

<sup>17</sup> Øyre, G. (2014) Rapport NY GIV- Truck kompetansegivande kurs på Hjeltnes vgs 2013- 2014

## 6 Utgreidde tema programfag og aktivitetar

Denne delen av rapporten går inn på dei enkelte tema som prosjektgruppa meiner skal sikre berekraftig aktivitet på Hjeltnes i tida som kjem. Korleis desse tiltaka verkar saman, synergjar og grenseflater går rapporten nærare inn på i neste del. Denne delen beskriv dei enkelte aktivitetane: Vidaregåande skule, fagskule, produksjonsskule, kurs og kompetansesenter og Ulvik som reisemål.

### 6.1 Hagebruk på Hjeltnes i framtida

Hagebruk og garden Hjeltnes ligg til grunn for alle aktivitetane. Bygging av nytt veksthus i Holmen og flytting av planteskule/ hagesenter til det nye veksthuset skjer hausten 2015. Dette vil gje ei meir samla planteproduksjonseining med moderne utstyr og nytt miljøvennleg oppvarmingssystem. Det blir gode undervisningsrammer for elevar og studentar, og vil vere attraktivt og lærerikt å vitje for ein handel eller oppleving.

Frukthagen på Hjeltnes skal moderniserast gjennom nyplanting og ved at ein nyttar dei beste områda på garden til frukt. Planteplanen for ny frukthage legg vekt på å få meir einsarta fruktfelt, bruka dei beste teigane til dei mest krevjande sortane, rydda dei dårlegaste teigane og dei som ligg lengst borte frå tunet, flytta Plantearven-feltet med gamle eplesortar nærare tunet, prøva ut pæresorten Celina og auka opp andelen økologisk dyrka felt. Dette vil gje ein meir rasjonell produksjon, større avlingar, meir økologisk frukt og ein hage som vert meir synleg og tilrettelagt for undervisning og publikum. Sortsvalet må retta seg etter kva som er omsetteleg i marknaden. Utprøving av nye sortar eller artar må vera i form av demonstrasjonsplantingar. Bærhagen må utvidast med fleire artar for å kunna visa mangfaldet av det som let seg dyrka i Hardanger.

Grønsakdyrking har lange tradisjonar på Hjeltnes. Skulen har gode åkerareal i Holmen der ein kan få til eit vekstskifte med potet og fleirårig eng. I Holmen er det og kjølelager for grøn-saker og potet og rom for tørking av løk. Denne produksjonen skal drivast økologisk. Omfanget må leggest opp etter bruk i kantina, sal i skulebutikken og bruk til fagskulestudiet «Lokal gastronomi». I tillegg til produksjonsfelta vil det i nærleiken av hagesenteret verta laga ein kjøkkenhage som visningshage.

### 6.2 Vidaregåande skule

Tilbodet innanfor vidaregåande opplæring er ønskt å vere den same som den er i dag; Vg1 Naturbruk, Vg2 Anleggsgartnar- og idrettsfag og Vg2 Blomsterdekoratør.

I tillegg er det ynskjeleg at det blir oppretta landslinje for Vg2 og Vg3 Gartnar ved Hjeltnes vidaregåande skule. Hjeltnes sin styrke er gartnarfagleg kompetanse, lang erfaring, produksjon og miljø. At skulen har internat er og ein styrke for elevar som kjem langvegs frå. Denne utdanninga representerer ei lita næring i Noreg, men samstundes ei viktig næring. I sin rapport er Østlandsforskning uroa over for at det er få som tileignar seg plantekompetanse.

Gartnarutdanning fulltid på vidaregåande nivå finst i dag berre på Gjennestad vgs og Natur vgs som begge er private skular på Østlandet. Natur vidaregåande skule er hovudsakleg retta mot vaksne elevar. I 2014 starta fagskulestudiet 'Driftsledelse gartner og grønt' på Veia og Gjennestad. Hjeltnes vgs og Veia-Statens fagskule for gartnere og blomsterdekoratørar (Hedmark) er dei einaste skulane i landet som har tilbod om gartnarutdanning på deltid over 2 år for vaksne. Denne utviklinga skuldast at mange elevar på naturbruksskular dei seinare åra har valt å ta generell studiekompetanse etter Vg2 Landbruk og gartnarnæring, i staden for Vg3 Gartnar eller Vg3 Landbruk. I tillegg har behovet for fagutdanna gartnarar minka,

sidan næringa har vorte meir spesialisert og einingane større. Likevel meiner Norsk Gartnarforbund at det er behov for ein skule til som tilbyr gartnarutdanning på fulltid, men at ein då må kunne få elevar frå alle fylke. Norsk Gartnarforbund får spørsmål frå unge i heile landet som ynskjer å ta gartnarutdanning, men at dei ikkje finn ledige plassar. Elevtalet for Gjennestad videregående skule og Natur videregående skule er i skuleåret 2014-2015: 20 elevar på Vg2 Landbruk og gartnarnæring og 20 elevar på Vg3 Gartnar, fordelt på dei 2 skulane. Dette er ifølgje skulane elevar som er frå og bur i regionen rundt.

Gjennestad videregående skule er dette skuleåret i gang med ei prøveordning for gartnarutdanninga med eit 2+2 løp. Elevane tek då Vg1 Naturbruk, Vg2 Landbruk og gartnarnæring, + 2 år i lære for så å gå opp til ein fagprøve. Vert denne ordninga permanent vil eit fagbrev vere ein styrke for heile utdanninga. Ei landslinje på Hjeltnes vgs opnar for at elevar kan ta Vg1 Naturbruk på ein skule i heimfylket sitt, og Vg2 Landbruk og gartnarnæring på Hjeltnes vgs eller Gjennestad vidaregåande skule, før dei går ut i 2-årig lære.

### 6.3 Fagskule

Fagskuleutdanning er praktisk og yrkesretta høgare utdanning (tertiær utdanning) som byggjer på fullført vidaregåande opplæring / fagbrev. Fagskule fungerer både som ein eigen utdanningsveg og som eit etterutdanningstilbod. Fagskule har ein styrke i at utdanningane drivast og utviklast i nært samarbeid med lokalt arbeidsliv.

Det vert satsa sterkt på fagskular frå politisk hald. På eit møte i NHO 4. februar døypte Torbjørn Røe Isaksen 2015 til *Fagskolenes år!* Og både NHO og LO meiner at tal fagskuletilbod minst bør doblast innan 2030, då fagskuletilbod kan bidra positivt til å løyse fleire viktige utfordringar vi står overfor i både arbeidslivet og utdanningsløpa. NOU 2014:14 'Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg' er til høyring og kan føre til endringar i fagskulesystemet.

#### 6.3.1 Lokal gastronomi



Figur 6.1 Framtidig studentar i lokal gastronomi i

Ideen til Lokal gastronomistudie kom frå Slow Food Hardanger som eit svar på etterspurnad frå reiselivsnæringa. Den 10.03.14 kunne ein lese at `Reiselivet treng fleire kokkar med kunnskap om norsk mat` på NHO Reiseliv si heimeside. Det var viktig for prosjektgruppa å forstå kompetansebehova til næringa og om det var studentar til studie.

Analyseavdelinga hos Hordaland fylkeskommune undersøkte ideen om kortreist mat, lokale produkt, opphav og formidling, og konkluderte med at det ikkje berre er framsette påstandar utan hald i verkelegheita<sup>18</sup>. Fleire av restaurantane jobbar etter desse prinsippa og sel matopplevingar basert på gode lokale råvarer og kunnskap om opphav og gode smakar. Bransjen er difor opptatt av ny kunnskap og treng gode fagfolk med ein heilskapleg kunnskap som strekkjer seg lengre enn basislæra frå kokkeskulen. Undersøkinga syner at det manglar ei forståing av kor maten kjem frå, korleis han vert laga og vidareforedla fram til ferdig råvare. Desse oppfatningane blir delt av medlemmane frå fleire av Noregs største bransjeorganisasjonar innan mat og råvareforedling. I tillegg syner undersøkinga at mange ynskjer å kome i ein posisjon der dei sjølve kan produsere eigne varer, mellom anna kjøt, øl, frukt, og fisk<sup>19</sup>. Fleire bedrifter har vore invitert til å kome med innspel til studieplanen.

Mange forbrukarar søker mat som har vore innoom få ledd. Dei søker trygg mat, rein mat og mat som har ei historie. Lokal gastronomistudie blir det første av sitt slag i Norge og er på mange måtar nybrottsarbeid. Det finst per i dag kurs for dei som ynskjer å bli produsentar, men dette nye utdanningstilbodet skal gje dei ei fullstendig forståing av verdikjeda.

Hordaland fylkeskommune si undersøking nådde flest respondentar som var over 50 år og difor lite aktuelle som studentar<sup>20</sup>. Undersøkinga vart difor utvida med lærlingar innan matfag og elevar på Vg 2 Matfag og Vg 2 Kokk og servitør i skuleåra 2012/13 og 2013/14<sup>21</sup> (AUD-notat nr 1-2015). Over halvparten av respondentane svarta at det er sannsynleg at dei kjem til å søke om studiet blir realisert.

Prosjektgruppa søkte fagskulestyret om å sette i gang arbeid med å greia ut eit fagskuletilbod innafor Lokal gastronomi og lage ein studieplan og ein søknad til NOKUT (nasjonal organ for kvalitet i utdanning). Ei temagruppe (Tabell 6.1) vart nedsett og det er gjennomført studieturar, arbeidsmøte, møte med næringa og kontakt med aktuelle bedrifter.

Tabell 6. 1 Temagruppe lokal gastronomi

Temagruppe:
Heidi Bjønnes Larsen - HFK
Andrid Solaas Innset - Hjeltnes
Håkon Gjerde - Hjeltnes
Reidar Bøen - Bergen teknisk fagskule
Pål Drønen – Slow Food
Hanne Frostad – Næringslivet
David Gyllander – Master in Food Culture and Communications fra UNiSG i Polenzo

<sup>18</sup> Tvedt, M. M. og Hansen, L. K. A. (2014) Fagskuletilbod innan agrogastromi på Hjeltnes: Undersøking av moglegheita for eit fagskuletilbod innan matfaget ved Hjeltnes VGS, AUD-rapport nr 08-14, Hordaland fylkeskommune

<sup>19</sup> Tvedt, M. M. og Hansen, L. K. A. (2014) Fagskuletilbod innan agrogastromi på Hjeltnes: Undersøking av moglegheita for eit fagskuletilbod innan matfaget ved Hjeltnes VGS, AUD-rapport nr 08-14, Hordaland fylkeskommune

<sup>20</sup> Tvedt, M. M. og Hansen, L. K. A. (2014) Fagskuletilbod innan agrogastromi på Hjeltnes: Undersøking av moglegheita for eit fagskuletilbod innan matfaget ved Hjeltnes VGS, AUD-rapport nr 08-14, Hordaland fylkeskommune

<sup>21</sup> Hansen, L. K. A. (2015), Lærlingundersøking om eit fagskuletilbod innan agrogastromi på Hjeltnes, AUD-notat nr. 1-15, Hordland fylkeskommune



Temagruppa fekk Leonardomidlar til ein studietur til Bra i Italia. Det framtidige studietilbodet er basert på Slow Food sine prinsipp. I Bra ligg University of Gastronomic Sciences. Det er den einaste plassen i verda der det finst ei formell Slow Food utdanning. Det er og gjennomført ein studietur til Østersund, under arrangementet Særimner og besøkt Eldrimner (nasjonalt senter for mathandverk i Sverige). Utdanninga har støtte i Norden. I tillegg har Slow Food International, University of Gastronomic Sciences, Hjeltnes vidaregåande skule og Hordaland fylkeskommune signert 'Letter of Agreement' kor dei seier at dei alle ynskjer å samarbeide knytt til det nye fagskuletilbodet. Målet er å tilby ei 2-årig fagskuleutdanning med 30 studentar. Fagskuletilbod i Lokal gastronomi bryt ny veg, ikkje berre for Hjeltnes og Hardanger, men og for Norge og Norden.

Figur 6.2 Letter of agreement

Studie i lokal gastronomi skal gje studentane praktisk erfaring og teoretiske kunnskapar om alle ledd i verdikjeda, frå produksjon av råvarer fram til det ferdige måltid. Studiet består av 10 emner (sjå tabell 5.2) teori og praktisk deltakande arbeid, der studentane får innsikt i kje-mi, biologi, økonomi, leing, distribusjon, marknadsføring, mattryggleik, produksjon og bearbeiding av råvarer fram til ferdig produkt. I tillegg vil studentane få djup innsikt i matkultur, smakslære og kommunikasjon kring mat. Studentane vil kunne formidle ei god matoppleving basert på deira kunnskap om matkvalitet og mathistorie.

Lokal gastronomi skal gje studentane opplæring i matproduksjon og matkultur, med utgangspunkt i det som finst i Hardanger og på Vestlandet. Kompetansen dei opparbeider seg kan overførast til andre stader dei skal arbeide, både i Norge, Norden og eventuelt i andre land. Studiet skal knyta teorien til praktiske demonstrasjonar, praktisk arbeid i skule, praktisk arbeid i bedrift og faglege utferder. Det vert hovudsakleg nytta aktuelle bedrifter i Hardanger, Hordaland og Vestlandet, men det vert og lagt inn ein lengre studietur i Norge og ein i Norden.

Studiet er presentert for NHO reiseliv og dei har skrive ei støtteerklæring signert av Kristin Krohn Devold (Vedlegg I). Hjeltnes kan bli ein motor for arbeidet knytt til mat i Indre Hordaland. Studie kan gje spin-off i form av ulike kurs, alle emna har potensiale til å bli eigne kurs. Studiet kan og leggje grunnlag for nordisk samarbeid med Eldrimer og internasjonalt med Slow Food og Universitet i Polenzo. Universitet i Polenzo har studieturar som ein viktig del av sitt studium. Dei ynskjer å sende sine studentar til Ulvik.

Tabell 6.2. Oversikt over emna i fagskulestudiet Lokal gastronomi

Emne i fagskulestudiet Lokal gastronomi
Emne1: Matproduksjon og kvalitet
Emne 2: Yrkesretta realfag
Emne 3: Mat og kommunikasjon
Emne 4: LØM-emnet
Emne 5: Produksjon og foredling av plantar til mat
Emne 6: Produksjon og foredling av kjøtt, egg og mjølk
Emne 7: Produksjon og foredling av fisk og sjømat
Emne 8: Produksjon av drikkevarer
Emne 9: Spesialisering i eiga bedrift – frå teori til praksis
Emne 10: Hovudprosjekt

Studiet skal utdanna fagpersonar som kan etablere, leie og driva ei berekraftig næringsmiddelverksemd, eller arbeide innan leiande stillingar innan serveringsstader, produksjonsverksemdar, reiselivsbedrifter og daglegvarebransjen. Andre aktuelle arbeidsfelt kan vere innan matfagleg rådgjevingsteneste, varedistribusjon, matjournalistikk og som lærarar i matfag.

Hjeltnes har lærarar med grøn kompetanse samt kompetanse innan yrkesretta realfag. Bergen tekniske har kompetanse innan LØM (ledelse, økonomi og marknadsføring) og for den blå delen av matfaget er det samarbeid med BTF Fusa. Innanfor matfagleg kompetanse er det gjort intensjonsavtalar med erfarne kokkar Hanne Frosta (tidligere Hanne på Høyden) og Christopher Haatuft (Lysverket). Slow Food bidrar med Pål Drønen, samt David Gyllander Master in Food Culture and Communications fra UNiSG i Polenzo. I tillegg til lærarar på utdanninga vil det verte nytta gjesteforelesarar med spesialkompetanse innan ulike felt. Matattache i Hordaland Gunnar Nagel-Dahl vil bidra som sensor og undervisar. Studiet har breitt inntaksgrunnlag (sjå tabell 6.3)

Tabell 6.3 Inntaksgrunnlag for Lokal gastronomi

Inntakskrav
Fagbrev frå alle utdanningar knytt til mat
Gartnar, agronom og akvakultur (naturbruk)
Realkompetansevurdering (5 år relevant praksis)

Det er starta planlegging av klasserom og undervisningskjøkken i Gulebygget på Hjeltnes, hjartet i tunet. Hovudetasjen i Gulebygget skal verte eit fleksibelt lokale med klasserom og kjøkken med modular på hjul og veggjar som kan flyttast på. I andre etasje vert det 2-3 klasserom, grupperom for studentane og eit lite felles opphaldsrom/tekjøkken. Kjøkkenet er skissert av arkitekt Lars Berge i samarbeid med Hanne Frosta.



Figur 6.3 Gulebygget på Hjeltnes

Hjeltnes har i alle år produsert mat; frukt, bær og grønsaker. Klima er godt eigna for matproduksjon og Hjeltnes har i heile si historie vore eit kompetansesenter for gartnarnæringa. Skulen har eigne produksjonar i tillegg til å vere ein skule. Det er ein styrke at eit utdannings-tilbod i lokal gastronomi som vil følgje maten frå frø til bord er lokalisert nær råvarene og produsentane. På den måten kan skulekvardagen innehalde både teori og praksis. Med eit slikt studie kan Hjeltnes auke fokuset på matproduksjon, og det kan leggjast inn nye produksjonar, men i tillegg skal skulen nytta dei bedriftene som finst i Hardanger og Hordaland. Studentane skal ut på bedriftsbesøk, og produsentar skal koma til skulen for demonstrasjonar. Skulen ynskjer å knytte til seg lokale produsentar i Ulvik, Hardanger og Hordaland som har andre produksjonar enn det som skulen sjølv har. Nokre produsentar er det allereie eit samarbeid med, og andre vert det jobba vidare med. Holmen er arena for produksjon av grønsaker, både på åkrane rundt og i det nye veksthuset som skal byggjast i 2015. Det er stort kjølelager for lagringsgrønsaker i Holmen, og det vert eit nytt mindre kjølelager knytt til det nye undervisningskjøkkenet. Det er og planlagt ein kjøkkenhage i Holmen som skal ha eit breitt utval av grønsaker og urter.

### 6.3.2 Hagedesign

Hjeltnes ynskjer å utarbeida eit fagskulestudium innafor Hagedesign. Interesse for hage i Noreg er stor og Hjeltnes har i fleire år sett trongen for ei utdanning innan hagedesign. Skulen har svært mange førespurnader om ei slik utdanning, både frå gartnarar, anleggsgartnarar og folk som jobbar innan plantehandel. Det finst i dag utdanning innan landskapsarkitekt og gartnar/anleggsgartnar, medan hagedesign kjem litt mellom desse. Veia - Statens fagskule for gartnarar og blomsterdekoratørar- har eit studie kalla Park- og hagedrift, som inneheld hageplanlegging i tillegg til mykje drift og vedlikehald av grøntanlegg. Hjeltnes kan ha eit meir spesialisert tilbod i hagedesign.

Hagedesign er kunnskap om utforming av uterom i tilknytning til private bustader. Dei skal ha svært god kjennskap til plantar for hage og kva som kan dyrkast, aktuelle materialar som vert nytta i hagen til byggverk, uteplassar, vegar/plassar, murer og trapper og kjennskap til grunnarbeid som skal til for å gjennomføre prosjektet. Dei skal kunne gjennomføre gode planleggingsprosessar og framstille gode planar for kundar. Det vil vere ei nyttig vidareut-

danning for anleggsgartnarar og gartnarar, og er arbeid dei kan gjera i rolege periodar om vinteren.


Hjeltnes vgs har vore i dialog med næringa og dette vert stort sett positivt motteke. Næringa kjem i større grad med når arbeidet med studieplanen held fram. Aktuelle samarbeidspartar er hagesenterkjedene, Norsk Anleggsgartnere Miljø og Landskapsentreprenører, Norsk Landskapsarkitekters Foreining og Det Norske Hageselskap.

#### **6.4 Hjeltnes som produksjonsskule**

Fråfall er eit stort problem i den vidaregåande skulen. Regionalt, nasjonalt og i europeisk samanheng blir det satsa på tiltak som skal hindre at ungdom fell utanfor. Skulen skal vere helsefremjande på ein måte som tek vare på alle elevane. I Hordaland er det etablert produksjonsskule (sjå boks 6.1) etter dansk modell. Hyssingen produksjonsskule opna i sine nye lokaler i Møllendalsvegen 63 i slutten av 2014. Det er eit tilbod til ungdom som har falle av vidaregåande skule og der produksjonsskulen skal hjelpe dei inn igjen i skule eller arbeidsliv. I dag er det vanskeleg å få jobb utan fagbrev, utdanning og arbeidserfaring. Dei som ikkje er skrudd saman slik at dei trivst med tolv eller tretten års skulegang kan lett hamne i fråfallsstatistikken. Produksjonsskulen tilbyr ungdommen danning gjennom arbeid. I alt frå 3 månader til eitt år kan ungdommar finne ut kva dei vil og eignar seg til utan å bruke av utdanningsretten sin.

Produksjonsskule på Hjeltnes vil tilby internat slik at det blir gitt tilbod på produksjonsskule og til dei som ikkje er innafor pendlaravstand til Bergen og til andre som av ulike årsaker kan ha behov for eit tilbod med internat (sjå figur 6.4). Målgruppa for produksjonsskule på Hjeltnes er mellom anna dei som ikkje har moglegheit til å dagpendle til Hyssingen på grunn av avstand. Kartet på neste side (figur 6.4) syner rekrutteringsgrunnlag for Hyssingen (rødt) og rekrutteringsgrunnlag for Hjeltnes (grøn). 4-mils grensa er valt fordi Statens lånekasse opererer med 4 mil som grense for dagpendling.





Figur 6.4 Rekrutteringsgrunnlag for Hyssingen og Hjeltnes

Hjeltnes komplementarar tilbodet på Hyssingen på fleire plan. Mange ungdomar er interessert i maskiner. På Hjeltnes vil dei kunna prøva ut bruk av maskiner og «mekking». Gardsmiljøet gir mange moglegheiter for aktivitetar der stell av dyr og plantar, skjøtsel av skog og kulturlandskap og vedlikehald av maskiner og bygningsmasse utgjer aktivitetsgrunnlaget. Nærleik til natur, dyr og plantar med rom for sanseopplevingar, samt å oppleve årstidsvariasjonar og rytmar. Gardsmiljøet er brukt som ein pedagogisk og dannande ressurs. Evalueringar av slike prosjekt har vist at både lærarar og gardbrukarar meinte at elevane hadde fått eit godt læringsutbytte av tiltaka både fagleg og sosialt. Gardslivet bidrar med struktur, rutiner og rammer i kvardagen. Arbeidsoppgåvene *kallar* på den kvalifiserte utøvaren, og tilfredsstillande utførsle av oppgåvene gir umiddelbare svar.

## Boks 6.1 Prosjektplan- Produksjonsskule i Hordaland

Frå Prosjektplan – Produksjonsskule i Hordaland, Hordaland fylkeskommune (2013):

*Hordaland fylkeskommune ved opplæringsavdelinga tek sikte på å utvikle tre programområde frå hausten 2014. Kva type arbeidsoppgåver som ein skal drive på kvar verkstad, vil vere avhengig av ei rekkje forhold, som m.a. marknad (kva kan ein få selt), geografisk plassering, type verkstad (ledige lokale), økonomi i prosjektet og investeringskostnader i samband med kjøp av maskiner og utstyr.*

*Ein føresetnad for å ha rett til inntak til produksjonsskulen er at ungdomen har rett til vidaregåande opplæring etter Opplæringslova § 3-1, 1. ledd. Innsøkjande instans skal vere OT, eventuelt i samråd med rådgjevar i grunnskulen.*

*Produksjonsskule skal ikkje vere ein ordinær skule, og ein kan ha varierende kompetansemål innanfor same ramme. Ein kan sjå for seg to alternative tilbod.*

*Alternativ 1: Opplæring i grunnleggjande ferdigheiter, status som kursdeltakar der ungdomen ikkje brukar av opplæringsretten. Alternativ 2: Opplæring knytt til definerte kompetansemål. Ungdomen kan ta opplæringa som delkurselev eller på annan måte på veg mot kompetansebevis. Heile eller delar av opplæringa blir gitt ved produksjonsskulen.*

### 6.4.1 Arbeidet med produksjonsskulen på Hjeltnes

Ei temagruppe (sjå tabell 6.5) har jobba fram forslag til produksjonsskule på Hjeltnes og kva for verkstader det skal vere. Gjennom heile prosessen har det vore tett dialog med Baste Bruarøy daglegleiar for Hyssingen produksjonsskule.

Tabell 6.5 temagruppe for produksjonsskule

#### Temagruppe

Annbjørg Laupsa – Regionleiar Opplæringsavdelinga

Nina Ludvigsen - Leiar OT/PPT

Gunnbjørg Øyre – Rektor Hjeltnes vgs

Kåre Olai Solheim - Tillitsvalt Hjeltnes

Heidi Bjønnes Larsen - Prosjektleiar

I prosessen med å finne verkstader er det teke fleire omsyn. Det er viktig å ha eit tilbod som er spennande både for jenter og gutar. «Tilstandsrapport 2012-2013» og «Tilstandsrapport 2013/14» syner at gjennomføringsgraden på Restaurant- og matfag, TIP, Design- og handverk og Bygg- og anleggsteknikk skil seg ut negativt. Verkstadene skal gje rom for danning gjennom arbeid innanfor desse faga. Temagruppa har sett på økonomien i dei ulike verkstadane og kva dei kan produsere. Temagruppa har sett på moglegheitene for å få ungdommane vidare enten ut i praksis eller inn i skulesystemet igjen. I tillegg har temagruppa brukt styrkane og kompetanse som Hjeltnes har. Tabell 6.5 syner kva kompetanse produksjonsskulen på Hjeltnes skal gje.

Tabell 6.6 Kompetanse frå produksjonsskule på Hjeltnes

<b>Kva kompetanse skal produksjonsskulen på Hjeltnes gje:</b>
Konkret fagleg kompetanse innan fleire fag ( anleggsgartnarfag, driftsoperatør idrettsanlegg, skogbrukar, gartnar, bygg og anlegg, maskinfag, sal og service, restaurant og matfag, reiselivsfag, design og handverksfag, blomsterdekoratør)
Sertifiseringar innan maskin
Auka kompetansen innan fellesfag
Gode meistringsopplevingar som vil styrkja sjølvkjensla og eigenverdien til ungdommen.
Styrkja deira sosiale kompetanse i eit arbeidsfellesskap og i fritida på internatet
Styrkja helse gjennom godt kosthald, fysisk aktivitet, tidsstruktur i kvardagen og gode vennskap
<b>Kva mål har Hjeltnes for kvar enkelt ungdom:</b>
Setja dei i stand til å gå inn i ordinær utdanning eller jobb
<b>Korleis nå målsetjinga:</b>
Meistringskjensle gjennom arbeid
Motivasjon gjennom arbeid og fellesskap
Hjelp til å setta realistiske framtidsplanar for seg sjølv
Hjelp til å ta val
Hjelp til å skaffa praksisplassar / lærlingeplassar
Tett oppfølging inntil ½ år i overgang produksjonsskule / skule eller arbeid

### 6.3.2 Planlagde produksjonsverkstader på Hjeltnes

Med produksjonsskule på Hjeltnes vert heile gardsbruket organisert under denne. Ein tek utgangspunkt i noverande produksjon, men byggjer ut i fleire retningar. Produksjonen vert først og fremst tilpassa produksjonsskule, men fagskulestudiet Lokal gastronomi og Gartnar deltid vert viktige «kundar» inn mot produksjonen. Det er planlagt fire ulike verkstader (pluss studieverkstad) som ikkje berre skal arbeida med resten av skulen, men og bygda og regionen.

#### 1. Mat og grønt.

Verkstaden vert lokalisert med base i det nye veksthusanlegget i Holmen. Her er det garderobe, matrom, klasserom og arbeidsrom. Plasseringa av hagesenteret vil bli meir synleg og gje grunnlag for auka besøk og sal. Det nye veksthuset er delt i 4 avdelingar med høve til å ha ulikt klima i dei ulike avdelingane. Dette gjev fleksibilitet i høve til produksjon og kulturar. Det vil og vera aktuelt å produsera matvekster i huset vinterstid for å utvida sesongen. I veksthuset sin butikkdel vil ein tilby varer som er produsert på Hjeltnes og innkjøpte varer frå nærområdet i tillegg til vanlege hagesentervarer. Målet er å lage ein butikk som er inspirerende å komme til der ein kan få varer ein ikkje finn andre stader, både innan mat og plante-skulevarer. I hagesenteret vil ungdommen møta kundar og kan få prøva seg innan sal og service. Frukt og bærhagen vil gjennom året gje ulike arbeidsoppgåver som hausting, beskjæring, planting og tynning. Vidareforedling og sal av eigne produkt frå produksjonsskulen vil vera ei viktig oppgåve haust og vinter. Denne verkstaden vil ta i bruk løa for å kunna gje ungdommen erfaring med dyrestell og produksjon av t.d. egg og honning.

Det vil og på sikt vera naturleg å ta inn verkstad som har hovudvekt på matfaget. Denne kan samarbeida med fagskulestudiet «Lokal gastronomi» om bruk av øvingskjøkkenet. Sidan skulen driv internat og kantine vil dette vera aktuelle arenaer å bruka til produksjonsskulen.

Hjeltnes vgs er med i eit forskingsprosjekt om Aqua Ponics leia av Norsk institutt for vannforskning (NIVA). I butikken vil ein installere eit visningsanlegg for Aqua Ponics som i korte trekk er eit lukka system der akvarium med fisk er kopla saman med dyrkingskar for plantar. Einaste tilførte næring er fôr til fisken, plantene lever av næringsstoffa i vatnet frå fiskeproduksjonen som sirkulerer i heile systemet. Eit pilotanlegg er allereie på plass i samarbeid med ein lokal fagperson.

Pilotprosjekt med trøffel dyrking i Norge er på trappene i samarbeid med Nordic Truffel A/S, Deutche Truffelbaume og Bioforsk. Det kan gje 3 aktuelle produksjonar som trøffelplantasje med hassel, produksjon av hassel med trøffelsmitte og trøffelproduksjon i veksthus. Prosjektet krev finansiering frå eksterne partnarar.

## **2.Skog og landskap**

Verkstaden vert lokalisert i snikkarverkstaden i anleggshallen i Holmen. Her må det lagast til garderobe og toalett. Produksjonen til denne verkstaden vil vera ute i skog, kulturlandskap, fjell og fjord og i eigen skogplanteskule. Ein vil samarbeida tett opp mot skogeigarar og kommunane i regionen. Etterspurnaden etter skogplantar er aukande p.g.a. stor hogst og store areal som skal tilplantast. Skulen har vorte kontakta av større kundar i nabofylket med ynskje om langsiktige leveringsavtalar på granplantar. Skognæringa på Vestlandet har stor interesse av at produksjonen ved skogplanteskulen vert oppretthalden og utvida. Skulen er no den einaste som produserer skogplantar på Vestlandet. Produksjonen vil i tillegg vera oppgåver innan skogsskjøtsel, kulturlandskapspleie, fiskeforvaltning og vedproduksjon. Vinterstid er det og aktuelt med produksjon innan byggfag, t.d. reiskapsbod, bosstativ mm.

## **3.Maskin og anlegg**

Verkstaden vert lokalisert i maskinverkstaden i Holmen. Her er det garderobe, lite klasserom og verkstadar. Produksjonen vert drift og vedlikehald av grøntanlegg, t.d. bade- og idrettsbane, parken på Hjeltnes, private hagar eller offentleg anlegg i regionen. Ein vil kunna gje sertifisert opplæring på masseforflyttingsmaskiner og truck, øving på traktor og handtering av reiskap. Vinterstid kan ein produsera hageelement som t.d. helleplassar. Samarbeidspartar vert lokale entreprenørar, kommunar og private personar.

## **4.Designverkstad**

Verkstaden vert lokalisert i Raudebygget med base i vinterhagen. Produksjonen her kan vera handverk av ulikt slag som keramikk, saum, lysstøyping, glassblåsing, foto, produksjon av interiør knytt til hage, redesign av klede, dekorering til arrangement m.m; avhengig av kva fag / røynsle verkstadleiar har. Produkta kan seljast på messer, i skulebutikk eller lokalt utsalsstad for handtverkarar i bygda. Det vil vera naturleg å søkja samarbeid med lokale kunstnarar og brukshandverkarar i Ulvik.

## **5.Studieverkstad**

Studieverkstaden skal vera eit tilbod for alle i produksjonsskulen, både i grupper og som enkeltelevar. Undervisninga skal bygga på NyGiv-metodikk og organisering, og tilbydast i fellesfag norsk, engelsk, samfunnsfag, naturfag og matematikk. Emna kan vera alt frå grunnleggjande lese- og skriveopplæring, grunnleggjande rekneferdigheiter til førebuing til privatisksamnen i fag. Undervisninga må vera retta mot den enkelte ungdom sitt behov og kan og vera personleg økonomi, enkelt bedriftsøkonomi/rekneskap.

	<b>Skog og landskap</b>	<b>Mat og grønt</b>	<b>Maskin og anlegg</b>	<b>Designverkstad</b>
<i>Tal elevar</i>	12	12	12	12
<i>Produksjon</i>	Skogskjøtsel Kulturlandskapspleie Tilsyn av hytter Fiskeforvaltning Produksjon av ved og treprodukt	Planter av alle slag Frukt, bær, grønsaker, urter, potet, sopp Pyntegrønt Foredla planteprodukt Drift av hagesenteret Dyreproduksjon: utleige av løa til vertar	Sertifisert opplæring truck, masseforflyttingsmaskiner, varme arbeid, motorsag, traktor. Drift av idrettsbanen. Drift av parken Hjeltnes. Steinelement til hagar Nyanlegg og drift private hagar	Handverk, design, interiør, Keramikk, glassblåsing, maleri, Bunadssaum, Lysstøping Blomsterdekorering Sal av eigne varer i hagesenter
<i>Verkstadlokale Ressursar i området</i>	Skogplanteskulen Snikkarbua i anleggshallen Skulen sin skog og støl ( Slondal) Private skogeigarar Turiststiar og kulturlandskap reg.	Veksthus, hagesenter og lager i Holmen, Frilandsareal i Holmen og Hjeltnes, Løa og beite ( dyr), stabbur Private gardar	Anleggshallen, Maskinverkst., Parkbua, uteområdet Holmen og Hjeltnes Private el offentlege hagar/ anlegg i regionen	Vinterhagen el andre klasserom i raudebygget Evt. klasserom i Holmen
<i>Base/ oppmøtestad / garderobe</i>	Snekkarverkstad og loftet i anleggshallen Holmen	Nye veksthuset i Holmen	Maskinverkstaden – klasserom og garderobe	Vinterhagen
<i>Utstyr</i>	Vedmaskin, Vinsj, Verneutstyr, ATV, båt til fjordfiske Skogplanteskulen, tilrettelegging veksthus planteskule	Nytt veksthus/hagesenter/planteskule Holmen er finansiert Oppgradering løa til husdyrrom Fornyng 15 da frukthage	Skaphengar med utstyr 200 000 9- seter transpotar 500 000	Symaskiner Sveiseapparat Kompressor og spikerpistol
<i>Bemannig</i>	Verkstadleiar Assistent (50 + 50) Fagarbeidar skogplanteskulen (0,8)	Verkstadleiar Assistent 2 Fagarbeidar	Verkstadleiar - anleggsgartar Assistent - maskinførar 1 Fagarbeidar- mekanikar 0,5 1 anleggsgartnar 0,5	Verkstadleiar Assistent
<i>Samarbeidspartar</i>	Vestskog - intensjonsavtale Kommune Bønder Fjellstyre - intensjonsavtale	Fjordfrukt Hageland	Ulike herad Lokale entreprenørar Bønder	Lokalt utsalsstad i Coopbygget Lokale kunstnarar i bygda: Lokalt næringsliv
<i>Utfordringar</i>	Motivera ungdommen til å vera ute å jobba i all slags ver	Vinterarbeid – samarbeid verkstad skog og landskap		
<i>Fagkompetanse ungdommen</i>	Naturbruk, bygg og anlegg, akvakultur, m.m. reiseliv	Naturbruk, sal og service, matfag	Anleggsgartar, maskinførar, mekanikar, driftsoperatør, byggfag	Design og handverk, sal og service, utvikle kreative evner

## 6.5 Kurs og kompetansesenter

"Eg skal til Ulvik for å dra på kurs på Hjeltnes"

Det er mange kursmoglegheiter mot næringslivet og privatmarknaden. Kompetansesenteret har i dag fagsamlingar for dei næringane skulen arbeider mot, t.d. dei årlege Hjeltnesdagane for veksthusbransjen og Anleggsgartnardagane for anleggsgartnarbedrifter og gartnarar i kommunar. Hjeltnes har og kurssamarbeid med Kompetansenavet Vest v/ Sogn jord og ha-gebrukskule og kurstilbod mot fruktnæringa i samarbeid med DyrkSmart-prosjektet. Her er det store moglegheiter for utvida aktivitet innan alle dei fagområda skulen allereie har kompetanse på, t.d. kurs / fagdagar for blomsterdekoratørnæringa, korte kurs i treklating (arborist), kurs i dyrking av frukt og bær og hagedesign. Nye samarbeidsaktørar kan verte den nye Næringshagen Hardanger som har satsing på frukt og bær og den eksisterande Næringshagen på Voss. Det er moglegheiter for kurs retta mot privatmarknaden / hobbykurs innan dyrking av grønsaker, frukt og bær, blomsterdekorering og hage. Det er ein aukande trend, der fleire og fleire er interessert i å dyrka sin eigen mat, dette gjev grunnlag for kursing av hobbydyrkarar. Gründerkurs for jordbruket og entreprenørskapskurs kan og vere aktuelt å tilby.

I Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017 er det fokus på rekruttering. I landbruket i dag er det mange som ikkje tek over garden sin før dei er godt vaksne og dei har ofte ei utdanning frå før. Det er difor viktig at ein tilbyr kurs og utdanningsløysingar som er tilpassa behovet som næringa har og som tek omsyn til den livssituasjonen som den nye bonden er i. Hjeltnes har i dei siste åra hatt tilbod om samlingsbaserte kurs for å gje gartnaropplæring til vaksne. Dette er kompetansegevendende kurs på vgs nivå.

Den nye fagskuleutdanninga innan lokal gastronomi på Hjeltnes vil danne grunnlag for fagsamlingar og korte kurs retta mot mat og matproduksjon. Hjeltnes skal vere den naturlege staden for kompetanseheving innan matproduksjon, matkultur, gartnar- og anleggsgartnar-næringa og blomsterdekoratør.

## 6.6 Holmen og Hjeltnes som reisemål

«Eg skal til Ulvik for å vitja Hjeltnes» -

Lengst inn i Ulvikpollen ligg Holmen -området. I sommarhalvåret er det eit populært friluftsområde. Ulvikpollen er og fuglereservat og ei av dei få marine våtmarkene i fylket. Frå observasjonshytta kan ein studera eit rikt fugleliv. Holmen har eit vel utbygd kommunalt idrettsanlegg og badeanlegg med tilrettelagt badestrand, toalettanlegg og utegrillområde. På Holmen er det etablert hagebruksområde og der ligg det vakre villabygget Isdalshuset med fleire små tunbygg.

Området inneheld eit flott variert areal som kan vidareutviklast til parkområde, visningshagar for grønsaker og blomar, og strandpromenade. Hagesenteret i Holmen vil vere ein aktuell stad for å kunne lage utstillingar, det skal kunne lagast visningshagar i nær tilknytning til hagesenteret, og det skal vere ein teikneplass for hagedesign *hagedesignarens hjørne*. Grønsakhagen skal vere lærerik og interessant, samtidig som den inngår i ein større ekte produksjon. Dette vil gje eit stort utval ferske økologiske grønsaker og urter som skal brukast internt mot mat-faga på Hjeltnes, seljast inn til resturanter og kafear lokalt og direkte sal til lokale og tilreisande. Det kan og etablerast parsellhagar for lokalbefolkninga eller til resten av regionen. Dette vil binde saman Holmen med sentrum og Hjeltnes. Parkområdet i Holmen forsterkar næringsssatsingar i bygda og regionen.

Tenker ein stort så skal Hjeltnes/ Ulvik være sjølvforsynt med sesongens grønsaker. Holmen vil bli ei estetisk park oppleving lik Baroniet i Rosendal eller "Flo og Fjære" i Rogaland ([www.floogfjare.no](http://www.floogfjare.no)). Villaen Isdalshuset i Holmen kan takast i bruk til kafe, gjestekunstnarbustad og museum/ galleri. Her kan det serverast lokalt produsert mat og drikke. Området i Holmen er ei naturleg geografisk forlenging av "Frukt- og siderruta" over Syse/Lekve. Denne besøksruta er eit samarbeid mellom tre ulike gardar som tilbyr tre forskjellige produkt og opplevingar i Ulvik. Ei forlenging av sjølve turen ned til Holmen utvidar gå-turen og presentasjonen av alt Ulvik har å by på.

Noregs første vandrerske Catharine Hermine Kølle budde i Ulvik frå 1807 til 1826. Ho er kjent for sine forteljingar om fotturar i Norge og Europa og for sine akvareller. Nasjonalmuseet i Bergen og Ulvik herad har mange av skriftene og akvarellane hennar. Ulvik herad har overteke ei utstilling om Catharine Hermine Kølle som Hardanger Folkemuseum på Utne har laga. Denne treng ein stad å visast.

Holmen vil kunne bli mål for grupper, cruiseturistar, utanlandske enkeltreisande, familiar med barn frå ut og innland. Alle som er ute etter rekreasjon, sunne friluftsupplevingar, sunn lokal produsert mat, vakre hagar og kulturopplevingar vil få det på Hjeltnes. Reiselivstrendene både nasjonalt og globalt syner at fleire ferierer i eige land. Ulvik er allereie eit ettertrakta reisemål, men her kan vi utnytte kompetansen og særpreget til Hjeltnes og Holmen ved å vidareutvikle tilbodet. Fleire attraksjonar i Hardanger kan halde dei tilreisande i regionen lengre.

Holmen spelar ei viktig rolle knytt til dei ulike aktivitetane som er lansert i rapporten. Det at ungdommen/ elevar/ studentar/ tilsette er delaktig i profileringa og drifta aukar eigarskapet til og stoltheita av skulen. Den delen av Holmen som er knytt direkte til undervisninga er ein viktig visningsarena, med ny planteproduksjonsavdeling og hagesenter, lokal gastronomifokus og produksjonsskuleverkstader.



Figur 6.4 Publikum på veg over den framtidige brua til kveldskonsert på Snauholmen (illustrasjon Lars Berge)

Snauholmen er den lille holmen i Ulvikapollen. Snauholmen har eit unyttig potensiale for å vidareutvikla attraktive aktivitetar som ei integrert heilskapsoppleving. Snauholmen må bli snau og ryddast for granskog. Geiter kan vere ei løysing for å halde den snau. Snauholmen har hatt geiter tidligare, som både ryddar (Jf. Jernbaneverket si erfaring) og samstundes er spennande for barnefamiljar. Med litt tilrettelegging kan den vere ein aktivitetspark for alle aldrar og vere ein møteplass for sjølivet i Ulvik. Tilrettelegginga inkluderer oppgradert strand tilrettelagt for bading, grillplasser og båtkai.

Ei bru ut til Snauholmen vil auke tilkomsten og særpreget. Det kan byggast enten sesongbru eller fast bru. Her er kan ein etablera samarbeid med Arkitekthøgskulen i Bergen eller andre. Det finst eit naturleg dalsøkk på Snauholmen som ein kan utnytte til scene og amfi. Snauholmen har då potensiale til å bli ein spektakulær konsertarena. Permanent utescene kan verta sentrum for «*Holmenfestivalen*», «*Hjeltnesfest*» eller «*Ulvikalarm*». Ulvik har ein etablert årleg populær festival; "Sommarfestivalen" med eit lokalt særpreg og innhald. Festivalar er ei viktig næring i regionen.

Det vil krevja eit breitt aktørnettverk for å lukkast i ein slik allmenning som Hjeltnes og Holmen kan bli. Ressursgruppa knytt til eit prosjekt for å utvikle Holmen vil vere ein innovativ arena for nyskaping og lokalmobilisering.



Tabell 6.7

### Moglege samarbeidsaktørar for utvikling av Holmen

Lokalmat produsentane i Ulvik som tilbyr besøk, omvisningar og anna gardsrelatert reiselivstilbod.

Hotell og overnattingsstader som Brakanes, Strand hotell, Hardanger Gjestehus , campingplassen, Kvemmadokkje, Hardanger Basecamp, tilbydar av hytter og hus, m.fl.

Lokale kunstnarar og kunsthandverkarar

Ulvik næringslag og dei private næringsdrivande

Olav H. Hauge Senteret

Ulvik herad: Kommunen som reisemålsutviklar er ei viktig brikke i utviklinga av området Holmen. Området skal vera offentleg tilgjengeleg og ha ei sterk deltaking i prosjektet.

Fylkesmannen og landbruksavdelinga

HFK, Regionalavdelinga sitt regionale utviklingsansvar og næringskompetanse vil kunne styrke strategi, innovasjon og vere positivt utviklande for dei omkringliggjande kommunar til regionsentra Voss og Norheimsund.

Innovasjon Norge

Hardangerrådet som interkommunale selskap vil kunne gi støtte økonomisk og vere en marknadsførar for Hardanger og Hjeltnes som destinasjon.

Reisemålsattraktiviteten til Hjeltnes med området Holmen og Snauholmen er eit viktig argument for å satsa på Hjeltnes. Reiselivssatsinga for Ulvik og regionen som kan knytast til Hjeltnes må byggje på både dei materielle og kompetansemessige ressursane. Hjeltnes kan bli eit attraktiv og innovativt besøksmål i seg sjølv.

## 7 Konklusjonar frå moglegheitsstudiet

Denne delen skisserar tre alternativ for vidare drift på Hjeltnes. Dei tre alternativa er ulike kombinasjonar av tema som blei presentert i del 6. Dei ulike alternativa inneber og ulikt nivå av synergjar mellom aktivitetane på Hjeltnes og mellom Hjeltnes og regionen. Kvar av alternativa kan på ulike måtar bidra til regional utvikling. Aktivitetane på Hjeltnes bidreg til sosial berekraft ved at dei sikrar tryggleik og gode levevilkår i regionen og styrkar den helsefremjande skulen slik at ingen fell utanfor. Dei er økonomisk berekraftige ved at dei held seg innafor dei økonomiske rammer som er sett for skuledrift på Hjeltnes i dag, samt at dei aukar økonomisk aktivitet i Ulvik. Dei bidreg til miljømessig berekraft ved å ta vare på kunnskap og kompetanse om planteproduksjon som er grunnlag for alt landbruk både til produksjon av mat og biomasse.

Hjeltnes skal vere eit senter som er berekraftig på alle moglege måtar. Det skal gje eit tilbod som er etterspurt nok til at rekruttering ikkje blir eit problem. Det skal vere eit knytepunkt for matkunnskap og matglede. Campus Hjeltnes og Holmen skal vere ei oppleving å kome til for ungdom, studentar, lokale og tilreisande. Det skal vere ein stad som tek vare på heile menneske. Det skal vere ein stad kor den grønne kompetanse veks til glede for noverande og komande generasjonar. Hjeltnes skal fortsette med å søke samarbeid med forskingsinstitusjonar og vere innovative i sin produksjon. Hjeltnes skal fortsette å vere berar av Hardanger sin kulturarv. Hjeltnes skal trekke til seg alle som treng kunnskap fordi dei skal jobbe som bonde, gartner, anleggsgartner, lokalmatprodusent eller matformidlar. Kokkar som ynskjer å dyrke urtene og grønnsakene sjølv og tilby gjestene ureist mat skal få den kunnskapen dei treng på Hjeltnes. Privatpersoner som vil ha eit kurs for å dyrka sin eigen grønne hobby skal få eit attraktivt helgetilbod på Hjeltnes. Hjeltnes skal fortsette å forsyne skognæringa med skogplantar. Hjeltnes skal fortsette å ta vare på Planteavven og innovasjonspotensialet som ligg i den. Hjeltnes skal vere ein trygg og god base som gjev ungdom danning gjennom arbeid slik at dei får eit tilbod som passar for dei og slik at alle får vere med vidare. Den auka aktiviteten på Hjeltnes skal bidra til å styrke Indre Hordaland.

Alle alternativa vil og ha ulike behov for kompetanse og tilsette.

### 7.1 Campus Hjeltnes 2020 Alternativ A

Det første alternativet har prosjektgruppa kalla Campus Hjeltnes 2020 Alternativ A. Prosjektgruppa foreslår at aktiviteten blir konsentrert rundt Hjeltnestunet og i Holmen slik at det blir to fysiske kjerneområde (figur 7.1, 7.2, 7.3 og 7.4).



Figur 7.1 Kjerneområde for aktivitet på Hjeltnes (illustrasjon Lars Berge)

På Campus Hjeltnes skal det vere produksjonsskule, vidaregåande skule, vaksenopplæring, fagskule og kurs- og kompetansesenter. Ulike aktivitetar vil skape eit tun med mykje liv. Dei gode kvalitetane til Heltnes slik som frukthage, urtehage og Plantearven med gamle eplesortar skal flyttast nærmare tunet.



Figur 7.2 Campus Hjeltnes (illustrasjon Lars Berge)

**Tabell 7.1** Campus Hjeltnes alternativ A, inneber å inkludere alle innsatsområda som er lista opp ovanfor.

Campus Hjeltnes 2020			
Vidaregåande skule vaksenopplæring	Produksjonsskule	Fagskule	Kurs- og kompetanse senter
Holmen – produksjonsområde + fritids- og visningsområde			

I alternativ A blir den grønne kompetansen på Hjeltnes nytta til fleire typar aktivitet, vidaregåande skule, fagskule, produksjonsskule og til vaksenopplæring. Det sikrar vidareføring av skulen sin kompetanse og kunnskap. At ein held på kompetansen innan vidaregåande skule er viktig for om ein i framtida kan få til ei landslinje for gartnarar på Hjeltnes.



Figur 7.3 Bygningane på framtidige Campus Hjeltnes (illustrasjon Lars Berge)


Alternativ A gjev god utnytting av personale og bygningsmasse noko som gjev lågare kostnader per elev/ungdom. Ved etablering av produksjonsskule går gardsbruket inn i denne og vert nytta opp mot dei ulike verkstadane. Bemanning på verkstadane og på gardsbruket vert då sett under eitt og vil føra til ein økonomisk gevinst i høve til dagens drift. Som eit eksempel kan produksjonsskulen bruke same kjøkken som fagskule Lokal gastronomi. Om kjøkkenet er eit godkjent produksjonskjøkken kan det og leigast ut til lokale matprodusentar. Eit anna eksempel er maskinparken. I dag blir maskinparken reparert og vedlikehalde av personalet og elevar på Hjeltnes. Med produksjonsskulen i tillegg kan maskiner og utstyr bli brukt meir. Kostnaden pr brukar vert mindre og i tillegg får fleire elevar moglegheiter til å skru og mekke, noko skulen har erfart at ungdommen set pris på.

Produksjonsskulen på Hjeltnes vil kunne trekke vekslar på dei andre med tilgang på kompetanse og areal. Hjeltnes vil ha eit oversiktleg miljø, men stort nok til at det er spennande. For ungdommane vil internatet bety trygge rammer heile døgnet. Det er helsesøster på Hjeltnes

ein gong i veka og psykiatrisk sjukepleier i Ulvik herad som skulen kan nytta. Nærmiljøet er og oversiktleg med stort potensiale for å etablere produksjonar etter initiativ frå ungdommane eller verkstadane. Den generelle drifta på skulen gjev rom for lærerike og dannande dagar for ungdommen.

Det er utfordringar knytt til den vidaregåande skulen på Hjeltnes. Hjeltnes må jobbe hardt for rekruttering, programfaga er små fag og Hjeltnes er den einaste skulen i fylket som har dei. Yrkesfaga slit med rekruttering generelt og rekruttering til anleggsgartnar slit på same måte som mange andre yrkesfag. I høyringsuttalen knytt til skulebruksplanen (hausten 2012) og i møter i løpet av moglegheitsstudie uttrykkjer NAML region Vest at dei ynskjer anleggsgartnarutdanninga flytta til Stend vgs. Grunngevinga er at det er eit urbant fag og at dei ynskjer fleire lærlingar som vil bu og arbeide i Bergensregionen. Dei ynskjer og eit tettare samarbeid mellom skule og næringsliv, og dei peikar på at det er langt til Hjeltnes. Det er ikkje sikkert at tala på søkjarar går opp ved å flytte studiet. Ulvik kan vise til betre søkjartal og fullføring enn mange andre studiestader i landet. Sidan hausten 2012 har elevtalet på Vg2 Anleggsgartnar og idrettsanleggsgfag vorte dobla på Hjeltnes, i motsetning til i resten av landet der elevtalet har halde seg stabilt eller minka (jf. Figur 5.3). Elevar som ikkje bur i pendlaravstand til Stend må leia seg inn i ein pressa hybelmarknad i Bergen. Bynære skular som Øksnevad ved Stavanger, Hvam ved Oslo og Skjettlein ved Trondheim har ikkje hatt same elevauken som Hjeltnes.

Dei unge elevane må skulen ha eit tilbod til på skulen, medan ein i større grad kan prøve å finne løysingar for dei vaksne elevane/studentane utanfor skulen sitt tilbod. For dei unge på vidaregåande og produksjonsskule må Hjeltnes finne løysing innanfor eigne hus og treng då å utvide tilbodet om hybelhus frå i dag 45 hyblar til 75-90 hyblar. Plassering av eit nytt hybelhus vil truleg vere best i tilknytning til eksisterande hybelhus enten på tunet eller kårstova. For dei vaksne kan det vera mogeleg å nytta ledig hotellkapasitet om vinteren utanfor turistsesongen. Dette kan verte eit fruktbart samarbeid både for skulen og hotellnæringa som har dårleg belegg på vinterstid.



attraksjonane i  
"DESTINASJON  
HOLMEN"

Figur 7.4 Holmen området (illustrasjon Lars Berge)

## 7.2 Campus Hjeltnes 2020 Alternativ B

I Campus Hjeltnes alternativ B skal og aktivitetane fysisk konsentrerast i to kjerneområde. Alternativ B inkluderer produksjonsskule, fagskule, kurs og kompetanse senter. Her skal og Holmen utgreiast som reislivsaktivitet. I alternativ B er den vidaregåande skulen utelat. I høve til dagens drift blir hovudaktiviteten produksjonsskule heller enn vidaregåande, men som i alternativ A er fagskuledelen og kompetansesenteret styrka. Styrken her er at elevgrunnet er sikrere. OT/PPT rekrutterer til produksjonsskulen, vaksenopplæring gartnar og fagskule har god rekruttering. Med mindre svingingar i elevtalet vert drifta sikrere. Sambruk av bygningar som nytt undervisningskjøkken og planteproduksjonsavdelinga vil halda fram. Produksjonsskulen vil kunna nytta heile produksjonsapparatet og produsera lokal mat som fagskule og kantine kan nytta. Organisasjonen vert enklare utan vgs og ein kan spesialisera seg meir. Administrative og merkantile kostnader pr elev vert høgare fordi det vert færre å dela fellesutgiftene på. Alternativ B er i tråd med Hordalandsmodellen for produksjonsskule. Hordalandsmodellen tilrår ikkje samlokalisering av vidaregåande skule og produksjonsskule.

Den største negative konsekvensen ved ikkje å ha vgs blir eit mindre fagmiljø, særleg dei høgskule- og universitetsutdanna pedagogane vil finna seg andre jobbar. 8 pedagogiske stillingar som i dag er i vgs vil bli borte. For å sikre eit kompetansemiljø i regionen er det yn-skjeleg at fagmiljøet frå Hjeltnes flyttast til Nye Voss vidaregåande skule i tråd med fylkesrådmannen si vurdering i skulebruksplanen. Nye Voss vidaregåande skule skal vere lokomotiv for yrkesfag i Indre Hordaland.

### 7.3 Hjeltnes Produksjonsskule Alternativ C

Alternativ C består av produksjonsskule og å greie ut Holmen som reisemål slik desse aktivitetane er presentert i del 6.

### 7.4 Økonomien på Hjeltnes

Ei omtrentleg oversikt over kostnadane knytt til dei tre alternativa er vist i tabell 7.2. Tabellen legg til grunn at det blir fortsatt drift av garden, at internatet består og bygga består. Faste utgifter gjeld husleige, straum, nettoutgift internat og drift av garden. Tabell 7.2 har lagt til grunn 30 elever på vgs og same kurstilbod som skulen har skuleåret 2014/15. Reknestykket går ut frå at ungdomane sjølv betaler internatet. Ombyggingar, investeringar i utstyr og nybygg er ikkje berekna.

Tabell 7.2 Økonomien i Alternativ A, B og C

<b>Moglegheitsstudie på Hjeltnes</b>						
	Vidareg. Skule	Prod. skule	Fagskule	Faste utg.	Kurs	Totalt
Modell A	5, 4	6, 0	3, 2	8, 8	0,5	23, 9
Modell B	0	6, 0	3, 2	8, 8	0,5	18, 5
Modell C	0	6, 0	0	8, 8	0	14, 8

Økonomien knytt til produksjonsskulen kan sjåast på som todelt. Den eine delen er finansiering av skuledrifta. Denne er i vareteke av fylkeskommunen. Den andre delen er elevøkonomien. Her er det utfordringar. Elevar som i dag bur på internatet får bortebruarstipend, ca 4000 pr mnd, gjennom Statens Lånekasse. Denne eller ei tilsvarande støtte vil vera avgjerande for at ungdommen på produksjonsskulen kan nytta tilbodet på Hjeltnes. For at ungdommane på produksjonsskulen skal få bortebruarstipend må dei truleg ha elevstatus. Produksjonsskulen må da ha godkjende læreplanmål. Ei løysing for enkelte ungdommar kan vera at NAV går inn med støtte. Her vert det jobba i lag med NAV Bergen for å finna løysingar. Ei løysing kan og vera at HFK betalar løn tilsvarande bortebruarstipendet. Produksjonsskulen på Hjeltnes kan finansierast som prosjekt over tre år medan ein aktivt jobbar med å finne ei løysing på elevøkonomien.

Hyssingen si store utfordring ligg i at produksjonsskule ikkje passer inn i det norske utdanningssystemet eller tiltakssystemet. Ungdom som får stønad gjennom NAV kan risikere å miste den fordi produksjonsskulen ikkje er eit tiltak godkjent av NAV. Så lenge dei ikkje har elevstatus eller offentleg godkjent læreplan får dei heller ikkje lån eller bortebruarstipend frå Lånekassa. Enkle ting slik som busskort er eit problem for ungdommane fordi dei heller ikkje har elevstatus. Når ungdommane ikkje får hjelp til sin økonomi frå det offentlege vil ein vere avhengig av at ungdommane får økonomisk støtte heimafrå. Med tanke på kven som er målgruppa for dette tiltaket, kan det vere ei uheldig løysing. Skuleåret 2012/13 oppgav 42,2% av dei som slutta at det var høve utanfor skulen som gjorde at dei slutta. Nokre av sluttårsakane var vanskelege heimetilhøve, psykisk sjukdom, psykososiale problem, fysiske sjukdom, rusproblem og anna<sup>22</sup>.

<sup>22</sup> Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2012/13, Hordaland fylkeskommune

Dei tre alternativa har ulikt behov for investeringar knytt rehabilitering eller nyinvestering. I alternativ A vil det bli fleire elevar, ungdom og studentar og det krev fleire internatplassar. Ein treng då å utvide tilbodet om hybelhus frå i dag 45 hyblar til 75-90 hyblar. Hjeltnes vgs er her i dialog med Ulvik herad og bustadstiftinga for å undersøke lån gjennom Husbanken. For dei vaksne kan det vera mogeleg å nytta ledig hotellkapasitet om vinteren utanfor turistseongen.

Kjøkkenfasilitetar for fagskulestudie og produksjonsskulen inneber rehabilitering av gule bygningen. Førebels kostnadsoverslag for rehabilitering av gule bygningen, ikkje inkludert kjøkken er av eigedomsseksjonen ved Hordaland fylkeskommune sett til omtrent 16 millionar kroner.

Det er og potensielt utgifter knytt til tilrettelegging av produksjonsverkstader.

For reiseliv satsinga bør det i ein utgreiingsfase hentast inn midlar frå andre instansar i tillegg til fylkeskommunen.





# NOTAT

**Til:** Bergen tekniske fagskule, studiestad Hjeltnes.  
**Att:** Andrid Solaas Innset  
**Fra:** Kristin Krohn Devold, Administrerende Direktør, NHO Reiseliv  
**Dato:** 26. mars 2015  
**Sak:** Fagskuleutdanning i Lokal gastronomi

NHO Reiseliv er den største interesseorganisasjonen for reiselivet i Norge. Organisasjonens over 2.700 medlemsbedrifter omsetter for rundt 41 milliarder kroner årlig.

I følge vår rapport "Kompetanse og arbeidskraft 2019" (2013) representerer mangel på kvalifisert arbeidskraft en av bedriftenes største utfordringer i fremtiden.

I tillegg nevner vi at NHOs kompetansebarometer, som ble presentert i mars 2015, viser at 6 av 10 medlemsbedrifter i NHO Reiseliv har et udekket kompetansebehov. Dette er en liten økning fra 2014.

NHO Reiseliv arbeider systematisk for å bedre tilgangen til kvalifisert, faglært arbeidskraft for medlemsbedriftene, samt sikre kompetanseheving og rekruttering til reiselivet. Vi fokuserer særlig på bedring av søkertall til retningene som gir fagbrev som kokk og servitør, da bedriftene stadig melder om mangel på faglærte. To av tre reiselivsbedrifter sier de trenger flere kokker. Vi ser at behovet for kokker med god kompetanse på lokalmat er svært viktig og at fagskolestudie i Lokal Gastronomi vil kunne være et godt supplement til eksisterende tilbud. I tillegg ser vi muligheten for at dette studiet kan være en ny karrierevei etter fullført fagbrev og flere muligheter vil kunne virke motiverende for å tiltrekke ungdom til kokkefaget.

NHO reiseliv er positive til en ny fagskuleutdanning i Lokal gastronomi gjennom Bergen tekniske fagskule, studiestad Hjeltnes.

Med vennlig hilsen

Administrerende Direktør  
NHO Reiseliv

## Vedlegg II

Å ha eit stort genetisk mangfold tilgjengeleg er den beste forsikringa for matproduksjon i eit endra klima. Norsk Genressurscenter har til oppgave å bidra til og sørga for ei berekraftig forvaltning av nasjonale genressursar hjå m.a nytteplanter som fruktsortar. Når det gjeld eplesortar har dei 12 nasjonale klonarkiv eller feltgenbanker med meir enn 200 ulike sortar og lokale landsortar.

Hjeltnes vidaregåande skule, Ulvik har eit av desse klonarkiva. I samlinga finst det no ca 110 ulike eplesortar. Dei fyrste trea vart planta i 1995, to-tre av kvar sort, poda på svaktveksande grunnstamme. Sortane er samla inn frå heile Vestlandet med hovudvekt på Hardanger, men her finst og sortar frå andre delar av landet.

Gamle norske sortar av frukt er godt tilpassa det norske klimaet. I tillegg er desse genressursane ei kjelde for utvikling av sortar med betre smak, eit mangfold av ulike kvalitetar og betre sjukdomsresistens.


Eigenskapane til bevarte sortar er mangelfullt undersøkt, særleg dei genetiske sidene er ikkje kartlagt (DNA analyse) og i mindre grad kjemiske og sensoriske eigenskapar. Bevarte sortar har truleg eigenskapar som kan utnyttast kommersielt til fruktprodukt som t.d. saft, syltetøy og alkoholhaldige drikkar.

Gamle sortar representerer difor ein u-utnytta ressurs for fruktnæringa.

Bioforsk har kunnskapar om prosessar som påvirkar produksjon, innhald og kvalitet hjå frukt og kopla opp mot genetisk variasjon og samanhengar mellom miljø og genetik. I samarbeid med Universitetet i Sarajevo, Bosnia og Hercegovina er det teke planteprøvar av mange av desse eplesortane og gjennomført DNA analysar som eit forprosjekt. Hovudprosjektet vart ikkje innvilga i fjor, men vert søkt om på nytt som omhandlar genetisk, pomologisk og kjemisk kartlegging av gamle fruktsortar med siktemål å utvikla nye fruktprodukt.

**Konklusjon: Nasjonale klonarkiv med gamle fruktsortar er ein ressurs som kan gje grunnlag for ny innovasjon i fruktdyrkinga**

Lofthus, 2.3.2015



Mekjell Meland  
Seniorforskar

## Vedlegg III

Hordaland Fylkeskommune  
v/Heidi Bjønnes Larsen



**ULVIK HERAD**  
Skeiesvegen 3  
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
14/201-5/K1-223/RME

Direkte innval:  
56 52 70 19

Stad/Dato:  
22.04.2015

### Støtte-erklæring frå Ulvik herad

Hjeltnes vgs. i Ulvik er ein svært viktig lokal og regional utviklingsaktør og grønt kompetansesenter for lokalsamfunnet, Hardanger regionen og Hordaland fylke. Det er svært viktig for heradet at moglegheitsstudiet resulterer i eit godt og berekraftig forslag til vidare drift. Det er sterk politisk vilje lokalt til å jobba for ei framtid for skulen. Gjennom åra har heradet vore ein støttespelar og samarbeidspartnar på fleire område. I moglegheitsstudiet har heradet vore ein aktiv deltakar i prosjektgruppa, i tillegg har dei nytta stillingsressursar frå administrasjonen og gjeve direkte økonomisk støtte til Hjeltnes.

Ulvik herad har satsa tungt på grøn, berekraftig utvikling i alle av heradet sine aktivitetar og tenestetilbod. I den politisk vedtekne mobiliseringa for å bli den fjerde Cittaslow-godkjente kommunen i Noreg, har me hatt fokus på berekraft i alle ledd. Det er ein rik kulturhistorie på Hjeltnes, med samanhengande frukttreproduksjon frå 1765 og fram til i dag. Skulen har sidan etableringa i 1901 spelt ei avgjerande rolle for utviklinga av fruktdyrking og gartnarnæringa på Vestlandet. For å kunne sikre denne kontinuiteten må det til ei nysatsing i innhald og regionalt samarbeid. Satsinga på Hjeltnes som framtidig kompetansearbeidsplass i Hardanger, vil kunne skapa sterke synergieffektar.

Det er pr. i dag auka investeringslyst i landbruket og gryande entreprenørskap, spesielt innanfor lokal matproduksjon. Dette har resultert i sterke bedrifter i vekst, mobilisering frå dei frivillige som mellom anna Slow Food Hardanger sin matfestival Terra Madre Hardanger. Det er og fokus på økologi og grøn omsorg, med fleire døme på samarbeidsprosjekt mellom det offentlege, private og frivillige.

I tillegg til å satsa på landbruket, er moglegheita for nyskapande aktivitet og verdiskaping i Holmen og Snauholmen viktig for reiselivet i Ulvik. Heradet har stor tru på eit utgreiingsarbeid retta mot Holmen og Hjeltnes, som eit framtidig reisemål. Dette vil styrkja Ulvik og regionen som attraktiv reisemål og samstundes bygge omdøme og auka tilflytting.

Håper me saman kan sikre vidare liv og lyst i Ulvik, perla i Hardanger.

Med helsing

  
Hans Petter Thorbjørnsen  
Ordfører



E-post  
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon  
56527000

Fax  
56527001

Bankkontonr.  
3450 19 70001

Organisasjonsnr.  
971 159 928



## Notat

Dato: 03.09.2015  
Arkivsak: 2015/9024-1  
Saksbehandlar: frahalh

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Marknadsføring av fagopplæring og skular med vekt på rekruttering til yrkesfag

Fylkesrådmannen viser til protokoll frå fylkestinget 09.12.2014 *Budsjettforslag for 2015, punkt 10* der det vart gjort følgjande vedtak om å setje i gang eit prosjekt for å marknadsføre vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune:

*«10. Markedsføring av skoler med vekt på rekruttering til yrkesfag Mer enn hele reduksjonen i elevtall sist skoleår kom på yrkesfag. Vi står i fare for ikke å kunne dekke behovet for fagarbeidere i fylket i fremtiden. Det settes derfor av 500.000 til et prosjekt for å markedsføre fylkeskommunens videregående skoler, spesielt med vekt på å rekruttere til yrkesfag.»*

Fagopplæringsseksjonen har dei siste åra hatt eit sterkt fokus på omdømebygging av yrkesutdanning. Dette har vore mogleg på grunn av samfunnskontrakten og midlar som er tildelt gjennom denne.

#### Gjennomførde tiltak

- Kinoreklame laga av Flimmer film
  - Vore vist på kino dei to siste åra frå desember til søknadsfrist 1. mars
  - Nyttå på konferansar
  - Aktivt brukt på Facebook for å rekruttere følgjarar
- «Prøv ein elev»-kampanjen
  - Ein kampanje vinteren 2014/15 om å ta inn elevar i Prosjekt til fordjuping (PTF)
  - Ca 100 bedrifter tok kontakt
  - Oppfølging hausten 2015
- Informasjonshäfte til alle elevar på Vg2 yrkesfag om korleis søkje læreplass i januar 2014
- Innholdsmarknadsføring
  - Forsøk med alternativ kommunikasjon. Artiklar på nettsider som omhandlar yrkesutdanning marknadsført i sosiale medium
- Produksjon av banner (rollups) for bruk i internt og eksternt informasjonsarbeid
- Stimuleringsmidlar til fagopplæring 2013

**Pågåande tiltak**

- Facebook
  - Facebookside for å drive aktivt informasjonsarbeid om lærlingordninga
  - Samarbeid med Synlighet AS om marknadsføring og kampanjar
- Samarbeid med Synlighet AS om Google-annonsering og Adwords for å synleggjere fylkeskommunen sine tilbod
- «Godkjent lærebedrift»-plakat for at bedriftene skal kunne vise fram at dei er godkjende lærebedrifter i HFK
- Samarbeid med Aksjon Lærebedrift Hordaland, som er eit HFK-finansiert prosjekt i NHO og LO

**Planlagde tiltak**

- Utsending av «Prøv ein elev»-materiell for å oppmuntre skular til å rekruttere bedrifter til PTF og samtidig finne potensielt nye lærebedrifter gjennom PTF
- Lærlingkonferansen 2016
- Lage «Aktiv søkjar»-film til lærlingkonferansen 2016
  - Skulane med Medier og kommunikasjon er invitert til å delta i ein konkurranse
- Anbud på film «Vel yrkesfag i HFK»
  - Anbudet har frist 10. september
  - Denne skal vise breidda av tilbod i yrkesfag på HFK-skulane både fagmessig og geografisk
  - Skal gi ungdommen lyst til å søkje yrkesfag på ein HFK-skule til våren
  - Filmen skal gå på kino før søknadsfristen 1. mars 2015. Kan brukast i andre høve der tilsette i HFK vil vise fram fylket og skuletilbodet i fylket og som reklame for fylkeskommunen.



## Notat

Dato: 08.09.2015  
Arkivsak: 2015/1090-76  
Saksbehandlar: torsan12

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Oversikt over samanlikning av skular med omsyn til elevar - resultat - gjennomføring

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 20.1.15, der utvalet ønskte ei samanlikning av skular med omsyn til elevane sine resultat og gjennomføring. Denne meldinga tek utgangspunkt i det same datagrunnlaget som den munnlege presentasjonen som vart halden 20.01.15.

#### Forklaring til tabellane

Tala viser status per skuleår og kan ikkje samanliknast med tal frå Skoleporten eller SSB som viser gjennomføring over fem år. Sidan tala berre gjeld per skuleår, vil tala berre gjelde skuledelen av yrkesfagopplæringa.

I tabellane under finn ein følgjande indikatorar:

- Gjennomsnitt karakterpoeng frå ungdomsskulen
- Elevane sine standpunktkarakterar i vgs (samla snitt)
- Andel elevar som har fullført og bestått alle fag dei to skuleåra

Elevane sine karakterar frå ungdomsskulen seier noko om føresetnadene for vidaregåande opplæring, medan standpunktkarakterane og andel fullført og bestått seier noko om elevane sine resultat. Merk at fargesettinga på fullført og bestått ikkje tek omsyn til elevane sine inntakspoeng.

Skalaene på resultatindikatorane er normert og fargekoda. Det vil seie at det nasjonale snittet dei siste fire åra utgjer skjæringspunkt for gul pluss (gul-farge) og gul minus (oransje). Grønt er positivt avvik frå det nasjonale snittet, medan raudt er eit negativt avvik. Fargane vil då fungere som ein av fleire moglege indikatorar for skulebidrag. Skalaene er ulike for studieførebuande, yrkesfag og påbygg, og utvala er difor sortert deretter.

Eit døme: Elevar på ein skule med studieførebuande utdanningsprogram har gul minus som føresetnader (karakterar frå ungdomsskulen) og grøn på fullført og bestått. Det betyr at elevane på skulen hadde litt dårlegare føresetnader enn gjennomsnittseleven på studieførebuande utdanningsprogram, men det er klart fleire elevar som fullfører og består (grøn fargekode) enn gjennomsnittet på studieførebuande.

Merk: Nokre skular har ikkje riktig visning på andel prosent fullført og bestått, og er på grunn av det utelatne frå oversikta. Dette er vist med teiknet X. Dette kan ha påverknad på fylkessnittet. Årsaka er manglande føring i skuleadministrativt system, og har ikkje konsekvensar for elevane eller deira dokumentasjon.

### **Utval**

Elevar som går på alternativ plan, er ikkje tekne med i utrekninga. Desse styrer mot kompetanse på lågare nivå og er ikkje forventa å oppnå full kompetanse. Det er derfor ikkje forventa at dei skal få fullført og bestått i alle fag.

Nokre skular kan også ha elevar på eit planlagt løp over to år på Vg2 eller Vg3 som kan redusere andel fullført og bestått. Dette er særleg aktuelt på idrettsfag.

Oversikt over resultat vert vist frå neste side.

	Studieførebuande 13-14			Studieførebuande 14-15		
	Snitt frå US	Samla standpunkt	Fullført og bestått	Snitt frå US	Samla standpunkt	Fullført og bestått
Hordaland	45,1	4,1	86,6	45,4	4,2	84
Amalie Skram VGS	X	X	X	48,3	4,4	89,4
Arna VGS	0	0	0	0	0	0
Askøy VGS	44	4	84,9	44,1	4,1	79,5
Austevoll VGS	42,2	3,8	93,3	44,7	4,1	94,7
Austrheim VGS	44,1	3,9	70	43,2	4	69,7
Bergen Katedralskole	50,3	4,7	86,9	48,5	4,5	77,9
Bergen Maritime VGS	0	0	0	0	0	0
Bømlo VGS	44,5	3,8	91,3	44,9	4	81,7
Etne VGS	41,6	4,9	100	38,6	4,1	81,8
Fana gymnas	43,1	4	84,8	42,4	3,9	81,6
Fitjar VGS	0	0	0	0	0	0
Fusa VGS	45,5	4,5	79,5	44,4	4,3	82,4
Fyllingsdalen VGS	40,5	3,8	80,2	40,6	3,8	79,3
Garnes VGS	44,9	4	80,8	45,3	4,2	81,8
Hjeltnes VGS	0	0	0	0	0	0
Knarvik VGS	46,8	4	87	47,2	4	84,6
Kvinnherad VGS	46,8	4,4	95,5	46,2	4,4	89
Laksevåg VGS	41,4	3,8	70,5	40	3,6	71,6
Langhaugen VGS	46,9	4,3	95,8	47,3	4,3	88,2
Lønborg VGS	0	0	0	0	0	0
Nordahl Grieg VGS	47,3	4,4	93,8	46,9	4,4	91
Norheimsund VGS	0	0	0	0	0	0
Odda VGS	43,4	3,9	89,2	43,4	3,7	80,3
Olsvikåsen VGS	43,6	3,8	80,8	44,2	4	84,5
Os gymnas	44,8	4	87,5	44,5	4,1	X
Os VGS	0	0	0	0	0	0
Osterøy VGS	44,6	3,9	92,1	44,1	3,9	84,1
Rogne VGS	0	0	0	0	0	0
Rubbestadnes VGS	0	0	0	0	0	0
Sandsli VGS	44,8	4,2	X	45,3	4,2	86,8
Slåtthaug VGS	0	0	0	0	0	0
Sotra VGS	45,4	3,9	82,4	45,3	3,9	75,9
Stend VGS	45,6	4,5	97,3	46,6	4,5	94,7
Stord VGS	44,9	4,1	87	44,4	4,1	85,3
Tertnes VGS	44	3,9	85	44,4	4	78,5
U. Pihl VGS	44,3	4	85,1	43,9	4	85,3
Voss gymnas	46,2	4,2	88	46,2	4,2	86,3
Voss husflidskule	42,6	4	82,9	42,9	4,1	77,1
Voss Jordbrukskule	0	0	0	0	0	0
Voss VGS	0	0	0	0	0	0
Øystese gymnas	44,5	4,3	96,4	44	4,2	89,6
Årstad VGS	0	0	0	0	0	0
Åsane VGS	0	0	0	0	0	0



	Yrkesfag 13-14			Yrkesfag 14-15		
	Snitt frå US	Samla standpunkt	Fullført og bestått	Snitt frå US	Samla standpunkt	Fullført og bestått
Hordaland	35,5	3,8	78,6	35,6	3,8	77,1
Amalie Skram VGS	X	X	X	37,4	3,8	82
Arna VGS	34	3,6	69,3	32,9	3,6	73,5
Askøy VGS	35,2	3,7	87,3	35,1	3,7	71,2
Austevoll VGS	34,8	4,1	91,3	34,3	3,7	89,1
Austrheim VGS	35,5	3,5	73,9	34,7	3,6	74
Bergen Katedralskole	0	0	0	0	0	0
Bergen Maritime VGS	41,7	4,5	94,3	41,4	4,6	X
Bømlo VGS	33,2	3,5	85,7	33,2	3,6	65,4
Etne VGS	33,4	3,7	93	33,5	3,6	81
Fana gymnas	0	0	0	0	0	0
Fitjar VGS	33,7	3,8	78,3	34,7	3,8	73
Fusa VGS	37,1	4,2	83,5	37,7	4,3	81,4
Fyllingsdalen VGS	32,2	3,8	74,7	32,3	3,8	66,7
Garnes VGS	37	3,6	81,1	35,2	3,7	78,6
Hjeltnes VGS	30,9	3,3	81,6	32,3	3,4	83,9
Knarvik VGS	40,1	4	74,8	40	4	86,9
Kvinnherad VGS	34,3	3,7	88,4	35,6	3,8	87
Laksevåg VGS	36,8	3,9	80,8	36,3	3,8	81,7
Langhaugen VGS	0	0	0	0	0	0
Lønborg VGS	33,9	3,6	70,5	33,1	3,7	72,2
Nordahl Grieg VGS	39	3,9	87,9	37,5	3,9	83,7
Norheimsund VGS	33,2	3,7	87,9	34,6	3,9	81,9
Odda VGS	35,5	4	89,4	37,1	4	76,9
Olsvikåsen VGS	33	3,7	70,1	34,6	3,8	81,1
Os gymnas	0	0	0	0	0	0
Os VGS	33,9	3,8	71,1	34	3,9	84,6
Osterøy VGS	34,3	3,8	84,5	35,9	3,8	86,8
Rogne VGS	35,6	3,8	79,7	36,2	4	87
Rubbestadnes VGS	34,4	4	89,5	35,3	4,1	81,8
Sandsli VGS	33,5	3,9	X	33	3,7	76,7
Slåtthaug VGS	34,4	3,7	82,5	34,2	3,7	74,8
Sotra VGS	35,1	3,6	74,1	35,7	3,7	74,9
Stend VGS	36,9	4	81,7	37,2	3,9	79,3
Stord VGS	36,3	4	86,1	36,7	3,9	86,1
Tertnes VGS	34,5	3,4	72,7	32,9	3,4	66
U. Pihl VGS	0	0	0	0	0	0
Voss gymnas	0	0	0	0	0	0
Voss husflidskule	37,4	3,6	74,6	37,3	3,7	77,5
Voss Jordbrukskule	38,2	4	90,5	38,7	4,1	87,3
Voss VGS	34,1	3,7	88,8	34	3,7	77,5
Øystese gymnas	0	0	0	0	0	0
Årstad VGS	32	3,3	56,1	32,5	3,3	56
Åsane VGS	32,2	3,4	77,7	30,9	3,5	75,6

	Påbygg 13-14			Påbygg 14-15		
	Snitt frå US	Samla standpunkt	Fullført og bestått	Snitt frå US	Samla standpunkt	Fullført og bestått
Hordaland	39,4	3,6	66,2	38,6	3,6	65,6
Amalie Skram VGS	X	X	X	44,1	4	90,3
Arna VGS	0	0	0	0	0	0
Askøy VGS	42,4	4,2	87	40,1	3,9	67,9
Austevoll VGS	0	0	0	0	0	0
Austrheim VGS	40,5	3,5	73	41,1	3,6	58,3
Bergen Katedralskole	0	0	0	0	0	0
Bergen Maritime VGS	0	0	0	0	0	0
Bømlo VGS	34,8	3,4	64,3	37,6	3,1	57,1
Etne VGS	38,2	3,9	89,5	38,6	3,6	66,7
Fana gymnas	39,2	3,3	53,8	0	0	0
Fitjar VGS	40,5	3,9	80,6	36,8	3,8	76,3
Fusa VGS	0	0	0	0	0	0
Fyllingsdalen VGS	35,4	3,3	62,9	35,1	3,3	58
Garnes VGS	37,9	3,5	63,5	38,1	3,5	57,1
Hjeltnes VGS	0	0	0	0	0	0
Knarvik VGS	47,7	3,9	86,3	47,9	4	92,2
Kvinnherad VGS	37,4	3,4	65,5	35,5	3,4	51
Laksevåg VGS	36,6	3,3	57	37,6	3,3	65,2
Langhaugen VGS	0	0	0	0	0	0
Lørborg VGS	32,4	3	30,8	35,1	3,3	59
Nordahl Grieg VGS	41,2	3,6	91,1	41,9	3,8	78,6
Norheimsund VGS	0	0	0	0	0	0
Odda VGS	0	0	0	0	0	0
Olsvikåsen VGS	40,3	3,5	74,1	36,6	3,7	80,6
Os gymnas	0	0	0	0	0	0
Os VGS	36,5	3,9	65,4	37,6	3,5	47,2
Osterøy VGS	0	0	0	0	0	0
Rogne VGS	0	0	0	0	0	0
Rubbestadnes VGS	0	0	0	0	0	0
Sandsli VGS	0	0	0	0	0	0
Slåtthaug VGS	34,8	3,1	53,2	37	3,9	55,6
Sotra VGS	39	3,5	60	38,7	3,8	67,2
Stend VGS	41	3,7	76,7	41,8	3,8	76,7
Stord VGS	37,6	3,4	67,9	39,5	3,7	69
Tertnes VGS	0	0	0	0	0	0
U. Pihl VGS	0	0	0	0	0	0
Voss gymnas	0	0	0	0	0	0
Voss husflidskule	0	0	0	0	0	0
Voss Jordbrukskule	0	0	0	0	0	0
Voss VGS	38,4	3,3	63	36,6	3,3	55,8
Øystese gymnas	0	0	0	0	0	0
Årstad VGS	35,2	2,9	55,4	34,8	2,9	43,9
Åsane VGS	36,9	3,3	58,2	36	3,1	64,2



Arkivnr: 2015/5700-4

Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	249/15	24.09.2015
Opplærings- og helseutvalet	39/15	29.09.2015
Samferdselsutvalet		30.09.2015
Kultur- og ressursutvalet		01.10.2015

## Revidert møteplan 2016 for politiske utval i Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Det vert med dette lagt fram revidert forslag til møteplan for 2016. Dei andre fylkeskommunale organa som ikkje er tatt med her, fastset møteplanen sin sjøve. På den elektroniske møteplanen vil ein og ta med dei møtedatoane

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2016 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 11.09.2015**

Endringar i møteplan for politiske utval i Hordaland fylkeskommune 2016

Samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde i møte 19.08.2015 merknad til RS 74/15:

*PS 82/15 Referatsaker (Meldingar)*

*Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015*

*RS 74/15 Møteplan for utvala i 2016. Silja Ekeland Bjørkly peika på at den nye møteplanen ikkje er optimal m.o.t. feriar o.a. På bakgrunn av dette og etter forslag frå Gustav Bahus fatta utvalet samrøystes slik vedtak.*

*Vedtak*

*Samferdselsutvalet ber administrasjonen sjå på møteplanen på nytt i lys av skulerutene, vinter-/påskeferie og sommarferie og andre openberre kollisjonar. Samferdselsutvalet ber om at møteplanen vert lagt fram på nytt 9. september.*

På bakgrunn av dette leggest revidert møteplan for 2016 føre fylkesutvalet for ny handsaming.

**Revidert møteplan 2016:**

	Jan	Febr	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			8.-9.			14.- 15.				4.- 5.		13. - 14.
Fylkesutvalet	28.	24. - 25.	17..	20. - 21.	19.	23.		25.	21. - 22.	20.	16. - 17.	8.
OPHE (torsdagar)	14.	10. - 11.	10.	7. 28.		2.		11.	7.-8.	6.	3.	1.
SAMU (torsdagar)	14.	10. - 11.	10.	7. 28.		2.		11.	7.-8.	6.	3.	1.
KURE (tysdagar)	19.	16.	15.- 16.	12.	10.	8.		16.	13.- 14.	11.	8.	6.
Administrasjonsutvalet*		23.				22.					15.	
Fylkesvalstyret**												

Møteplanen tilfredsstillar dei føringar som er lagt til planlegging og gjennomføring av møter i dei politiske utvala i Hordaland fylkeskommune.

Det er teke omsyn til at skolane i Bergen har flytta vinterferien frå veke 9 til veke 13.



Arkivnr: 2015/9089-1  
Saksbehandlar: Ragnhild Ravna Skjærvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	25/15	22.09.2015
Opplærings- og helseutvalet	70/15	29.09.2015

## Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019

### Samandrag

Opplæringsavdelinga ved fagopplæringskontoret har utarbeidd ein strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland for perioden 2016-2019. Planen er i tråd med fylkeskommunen og opplæringsavdelinga sine hovudmål og strategiar. Planen inneheld 3 strategiområde: Arbeidslivet sitt behov, kvalitet og fullføring.

Fag- og yrkesopplæringa byggjer på tett samarbeid mellom partane i arbeidslivet, fylkeskommunen og lærlingen. Det vert viktig å sørge for at det blir betre balanse mellom arbeidslivet sitt behov for kompetanse og elevane sitt ønske om utdanning.

Fagopplæringskontoret skal vere ein pådrivar for å utvikle opplæringa i bedrift og sørge for at dei som tar ei fag- og yrkesutdanning, får ein kompetanse som kvalifiserer for framtidig arbeid eller vidare utdanning. Vi skal jobbe målretta for å auke andelen som fullfører yrkesutdanning.

Det skal kvart år utarbeidast ein tiltaksplan ut frå strategiane. Planen skal rullerast i samarbeid med yrkesopplæringsnemnda kvart år, og leggjast fram for opplærings- og helseutvalet til orientering.

### Forslag til innstilling

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 07.09.2015

## Vi bygger morgondagens Hordaland

Strategiplanen til fag- og yrkesopplæringa skal understøtte fylkeskommunen og opplæringsavdelinga sine hovudmål og strategiar.

Fagopplæring har lange tradisjonar for at partane i arbeidslivet samarbeider med det offentlege for å skape ei best mogleg fag- og yrkesopplæring. I Hordaland er fagopplæringskontoret gitt fullmakt til å forvalte bedriftsdelen av opplæringa. Samspelet med dei vidaregåande skulane er sentralt for å få ei profesjonell fag- og yrkesopplæring. Alt arbeidet vert gjort i tett samarbeid med yrkesopplæringsnemnda.

Yrkesopplæringsnemnda si rolle er å gi råd om fag- og yrkesopplæring sett frå arbeidslivet sin ståstad og foreslå tiltak der ho finn det nødvendig. Etter føresegna i opplæringslova vil dette vere knytt til kvalitet, dimensjonering, rådgiving og regionalt utviklingsarbeid. Nemnda har møte ein gong i månaden. Det er fagopplæringskontoret som skal førebu saker til yrkesopplæringsnemnda.

Fagopplæringskontoret i Hordaland skal vere profesjonelt, tydeleg og inkluderande i spørsmål om fag- og yrkesopplæring. Vi skal saman med yrkesopplæringsnemnda setje fagopplæring på dagsorden.

Ein viktig del av arbeidet vårt er at stadig fleire skal oppdage moglegheitene i fag- og yrkesopplæring. Gjennom lærlingordninga og praksiskandidatordninga skal vi syte for at Hordalandssamfunnet får dei fagarbeidarane arbeidslivet etterspør, både i dag og i framtida. Fagopplæringskontoret skal jobbe målretta for å auke andelen som fullfører yrkesutdanning.

Fag- og yrkesopplæring bygger på tett samarbeid mellom partane i arbeidslivet, fylkeskommunen og lærlingen. Utfordringa er å finne den rette balansen mellom at fagopplæringa skal vere fleksibel og ivareta arbeidslivet sitt behov samtidig som vi skal sikre at lærlingane får oppfylt rettane sine slik dei er nedfelte i nasjonalt lovverk.

Saman med partane i arbeidslivet skal vi jobbe langsiktig med rekruttering til yrkesfag. Graden av forplikting mellom partane er avgjerande både for kvaliteten og kapasiteten til å utdanne nye fagarbeidarar. Talet på læreplassar må aukast ved at fleire bedrifter kjem med i ordninga og at lærebedriftene tek inn fleire lærlingar. Vi skal jobbe for å utnytte opplæringspotensialet i den einskilde lærebedrift slik at utdanninga av fagarbeidarar blir berekraftig.

## Hovudmål fagopplæring

Fagopplæringskontoret skal sørge for at det blir betre balanse mellom arbeidslivet sitt behov og elevane sitt ønskje om utdanning.	Fagopplæringskontoret skal vere ein pådrivar for å utvikle ei opplæring i bedrift som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som gir arbeidslivet relevant kompetanse.	Fagopplæringskontoret skal jobbe målretta for å auke andelen som fullfører fag- og yrkesopplæring, og at alle får ein kompetanse som kvalifiserer for framtidig arbeid eller vidare utdanning.
--	---	--

## Resultatmål

Resultatmåla skildrar kva vi ønskjer å oppnå gjennom strategiane for fag- og yrkesopplæringa i perioden 2016-2019. Utgangspunktet for resultatmåla vert 31.12.2014. Resultatmåla skal støtte opp under fylkeskommunen si målsetjing om auka fullføring.

- 80 % av søkjarane får lærekontrakt. Snittet for alle fylke i 2014 var 69 %.
- Auke nettoandelen godkjende lærebedrifter med 10 %.
- Redusere talet på heva lærekontraktar med 10 %.
- Redusere talet på *ikkje beståtte* fag-/sveine-/kompetanseprøver med 10 %.

## Strategiar for fag- og yrkesopplæringa 2016-2019

Hovudmåla for fag- og yrkesopplæringa inneheld tre strategiområde: Arbeidslivet sitt behov, kvalitet og fullføring. I det vidare følgjer strategiar knytt til kvart område.

### Arbeidslivet sitt behov

- Dimensjoneringa av opplæringstilboda må balansere arbeidslivet sitt behov og at vi samtidig sikrar elevane/lærlingane sine rettar slik dei er nedfelte i nasjonalt lovverk. Det langsiktige behovet for fagarbeidarar må vere hovudfokus.
- Det skal bli enklare for bedriftene å utnytte opplæringspotensialet og forplikte seg til å ta inn fleire lærlingar i periodar når det er trong for fleire lære plassar. Vi skal arbeide for fleksible løysingar for å få dette på plass.
- Fleksibiliteten i fag- og yrkesopplæringa og høve til fleirfaglegheit og vidare utdanning skal vere kjent.

### Kvalitet

- Kunnskapsgrunnlaget må bli så godt at vi kan bruke det som basis for å arbeide systematisk med kvalitetsutvikling.
- Vi skal ha kvalifiserte lærebedrifter og medlemmer til prøvenemndene. Vi skal sikre at dei har den kompetansen som er kravd.
- Alle involverte partar i det 4-årige løpet er kjende med og jobbar fram mot den sluttkompetansen ein faglært skal ha.
- Alle driftsprosessar skal digitaliserast.
- Vi skal utvikle ei tenleg organisering av fag- og yrkesopplæringa.



## **Fullføring**

- Andelen som fullfører fag- og yrkesopplæring, skal aukast.
- Samarbeidet med skule/arbeidsliv skal styrkast.
- Vi skal vere i tettare dialog med samarbeidspartnarane våre.

## **Tiltaksplan**

Det skal kvart år utarbeidast ein tiltaksplan ut frå strategiane. Strategiplanen skal rullerast i samarbeid med yrkesopplæringsnemnda kvart år, og leggjast fram for opplærings- og helseutvalet til orientering.



Arkivnr: 2014/10030-43

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	71/15	29.09.2015

### Prinsipp og føremål for rullering av Skulebruksplanen (SBP)

#### Samandrag

Frå vedtak av skulebruksplanen (SBP) i desember 2012 og mars 2013 har det vore lagt til grunn at planen må opp til ny handsaming. Det er ikkje gjort eksplisitt vedtak om at dette skal skje i 2016, men dette året har likevel vore lagt til grunn i fleire saksdokument frå 2013 og fram til no. Fylkesrådmannen vil difor legge opp til ei rullering av SBP der det vert planlagt politisk handsaming i Fylkestinget i juni 2016.

Rulleringa skal ta utgangspunkt i vedteken Skulebruksplan. I arbeidet vert det lagt til grunn dei same kriteria for vurdering av skulestruktur i vidaregåande opplæring som i den opphavlege planen. Det skal utarbeidast saksgrunnlag for ei heilskapleg rullering av skulebruksplanen både med tanke på tilbudsstruktur og tidsplan for gjennomføring. Ny tidshorisont vert sett til 2030, men det kan vurderast å ta med perspektiv fram mot 2040. Fylkesrådmannen ser det som naudsynt at det i arbeidet med rullering av Skulebruksplanen vert lagt særleg vekt på dei økonomiske konsekvensane av skulestrukturen.

Framlegg til rullert skulebruksplan (SBPr) vert lagt fram for politisk handsaming i fylkestinget tidlegast i juni 2016.

#### Forslag til vedtak

Opplæring- og helseutvalet tek orienteringa om oppstart av arbeidet med rullering av skulebruksplanen til etterretning.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 09.09.2015

### Bakgrunn for saka

Frå vedtak av skulebruksplanen (SBP) i desember 2012 og mars 2013 har det vore lagt til grunn at planen må opp til ny handsaming. Det er ikkje gjort eksplisitt vedtak om at dette skal skje i 2016, men dette året har likevel vore lagt til grunn i fleire saksdokument frå 2013 og fram til no. Fylkesrådmannen vil difor leggje opp til ei rullering av SBP der det vert planlagt politisk handsaming i Fylkestinget i juni 2016.

I denne saka vil fylkesrådmannen søkje å avklare kva generelle prinsipp som skal leggjast til grunn, føremålet med rulleringa og korleis arbeidet skal organiserast.

### Føremål

- Gi ei samla oversikt over skule- og tilbudsstrukturen slik den er i dag samt status på nye vedtak som har hatt konsekvensar for strukturen
- Oppdatere talmateriale og befolkningsprognosar
- Utarbeide saksgrunnlag for ei heilskapleg rullering av skulebruksplanen både med tanke på tilbudsstruktur og tidsplan for gjennomføring. Ny tidshorisont vert sett til 2030, men det kan vurderast å ta med perspektiv fram mot 2040.

### Prinsipp for rulleringa

Rulleringa skal ta utgangspunkt i vedteken Skulebruksplan. I arbeidet vert det lagt til grunn dei same kriteria for vurdering av skulestruktur i vidaregåande opplæring som i den opphavlege planen (sjå vedlegg).

I hovudtrekk vil framlegget til rullert skulebruksplanen (SBP-r) ha denne oppbygginga:

- I. 2015/2016 – status per no
- II. Framtidig skule- og fagtilbod (SBP), vedtak 2012-2013 og seinare vedtak som har gjeve konsekvensar for skulestrukturen
- III. Framtidig skule- og fagtilbod (SBP-r) 2016-2030

### Økonomi

Det er forventa ein vesentleg nedgang i fylkeskommunen sine driftsrammer i perioden fram mot 2019 jf. sak i Fylkesutvalet 2015/5430-1. Fylkesrådmannen ser det difor som naudsynt at det i arbeidet med rullering av skulebruksplanen vert lagt særleg vekt på dei økonomiske konsekvensane av skulestrukturen. Med tanke på kriteria i skulebruksplanen vil difor punkta som omhandlar Skulestorleik og –typar og økonomi (sjå vedlegg) vere særskilt viktige i høve til økonomisk berekraftige strukturendringar.

### Offentleg høyring

Det skal planleggast for at forslaget til rullert skulebruksplan kan sendast ut på offentlig høyring før politisk handsaming.

### Organisering av arbeidet

Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen skjer i linja og vert følgd opp gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2025.

### Prosjektleiing/Prosjektgruppe:

- Fylkesdirektør opplæring
- Regionleiarar
- Seksjonsleiar Fellestenester, opplæringsavdelinga
- Prosjektkoordinator
- HR-sjef, rekruttering og rådgjeving
- Eigedomsdirektør

- Omstillingstillitsvald
- Fylkeshovudverneombod

Det er naturleg at arbeidet med rullering av skulebruksplanen vil inngå som ein del av oppgåvene i det etablerte prosjektet. Fylkesrådmannen vil organisere arbeidet som ein del av prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Denne prosjektgruppa vil difor styre gjennomføring av arbeidet gjennom månadleg rapportering frå naudsynte arbeidsgrupper. Dette sikrar riktig og brei kompetanse frå administrasjonen samt tett deltaking frå tillitsvalde og verneombod.

#### *Orientering til politisk utval*

I forkant av at rullert skulebruksplan skal ut på offentleg høyring, ønskjer Fylkesrådmannen å invitere Opplærings- og helseutvalet til politisk seminar om skulebruksplanen og utkastet til rullert plan. Dette vil tentativt skje i januar 2016.

Vedlegg:

«Kriteriar for vurdering av skulestruktur i vidaregåande opplæring»

# 1 Kriteriar for vurdering av skolestruktur i vidaregåande opplæring

## 1.1 KRITERIAR FOR VURDERING AV SKOLESTRUKTUR

### 1.1.1 *Bakgrunn*

Dei mest omfattande fasane i planarbeidet har vore kartleggingsfasen hausten 2011 og analysefasen vinteren/våren 2012. Det har vore eit metodisk poeng at dei faglege premissane for ein god skole- og tilbodsstruktur vart arbeida fram før ein starta konkret vurdering av den framtidige strukturen. Dei faglege drøftingane av valde kriteriar er presentert seinare i kapittelet, og i vedlegg.

Kartleggingsfasen munna ut i ei liste med kriteriar for vurdering av skolestruktur. Målsettinga var å avdekkje kriteriar som sikrar ein berekraftig, økonomisk og stabil skole- og tilbodsstruktur over tid. Lista er utarbeida med utgangspunkt i drøftingar i arbeidsutval, prosjektgruppe og styringsgruppe, samt innspel frå regionmøter og skolebesøk, og er lagt til grunn for utarbeiding og vurdering av alternative skole- og tilbodsstrukturar i kap. 7.

Nokre av kriteria vil stå i motsetnad til andre kriteriar og lista må forståast som veileiande. Kriteria er ulikt vektlagt i ulike strukturalternativ. Kriteria vert følgt så langt råd er, men det vert og gjort unntak, t.d. dersom avstandane er store og elevgrunnlaget er svært tynt.

Regioninndelinga som er lagt til grunn for strukturvurderingane er:

- Voss/Hardanger
- Sunnhordland
- Stor-Bergen (omfattar region Nord, region Sentrum, region Sør og region Vest).

## 1.1.2 Kriterieliste for vurdering av skolestruktur

### Skolestørleik og -typar:

- Vidaregåande skolar i Hordaland bør i gjennomsnitt ha omlag 600 ordinære vgs-elevar. Normalt bør ikkje skolane ha mindre enn 300 elevar, eller meir enn 1200 elevar.
- Skolar med studiespesialiserande utdanningsprogram bør ha minst 4 parallellar (helst fleire).
- Skolar med yrkesfag bør ha minst 4 parallellar på VG1 og fleire programfagtilbod på VG2 på dei utdanningsprogram skolen har.
- Skolar med VG3 Påbyggingskurs til generell studiekompetanse bør ha minst 3 parallellar.
- Det er ønskeleg med ein større andel kombinerte skolar (med robuste tilbod), men det kan forsvarast å ha reine studiespesialiserande skolar og reine yrkesfaglege skolar dersom elevgrunnet på skolane samla sett er stort nok (jf. kriteriar om skolestørleik).
- Det bør leggjast til rette for skolar med god blanding av tradisjonelle jente- og gutefag.
- Kombinerte ungdoms- og vidaregåande skolar (8-13-skolar) kan vurderast der det ligg praktisk og fysisk til rette for det. Kriteriar vedkomande skolestørleik og fagtilbod/fagmiljø skal også gjelde for desse skoletypene.

### Fagtilbod/fagmiljø:

- Fagtilboda og fagmiljøa bør styrkast ved at dei vert konsentrert til færre skolar enn i dag. (Dette gjeld alle former for vidaregåande opplæring, og t.d. særskild tilrettelagt opplæring, innføringsklassar og vaksenopplæring)
- Elevar bør i mindre grad enn no byte skole etter fullført VG1 (heilskaplege utdanningsløp).
- Fagtilboda bør fordelast slik at naboskolar og skolar i same region ikkje vert store konkurrentar.
- Dimensjonering av fagtilboda bør samsvare med næringslivet og det offentlege sine behov i fylket og aktuell region.
- Alle studieprogram bør vere representert i alle regionar.
- Det kan leggast til rette for bruk av IKT-løysingar og fjernundervisning som alternativ for å kunne tilby fleire programfagtilbod, spesielt når elevtalet er lågt.
- Det bør leggjast til rette for alternative opplæringsløp/opplæring i bedrift.
- Skole- og tilbodsstrukturen skal vere føreseieleg over tid for elevar, tilsette og næringsliv/bedrifter.

### Kapasitet:

- Arealnorm i FEF-modell skal leggjast til grunn ved kapasitetsvurderingar
- Samla skolekapasitet skal dimensjonerast ut frå forventta elevtalsutvikling i regionane, justert for elevane sine forventta reisemønster.

### Lokalisering og reisetid:

- Elevar på VG1 bør kunne bu heime.
- Elevar bør ikkje ha meir enn 1 time reisetid frå bustaden til skolen
- Det bør leggjast til rette for gode kollektivløysingar i skoleskyssen.
- Skolestrukturen bør samsvare med regionsenterstrukturen og alle regionsentra bør ha store og breie skoletilbod.
- Skolestrukturen bør tilpassast planlagde endringar i infrastrukturen (bybane og hovudvegar).
- Elevar som har kortast reisetid til tilbod i nabofylke bør få søkje dit.
- Det bør leggjast til rette for gode tilhøve for bortebruarar.

### Skoleanlegg:

- Gode eksisterande skoleareal bør utnyttast, men dersom skolane ikkje ligg rett plassert eller har lågt elevtal kan ein og vurdere å kvitte seg med anlegga.
- Ein bør unngå å bygge mange nye dyre verkstader dersom naboskolar har gode anlegg med ledig kapasitet.
- Det bør tilstrebast at skolar berre skal ha ei lokalisering (dvs: samlokalisering ved eventuell samanslåing). Ein kan likevel sjå føre seg at nokre av dei spesielle undervisningsareala kan ligge i reiseavstand til skolen.
- Skolebygg bør eigast – ikkje leigast.
- Idrettsareal og store samlingsareal kan gjerne leigast.
- Gode alternative skoleanlegg skal tilretteleggjast før samanslåing og nedlegging.
- Ved nybygg, samanslåingar og nedlegging bør samfunnsøkonomiske løysingar for vidare bruk av eksisterande skoleanlegg vurderast, gjerne i samarbeid med kommunane.
- Nye skolar skal ha, og eldre skolar bør og få, god funksjonalitet med god kobling mellom pedagogikk og utforming/arkitektur. Skoleanlegg bør vere generelle, fleksible og elastiske.
- Alle skolar skal vere universelt utforma.
- Alle skolar skal vere godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern.
- Alle skolar skal vere energimerka og miljøfyrtårnsertifiserte.

### Økonomi:

- Ny skole- og tilbodsstruktur bør redusere presset i driftsøkonomien, m.a. ved færre skolar, samling av fagtilbod, fylte klassar og betre utnytting av kapasitet på verkstader og lærekrefter.
- Samla skoleareal skal reduserast for å redusere driftskostnadane.
- Investeringsbehovet skal avgrensast.
- Ved strukturendring bør og omsettingsverdi, verneverdi og -restriksjonar takast omsyn til.

I det følgjande er sentrale kriteriar kommentert nærare.



## 1.2 SKOLESTORLEIK OG FAGMILJØ

Effekten storleiken på skolen har på utdanningskvaliteten er greia ut om i vedlegg 4. Utgreiinga viser at det er lite støtte i forskinga for at skolestorleik i seg sjølv har mykje å seie for kvaliteten i skolen. Utgreiinga viser at det er noko forskingsmessig belegg for å seie at det faglege utbytte aukar med skolestorleik, men funna viser at det sannsynlegvis er andre faktorar som er avgjerande for kvaliteten enn skolestorleiken aleine. Det er likevel grunn til å understreka at eit lite fagleg og sosialt miljø er sårbart og skjørt, samt at samling i større einingar/fagmiljø i mange tilfelle gjev økonomiske stordriftsfordelar.

Vedlegg 4 gir og ein gjennomgang av nyare forskning på årsaker til låg gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring. Gjennomgangen kan oppsummerast i følgjande hovudpunkt:

Faktorar som har stor innverknad på gjennomføringsgraden er blant anna å få sitt fyrsteval på utdanningsprogram innfridd, at opplæringa er organisert på ein slik måte at elevane ser relevansen med undervisninga i større grad, t.d. med praksisperiodar eller alternative skoleløp, samt at skolen møter eleven på ein god måte.

Medan avstand til heimen i mindre grad påverkar gjennomføringsgraden, har flytting og skolebyte ein klart negativt innverknad på gjennomføringa til elevane. Samanhalde med dette vil nærleik og tilgang til mange ulike utdanningsprogram truleg verke positivt inn i høve til gjennomføring.

### 1.2.1 *Kommentarar til kriteria om skolestorleik, skoletypar, fagtilbod og fagmiljø:*

#### **Skolestorleik**

- Vidaregåande skolar i Hordaland bør i gjennomsnitt ha omlag 600 ordinære vgs-elevar. Normalt bør ikkje skolane ha mindre enn 300 elevar, eller meir enn 1200 elevar.

Dagens gjennomsnittlege skolestorleik bør aukast for å kunne ha fleire store fagmiljø på same skole. Det er eit føremon at skolane har fleire utdanningsprogram og programfag for at tilboda skal tåle variasjonar i søkjartal over tid, samt at elevane skal kunne velje mellom ulike retningar på VG2.

## Fagmiljø

- Fagtilboda og fagmiljøa bør styrkast ved at dei vert konsentrert til færre skolar enn i dag.
- Skolar med studiespesialiserande utdanningsprogram bør ha minst 4 parallellar (helst fleire).
- Skolar med yrkesfag bør ha minst 4 parallellar på VG1 og fleire programfagtilbod på VG2 på dei utdanningsprogram skolen har.
- Skolar med VG3 Påbyggingskurs til generell studiekompetanse bør ha minst 3 parallellar.
- Det kan leggest til rette for bruk av IKT-løysingar og fjernundervisning som alternativ for å kunne tilby fleire programfagtilbod, spesielt når elevtalet er lågt.

Ein skole med færre enn 4 parallellar på studiespesialiserande utdanningsprogram vil ha problem i høve til å kunne tilby eit breitt tilbod programfag på VG2 og VG3 utan høgare økonomiske rammer. For ei mest mogeleg rasjonell økonomisk drift og eit godt fagtilbod bør ein skole difor ha minimum 4 parallellar. I folketette områder er det ønskjeleg å ha fleire enn 4 parallellar.

For at ein skole skal kunne ha eit breitt fagmiljø på yrkesfaga treng dei fleire programfag på VG2-nivå. Grunnlaget for dette ligg i å ha større elevgrunnlag og fleire parallellar på VG1. Ein del skolar har problem i høve til rekruttering av faglærarar i yrkesfaga. Rekrutteringa og utnyttinga av dei eksisterande lærarkreftene vert betre dersom utdanningsprogramma vert samla i større einingar enn i dag. Det er og slik at enkelte små yrkesfagmiljø slit med å oppfylle alle læringsmåla på VG1 når dei ikkje har eit breitt fagmiljø og fleire VG2 tilbod på skolen.

På dei mest areal- og utstyrskevjangde yrkesfaga er det viktig å utnytte dei store verkstadsareala og det dyre utstyret best mogleg. For å få dette til må skolen har fleire parallellar. Betre utnytting av rom og utstyr kan til dels gje store økonomiske innsparingar målt opp mot alternativet der rom og utstyr må investerast fleire stader.

Jf. kapittel 2 er det eit generelt mål om å redusere omfanget av påbygg til generell studiekompetanse. Faget har dårlege resultat for mange av elevane, og tener i mange tilfeller ikkje føremålet. Ved å samle tilbodet på færre skolar ønskjer ein og å få større fagmiljø på metodikken i den intensive teoriundervisninga, samt at terskelen for å søke tilbodet kan verte høgare. Dette skal i utgangspunktet berre vere eit tilbod for dei som ønskjer å studere vidare etter vidaregåande skole.

For å sikre gode og robuste fagmiljø er det også ønskeleg å samle særskild tilrettelagt opplæring, vaksenopplæring og innføringsklassar på færre skolar enn i dag. Dette har samanheng med å få samla spesialkompetansen og for TO sin del og å utnytte godt tilrettelagte rom og utstyr.

For små skolar i områder med lite elevgrunnlag kan bruk av IKT-løysingar (m.a. fjernundervisning) vere ei aktuell løysing for å kunne tilby fleire programfag. I spesielle tilfeller kan det vere ei løysing at eleven bur heime/går på nærskolen

medan han/ho får undervisning via IKT-løysingar (jf. LOSA-prosjektet i Norland/Finnmark). Hordaland har eit prøveprosjekt i region Vest i dag, kor tre skolar samarbeider om å kunne tilby programfag i spansk. Les meir om slike IKT-løysingar i vedlegg 4.

## Skoletypar

- Det er ønskjeleg med ein større andel kombinerte skolar (med robuste tilbod), men det kan forsvarast å ha reine studiespesialiserande skolar og reine yrkesfaglege skolar dersom elevgrunnlaget samla sett er stort nok (jf. kriteria om skolestorleik).

Kombinerte skolar får eit meir variert elevmiljø enn reine studiespesialiserande skolar eller reine yresfaglege skolar. Den faglege kompetansen til lærarane kan nyttast i fleire fag og fagleg utveksling kan skje i større grad. Storleiken på skolen i alle høve viktig her, for større skolar vil på grunn av storleiken naturleg få meir varierte elev- og tilsettmiljø enn mindre skolar.

I sentrale strøk der det er elevgrunnlag for fleire parallellar, vil det vere mogleg å etablere store skolar med store fagmiljø fordelt på få utdanningsprogram, gjerne og reine studiespesialiserande skolar. Store studiespesialiserande skolar vil med sine moglegheiter for eit godt og breitt fagmiljø, lettare kunne ta opp den faglege konkurransen med dei private skoletilboda.

- Kombinerte ungdom- og vidaregåande skolar (8-13-skolar) kan vurderast der det ligg praktisk og fysisk til rette for det. Kriteriar vedkomande skolestorleik og fagtilbod/fagmiljø skal også gjelde for desse skoletypene.

I Kunnskapsløftet er det gode faglege og pedagogiske grunner for å etablere kombinerte ungdomsskolar og vidaregåande skolar, med 8-13 årssteg. Elevar på ungdomssteget skal kunne ta fag/modular i vidaregåande skole /bedrift. Ein skole med årssteg 8-13 vil kunne gje auka fleksibilitet i bruk av lærarane sin kompetanse og vil m.a. kunne gje styrka faglærarkompetanse på ungdomssteget, samt høve til å tilby elevar med særlege interesser større faglege utfordringar i opplæringa.

Ein viktig føresetnad er at det ligg praktisk til rette gjennom fysisk nærleik/samløkalisering og at det er ein viss storleik både på ungdomstrinn og på vidaregåande trinn. Føremål og rammer for pedagogisk utvikling må og klargjerast.

I Hordaland er fylkeskommunen skoleeigar for vidaregåande skolar, og kommunane har ansvaret for grunnskolen. Ein modell med kombinerte ungdomsskolar og vidaregåande skolar føreset då avtalar mellom fylkeskommunen og aktuell(e) kommunar. Modellen kan alternativt omfatte samløkalisering/ sambruk eller både samløkalisering og samordning med felles leiging for grunnskole og vidaregåande skole. Samløkalisering, sambruk og/eller etablering av kombinerte ungdomsskolar og vidaregåande skolar vil kunne gje betre arealutnytting i eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

Dei største utfordringane er knytt til at det er ulike forvaltningsnivå og at mange fryktar at elevar på vidaregåande skole skal ha negativ sosial innverknad på ungdomsskoleelevane.

Det er fleire eksempel på kombinderte ungdomsskolar og vidaregåande skolar i ulike delar av landet. I Hordaland kunne slike løysingar vore vurdert fleire plasser. T.d. har kommunane Stord, Bergen (Arna) og Askøy lufta framlegg for etablering av 8-13-skular. forslag om .

### **Kjønnsamansetning**

- Det bør leggjast til rette for skolar med god blanding av tradisjonelle jente- og gutefag.

Arbeidsmarknaden i Noreg er framleis svært kjønndelt i tradisjonelle manns- og kvinneyrker. Det same gjeld kjønnsfordelinga på utdanningsprogramma. Skolen skal spegle samfunnet. Det er mange grunnar til at elevar på tradisjonelle jentefag og gutefag bør få høve til å omgås kvarandre i skolekvardagen, ikkje minst sosiale.

### **Redusere talet på skolebyte**

- Elevar bør i mindre grad enn no byte skole etter fullført VG1 (heilskaplege utdanningsløp).

Jf. vedlegg 4 har skolebyte ein klart negativt innverknad på gjennomføringa til elevane. Samanholdt med dette er det rimeleg at nærleik og tilgang til mange ulike utdanningsprogram og viser seg å verke positivt inn i høve til gjennomføring. Det bør difor leggjast til rette for at eleven kan fullføre den vidaregåande utdanninga si på den vidaregåande skolen han/ho startar VG1 på. Det er då viktig og å kunne velje mellom ulike programfag på VG2 og VG3.

### **Alternative opplæringsløp**

- Det bør leggjast til rette for alternative opplæringsløp/opplæring i bedrift.

Faktorar som har stor innverknad på gjennomføringsgraden er blant anna at opplæringa er organisert på ein slik måte at elevane ser relevansen med undervisninga i større grad, t.d. med praksisperiodar eller alternative skoleløp, samt at skolen møter eleven på ein god måte, dvs. legg godt til rette.

Det er og eit ønskje frå en del av lærebedriftene å få elevane ut i praksis på eit tidlegare tidpunkt. For å auke gjennomføringa på yrkesfaga bør det difor leggjast til rette for alternative opplæringsløp (jf. kap. 5).

### **Unngå konkurranse mellom naboskolar**

- Fagtilboda bør fordelast slik at naboskolar og skolar i same region ikkje vert store konkurrentar.

Dagens skolestruktur fører til at fleire naboskolar tilbyr dei same utdanningsprogramma og dermed konkurrerer om elevane. Dette er spesielt eit problem dersom det er for høg skolekapasitet på utdanningsprogramma i området, då begge/alle skolane kjem dårlegare ut enn om strukturen/kapasiteten vart justert. Slik er det fleire stader i fylket i dag.

Eit eksempel på dette finn ein i Arna og på Osterøy, kor skolane tilbyr mange av dei same utdanningsprogramma og fordeler elevane seg i mellom. Det er større kapasitet enn det er etterspørsel etter utdanningsprogramma i området, og resultatet er at alle skolane taper på situasjonen. Fagmiljøa vert små både for elevar og lærarar, og kostnadane aukar.

Eit anna eksempel finn ein i region vest. Her tilbyr alle skolane studiespesialiserande utdanningsprogram. I og med at mange av elevane søker seg mot sentrum, slit alle skolane med få parallellar og dårlege høve for å tilby eit breitt utval av programfag.

Strukturen for framtida bør bygge opp under skolane og regionane, ikkje føre til negativ innbyrdes konkurranse på same tilbod.

### **Dimensjonering og lokalisering av fagtilboda**

- Alle studieprogram bør vere representert i alle regionar.

Dette gjeld i dei tre regionane Stor-Bergen, Sunnhordland og Voss/Hardanger, og dersom det er elevgrunnlag for det. T.d. kan små utdanningstilbod som musikk, dans og drama verte samla i ein eller to regionar, medan alle dei større utdanningsprogramma bør vere representert i kvar region. Det er her viktig å minnes at dei vidaregåande utdanningstilboda er regionale- og ikkje lokale tilbod. Ein kvar kommune kan ikkje ha alle utdanningsprogram. Spesielt ikkje når elevgrunnlaget i regionen ikkje tilseier spreing av fagmiljøa.

- Dimensjonering av fagtilboda bør samsvare med næringslivet og det offentlege sine behov i fylket og aktuell region.

Jf. kap.4 om behov for arbeidskraft og dimensjonering av fagtilbod. For næringsliv og lokalsamfunn er det viktig at utdanningskapasitet og utdanningskvalitet samsvarar med behov og krav i fylket. Sjå og vedlegg 4.

Skolen sitt primære ansvar er elevane iht. opplæringslova. Samtidig har fylkeskommunen eit medansvar som kunnskapsleverandør til eit regionalt og lokalt arbeids- og næringsliv i endring.

Hordaland har opplevd konjunktursvingingar i fleire yrker og utdanningsprogram, og tilpassing til endra føresetnader er ein viktig del av rammevilkåra i opplæringa. For å imøtekomme lokale og regionale utdanningsbehov bør det vere tett samarbeid og dialog mellom fylkeskommunen og regionale/lokale samfunnsaktørar.

Det er viktig at utviklings- og tilpassingsstrategiane bygger på langsiktige og heilskapelege vurderingar som har eit fylkeskommunalt og robust perspektiv. Dei lokale satsingsområda må og utvikles med utgangspunkt i overordna føringar – og sikrast bærekraftige og framtidretta løysingar i ein regional skolestruktur. På mange måtar vil skolestrukturen følgje behova i den regionale næringsstrukturen – og ikkje omvendt. Skolestruktur bør difor ikkje verte brukt som eit hovudargument for å oppretthalde busetnadsmønster og lokale arbeidsplassar – det bør skje gjennom eit overordna fokus på regional og lokal næringsutvikling. Livskraftige næringer genererer opplærings- og utdanningsbehov.

### **Stabilitet og føreseielegheit**

- Skole- og tilbodsstrukturen skal vere føreseieleg over tid for elevar, tilsette og næringsliv/bedrifter.

Gjennom planarbeidet har det vorte avdekkja ei brei semje om at meir stabile og føreseielege tilhøve for både elevar og tilsette over tid er svært ønskjeleg. Årleg oppretting og nedlegging av klassar spreidd over heile fylket, utan grunnlag i ein heilskapleg plan, gjer tilhøva for mange elevar og tilsette lite stabile. Ein meir robust skolestruktur med større fagmiljø og mindre årlege endringar, vil gjere tilhøva betre for mange.

## **1.3 SKOLEANLEGG OG KAPASITET**

Kap 3.2 og vedlegg 5 gjev eit innblikk i kva mål fylkeskommunen har for det gode skoleanlegget.

### **1.3.1 Kommenterar til kriteria om skoleanlegg:**

#### **Kapasitet og arealbruk**

- Arealnorm i FEF-modell skal leggst til grunn ved kapasitetsvurderingar
- Samla skolekapasitet skal dimensjonert ut frå forventa elevtalsutvikling i regionane, justert for elevane sine forventa reisemønster.

Jf. kap. 4.3 vert alternative skolestrukturar for framtida dimensjonert ut frå forventa elevtal i regionane, justert for reisemønster 2011/12. Kvar skole vert dimensjonert i høve til arealnorm i FEF-modellen (sjå kap. 3 og vedlegg 8) – som definerer kor mange elevar skolen har plass til på dei enkelte utdanningsprogramma - ikkje ut frå elevplasztal, slik det har vore gjort dei seinare åra.

Kvar m<sup>2</sup> i skoleanlegget har ei årleg driftskostnad knytt til vedlikehald, strøm, reinhald m.m (FDVU) på rundt rekna 800-1000 kr. Ein del av dei eksisterande skolane har svært mykje areal pr elev, noko som kan vitne om overflødig areal og ledig kapasitet. Det er ønskjeleg at fylkeskommunen utnyttar skoleareala på best mogeleg måte og sikrar ei arealeffektiv byggdift. Overflødig areal bør avhendast/omdisponerast.

## Ein skole - ei lokalisering

- Det bør tilstrebast at skolar berre skal ha ei lokalisering (dvs: samlokalisering ved eventuell samanslåing).
- Gode alternative skoleanlegg skal tilretteleggjast før samanslåing og nedlegging.

Erfaringar frå tidlegare samanslåingar av skolar utan at dei vart fysisk samlokalisert er delvis dårlege. Det er lite å hente ut av økonomiske innsparingar (som har vore det viktigaste føremålet med samanslåingane) og den daglege samorganiseringa av skolane er ikkje god på ein del av dei samanslåtte skolane. Det kan vere mange årsaker at at samanslåingsprosessane gjekk galt, men fysisk samlokalisering er ein viktig suksessfaktor.

Det er og særst viktig at tilhøva vert lagt til rette i det nye skoleanlegget, før elevar frå ein skole som vert lagt ned flyttar inn.

## Gode skoleanlegg

- Gode eksisterande skoleareal bør utnyttast, men dersom skolane ikkje ligg rett plassert eller har lågt elevtal kan ein og vurdere å kvitte seg med anlegga.
- Ein bør unngå å bygge mange nye dyre verkstader dersom naboskolar har gode anlegg med ledig kapasitet.

Hordaland fylke har mange gode skolebygg og det har vore investert mykje i skoleanlegga. Det er sjøvsagt eit poeng å vidareføre mange av desse skoleanlegga i ein ny struktur. På den andre sida er det investert i skoleanlegg på fleire stader kor det kanskje ikkje er like stort behov for ein skole i ein ny struktur. Andre omsyn vil då kunne telle meir enn omsynet til å nytte gode skoleanlegg.

Ved omstrukturering av fagtilboda må ein ta omsyn til kor det er mogeleg å bygge opp større fagmiljø og utnytte eksisterande verkstadshallar og andre spesialiserte areal, evt. med noko ombygging og/eller omdisponering.

- Skolebygg bør eigast – ikkje leigast.
- Idrettsareal og store samlingsareal kan gjerne leigast.

Fylket har eit mål om å eige skoleanlegga sine. Idrettsareal kan gjerne leigast, då dei ofte er del av eit kommunalt utleigesystem. Av praktiske årsaker knytt til utleige og bruk av idrettsareal på kveldstid (spesielt i Bergen) er det derfor ei føremon at idrettsareal vert leigd.

- Nye skolar skal ha, og eldre skolar bør og få, god funksjonalitet med god kobling mellom pedagogikk og utforming/arkitektur. Skoleanlegg bør vere generelle, fleksible og elastiske.
- Alle skolar skal vere universelt utforma.
- Alle skolar skal vere godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern.
- Alle skolar skal vere energimerka og miljøfyrtårnsertifiserte.

#### **Vidare nytte av overflødig skoleareal**

- Ved nybygg, samanslåingar og nedlegging bør samfunnsøkonomiske løysingar for vidare bruk av eksisterande skoleanlegg vurderast, gjerne i samarbeid med kommunane.

Samfunnsøkonomiske løysingar kan vere sal av bygningsmasse til kommune eller andre, som gjer behov for nybygg hos desse overflødig. Fylket må sjølvst og vurdere den økonomiske gevinsten/tapet ved å selje eit eksisterande skoleanlegg dersom ein må erstatte det med nybygg.

Fleire av kommunane i Hordaland har behov for å bygge nye grunnskolar. Fleire stader kan det kanskje vere fornuftig å sjå på moglegheitene for at dei vidaregåande skolane som fylket eventuelt ikkje lenger har bruk for vert seld eller utleigd til kommunane.

## **1.4 LOKALISERING**

Les meir om skolen sin rolle i utviklinga av regionane i fylket i kapittel 4.2 og i vedlegg 4.

### **1.4.1 *Kommentarar til kriteria om lokalisering:***

#### **Regionsenter og ny infrastruktur**

- Skolestrukturen bør samsvare med regionsenterstrukturen og alle regionsentra bør ha store og breie skoletilbod.
- Skolestrukturen bør tilpassast planlagde endringar i infrastrukturen (bybane og hovudveggar).

Jf. vedlegg 4. Det er viktig at skolane er plassert i regionsentra, og at skoletilbodet er med på å bygge opp under regionsentertankegangen som ligg i fylket sin planstrategi. I dag er 20 av 33 kommunar heim- og vertskommune for eit regionalt vidaregåande skole- og opplæringstilbod. Det er 13 kommunar som ikkje har eit vidaregåande opplæringstilbod i eigen heimkommune. Dei fleste av elevane i desse kommunane kan dagpendle til andre kommunar for å gå på skole.

Dei 13 kommunane som ikkje er heimkommune for eit vidaregåande skoletilbod, er blant dei minste kommunane i Hordaland iht folketall. Dei største vekstkommunane er kommunar med bysentra og tettstader med fleirfunksjonelle tenester. Det er også



desse områda som står for den største befolknings- og næringsveksten i fylket. Nærleik til skole og andre offentlege tenester vert av mange innbyggjarar vurdert som viktige kvalitetar ved staden. Stadig fleire hordalendingar flytter inn til og mot by- og tettstadane i fylket. Auka sentralisering og auka urbanisering er ein landsdekkande trend som har gått føre seg over fleire tiår. Det er dei små utkantkommunane som får dei største utfordringane med denne utviklinga.

Til forskjell frå dei kommunale grunnskolane, skal dei vidaregåande opplæringsstilboda tene regionar og fleire kommunar innanfor større geografiske område. Lokaliseringssvalet må difor primært gjerast ut frå eit regionalt og interkommunalt utviklingsperspektiv – ikkje som eit reint lokalt utviklingstiltak. Fylket må vurdere skoletilboda i ein større og breiare kontekst enn berre lokale omsyn. Det er ønskeleg at den framtidige skolestrukturen skal ta omsyn til regionsenterstrategien som fylket legg opp til i sitt overordna planarbeid. For å få sterke regionar treng ein sterke regionsentra.

Det kan ikkje etablerast eit vidaregåande skoletilbod i kvar kommune. Difor bør skolane vere lokalisert til regionsentra i fylket – kor flest elevar er heimehøyrande og kor det er eit delvis stort arbeidsmarknadsgrunnlag. Lokaliseringa av mange av dei fylkeskommunale vidaregåande skolane i Hordaland støtter opp under kommunale areal- og byutviklingsstrategiar og utgjer en viktig del av det offentlige tilbodet i “byen” / tettstaden. Samstundes er nokre av skolane lokalisert på stader kor elevgrunnlaget ikkje er så stort som ein skulle ønske. Dette gjeld både nyare og eldre skolar.

Nye strategiar med omsyn til kollektivknutepunkt/kollektivlinjer og ny infrastruktur gjer at avstandane fleire stader vert mindre og at tilbodet vert betre, medan tilbodet vert dårlegare andre plasser. Det er viktig at ny infrastruktur som bybane, nye vegar m.m. vert teke omsyn til i vurderinga av skolestrukturen. Ein ny bybane mot Åsane og Fyllingsdalen/Bergen vest gjere avstandane og den totale reisetida mindre. T.d. kan ein ny fergelaus E39 over Fusa, kan gjere avstanden til Os såpass kort at ein på sikt kan vurdere om det er trong for tre skolar i området. Evt. kan og betre kommunikasjonar gjere Fusa til eit nytt vekstområde.

### **Samordning med andre fylke**

- Elevar som har kortast reisetid til tilbod i nabofylke bør få søkje dit.

Det er viktig for elevane i grenseområda mellom to fylke at samordninga mellom fylka er god. Det vil seie at ein elev som har vesentleg kortare reiseveg til ønska utdanningsprogram i nabofylket, i utgangspunktet bør få høve til å søkje skoleplass der. Dette er og tilfellet i dag. Sett frå elevane sitt synspunkt er det viktig at samordninga med nabofylka er god og tenleg.

På Austrheim vgs i Nordhordland kjem ein stor del av elevane frå Sogn og Fjordane fylke. Avtalen om skyss og kjøp av elevplassar skal vurderast på nytt i 2012/13. Også i indre delar av Sognefjorden er det elevar som har kortare skoleveg mot Voss på ein del utdanningsprogram. Folketalsprognosane for Sogn og Fjordane fylke

viser at det er venta ei kraftig nedgang i talet 16-18-åringar, og signala frå fylket går ut på at ein ikkje kan rekne med at Sogn og Fjordane vil halde fram med å kjøpelike mange elevplassar i Hordaland i åra som kjem. Sogn og Fjordane vil truleg vere meir interessert i å utnytte ledig kapasitet på sine eigne skolar. Elevane fra Sogn og Fjordane er difor ikkje med i elevgrunnlaget for Austrheim vgs i planen.

I den sørlege delen av Hordaland fylke er det mange elevar som reiser over fylkesgrena til Rogaland for å gå på vidaregåande skole. Etne kommune og Sveio kommune soknar i regionsenterstrategien til regionsenteret Haugesund. Det er langt kortare avstand til Haugesund enn til regionsenteret i Hordaland, Leirvik på Stord. Dei aller fleste elevane frå Sveio og ein del av elevane i Etne går allereie på vidaregåande skole i Rogaland. I elevgrunnlaget for Sunnhordland som er presentert i planen er denne trenden vidareført.

### **Bortebuarar**

- Det bør leggjast til rette for gode tilhøve for bortebuarar.

Flytting kan vere ein medverkande faktor til at elevar ikkje fullfører vidaregåande skole. Elevar som reiser vekk frå heimkommunen for å bu på hybel er i ein sårbar fase av livet. Det er viktig at skolane har eit tilbod for oppfølging av bortebuarar. Mange av skolane har ein hybelkoordinator eller elevinspektør som har i oppgåve å følgje opp dei elevane som bur på hybel. Fylket driver i dag internat på Voss, Rubbestadnes og Hjeltnes.

### **Skolenedlegging – konsekvensar for vertskommunen**

Ei eventuell skolenedlegging vil først og fremst påverke elevar, foreldre, tilsette og samfunnsaktørar ved skolen i heimkommunen dersom det er stor avstand til næraste skole. Nedlegging av det lokale tilbodet vil innebere meir reising til eit alternativt skoletilbod ein anna stad og elevane i heimkommunen vert pendlarar og/eller bortebuande på hybel. Denne konsekvensen kan og verte resultatet for enkelte elevar i nabokommunar.

Små kommunar og stader med få funksjonar, vil vere meir sårbare for nye rammevilkår enn større kommunar med allereie robuste og fleirfunksjonelle tenester og funksjonar. I kommunar med fråflytting, arbeidsløyse og nedgang i næringslivet, vil ei eventuell skolenedlegging og opplevast ekstra tungt. Symbolverdien kan forsterke dei negative effektane ytterlegare.

I skolebruksplanen vert det anbefalt at eit vidaregåande opplæringstilbod må følgje utviklinga til behova i det regionale arbeids- og næringslivet og sikre god kvalitet på opplæringa, og ikkje være eit verkemiddel for å oppretthalde eit lokalt busetnadsmønster og som eit lokalt arbeidsmarknadstiltak.

## 1.5 ØKONOMI

Kap 2.2 og 2.7 gir ei innføring i dei økonomiske problemstillingane fylket står ovanfor.

### 1.5.1 *Kommentarar til kriteria om økonomi:*

- Ny skole- og tilbodsstruktur bør redusere presset i driftsøkonomien, m.a. ved færre skolar, samling av fagtilbod, fylte klassar og betre utnytting av kapasitet på verkstader og lærarkrefter.
- Samla skoleareal skal reduserast for å redusere driftskostnadane.
- Investeringsbehovet skal avgrensast.
- Ved strukturendring bør og omsettingsverdi, verneverdi og -restriksjonar tas omsyn til.

Ei av hovudmålsetjingane ved å endra skolestrukturen vil vera å gje skolane i ein ny struktur eit større handlingsrom til å gjera prioriteringar som det er økonomisk rom for. I dag melder skolane om at det driftsbudsjettet dei får tildelt skapar stadige utfordringar i høve til å levere eit godt fagleg tilbod til elevane. Mange skolar opplever at dei må gjera faglege kompromiss, til dømes kutta breidda i fagtilbodet, for å klare å halde seg innanfor budsjetttramma.

Om lag halvparten av skolane har ofte problem med å ha balanse i økonomien, og mange skolar må årleg redusere driftsnivået på skolen grunna tilbakebetaling av tidligare års underskot. Av skolane som har overskot er det mange av dei som også ville gått med underskot dersom det ikkje var for at dei har kursinntekter. Dette er i stor kontrast til ei utvikling der skolane må ha attraktive tilbod til elevane, og der skolane ser trong til å supplere kjerneverksemda si med smalare og dyre tilbod. Ulike tilbod innan internasjonalisering og idrett og TAF- tilbod er døme på tilbod som det ikkje er økonomisk forsvarleg å auke opp i noverande struktur.

Hordaland fylkeskommune har mange skolar og bygg. Det følgjer av dette at ein større del av opplæringsbudsjettet i Hordaland går med til drift av skolar og bygg enn det som hadde vore naudsynt om Hordaland hadde hatt ein annan skolestruktur. Til dømes ein struktur der elevar pr. skole var nærmare det som er gjennomsnittet for alle fylker i landet. Eit mål med endringar i skolestrukturen vil difor vera å redusera driftskostnadane ved å redusera tal på skolar, bygg og areal. Dette vil kunne frigjera budsjettmidlar til blant anna pedagogiske føremål.

Det er både ønske og trong for å investera i noverande skolestruktur – både i form av nye skolebygg og tilbygg. Det er gjeve som ei føresetnad i planperioden at fylkeskommunen ikkje kan ta høgde for eit stort investeringsbudsjett i Opplæringssektoren. Det er vanskeleg å endra skole- og tilbodsstrukturen utan at det medfører naudsynte investeringar, men desse bør vera del av eit realistisk investeringsprogram. Med knappe investeringsmidlar er det og vesentleg at vedtekne investeringar i strukturen med sikkerheit er framtidsretta.

Ein del skolar har bygg med verneverdi og restriksjonar. Desse kan ikkje alltid vera styrande når ein skal utforme eit best mogleg fagtilbod til elevane, men bør vera med i vurderinga dersom ein vurderer strukturendringar. Eit døme på ein restriksjon kan vera at reguleringsplanen som eit skoleområde er del av tilseier at skolebygg må flyttast grunna ei ny samferdsleåre. Ein bør i dette døme ikkje legge opp til større investeringar grunna denne usikkerheita. Marknadsverdien til bygga som fylkeskommunen vurderer å ikkje bruka til undervisningsføremål bør også vektleggast i skolebruksplanen. Bygg med høg omsetjingsverdi kan innbringa fylkeskommunen gode inntekter. Til forskjell for bygg som er lite attraktive og vanskelege å kvitta seg med.

## 1.6 REISETID OG REISEKOSTNAD

Fylkeskommunen si plikt til å tilby gratis skoleskyss er heimla i kap 13-4 i opplæringslova. Fylkeskommunen og samferdselsavdelinga er tillagt ansvaret for skoleskyss for i størst mogeleg grad å samordna skoleskyssen med den ordinære kollektivtrafikken. I tillegg til elevar i vidaregåande opplæring har fylkeskommunen og skyssansvar for elevar i grunnskolen.

Kostnader direkte knytt til den særskilde skoleskyssen var i 2011 121,7 mill. kr, av dette 80 mill. kr til grunnskoleskyss og 42 mill. kr til skyss i vidaregåande skole. I tillegg er ein stor del av kollektivdrifta direkte knytta opp mot skoleskyss. Ca 7000 elevar i vidaregåande skole i Hordaland har skyssrett utifrå reglane i opplæringslova om avstand mellom heim og skole, men grunna reglane i Hordaland om samordning mellom skolereisekort og ungdomskort er talet omlag 3000 som får skolereisekort.

Skoleskyssen krev ein svært omfattande logistikk. Det vert skyssa om lag 20.000 elevar kvar dag i grunnskolen og i den vidaregåande skolen. Skyssen må løyse ulike utfordringar med omsyn til reisestrekning, reisetid og lovpålagt undervisningstid for elevane.

### 1.6.1 *Kommentarar til kriteria om reisetid:*

- Elevar på VG1 bør kunne bu heime.
- Elevar bør ikkje ha meir enn 1 time reisetid frå bustaden til skolen.
- Det bør leggjast til rette for gode kollektivløysingar i skoleskyssen.

Jf. reisetidsanalysen frå AUD i vedlegg 7 vil dei fleste elevane kunne ha høve til å bu heime under heile opplæringa i vidaregåande skole. Det er her viktig å merke seg at alle elevane ikkje kan få alle tilbod innan 1 times reisetid, men at dei fleste vil få eit utval tilbod.

For dei fleste elevane vert skoleskyssen avvikla ved at elevane følgjer ordinære kollektivrutar. Ein stor del av dei ordinære rutene, spesielt i distrikta, utfører skoleskyss. Der kor det ikkje finst eit passende kollektivtilbod vert det sett opp annan skyss. Det kan vere reine skolebussar der det er grunnlag for dette. Elles vert det sett opp ei rekkje alternative transporttilbod for å oppfylle behovet for

skoleskyss, ofte som drosje eller liknande undertransportar. Slike undertransportar er kostnadskrevjande og har auka monaleg dei siste åra. I tillegg får mange elevar med nedsett funksjonsevne tilrettelagt skyss med drosje.

Utfordringa for ei rasjonell skyssavvikling er å minimera reisestrekningane, talet på bussavgangar, og planlegga skyssen slik at det vert minst mogeleg undertransportar. Endringar i skolestrukturen ved å minke talet på skolar og plassere skolar nær kollektivknutepunkt/kollektivhovudveggar vil kunne gje meir rasjonell skyss. Samling av fagmiljøa på færre skolar vil på den andre sida kunne føre til noko større eller endra behov for skyss.

Skyss sin reisetidsgaranti seier at eleven skal kunne kome til skolen innan 1 time frå dei går på bussen. Garantien gjeld sjølv sagt ikkje overalt i fylket og uansett reiselengde. På skyss sine nettsider kan eleven undersøke kor lang reisetid han/ho må rekne med heimefrå til skolen.

## 1.7 MILJØFAKTORAR

Både oppvarming og reiser fører til miljøutslepp. Det er dei samla utsleppa frå oppvarming av bygningar, reise til og frå skolen og reiser i skoletida som påverkar miljøet. For tida er fokuset størst på CO<sub>2</sub>-utslepp.

Energi til oppvarming er ei miljøbelastning ved drift av skolane. Ved bygningar er det vanleg å måle energiforbruk per m<sup>2</sup> ved samanlikningar mellom bygg. Men samla areal er også ein variabel. Ved å gjere skoleanlegga og skolestrukturen meir arealeffektiv, dvs. å utnytte det arealet ein har betre og kvitte seg med unyttbart/unyttta areal, kan ein redusere miljøbelastninga knytt til byggdrift.

Det har i analysefasen ikkje vore tid til å berekne endringar i omfang av skyss i framlegga til alternative skolestrukturar, men det har vore tatt omsyn med at dei store utdanningsprogramma skal vere representert i kvar av dei tre regionane (og i kvar dei fire regionane som ligg i Stor-Bergen). Slik sett kan ein anta at omfanget av skolereisene ikkje auke mykje i omfang, men at elevane kanskje vil reise til andre skolar i regionen enn dei gjer i dag. I Region Stor-Bergen ligg dei fleste av skolane nær kollektivlinjene og det vert lagt til grunn at dei fleste skolereisene går i same retning som arbeidsreisene. Skyssen vil dermed kunne utførast i dei ordinære bussrutene.

Les meir om miljøfaktorar i vedlegg 4.



Arkivnr: 2014/17126-48

Saksbehandlar: Agnete Wiborg

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	72/15	29.09.2015
Fylkesutvalet		29.10.2015

## Regional plan for kompetanse og arbeidskraft- vedtak av planprogram

### Samandrag

Planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland har vore til høyring med frist for å kome med innspel først 13.juli, seinare med utsetting til 10 august.

Føremålet med planen er å bidra til å sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidretta kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Hovudfokuset blir retta mot samanhengen mellom arbeidsliv og utdanning og utfordringar som har betydning for at arbeidslivet opplever problem med tilgang på tilstrekkeleg og rett kompetanse. Arbeidet vil bli organisert av ei styringsgruppe, ei administrativ arbeidsgruppe, temagrupper og eit administrativt sekretariat.

Planprogrammet foreslår tre plantema:

- Dimensjonering
- Endring og omstilling- nye krav til kompetanse
- Utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing

Det er motteke 12 høyringsinnspel til planprogrammet; 2 kommunar, 1 regional statsetat, 1 regionråd, 4 utdanningsinstitusjonar og 4 andre. Høyringsinnspela er gjennomgåande positive til planprogrammet, både til innrettinga og val av plantema. Ingen av innspela fører til vesentlege endringar, men fylkesrådmannen tilrår nokre mindre justeringar i planprogrammet knytt til presiseringar av punkt under plantemaa.

Under arbeidet med planprogrammet var det brei deltaking frå mange sentrale aktørar i Hordaland, med anna ei arbeidsgruppe med eksterne deltakarar og eit ope innspelsmøte. Tilbakemeldingane var at planarbeidet blei ønskt velkomen og at dei plantema som blei foreslått, fekk tilslutning. Talet på og innhaldet i høyringsinnspela må sjåast i lys av dette.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft med dei endringane som er foreslått i saksframlegget. Fylkesrådmannen får fullmakt til redaksjonell utforming av endringane.
2. Opplærings- og helseutvalet utnemner ein representant frå utvalet til styringsgruppa, samt representant frå Hordaland fagskulestyre og yrkesopplæringsnemnda. Representant frå Opplærings- og helseutvalet er vara for leiar.
3. Fylkesutvalet utnemner leiar for styringsgruppa.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å invitere til deltaking i styringsgruppe, utover representantar i pkt. 2

og 3, arbeidsgruppe og administrativ sekretariat i samsvar med planprogrammet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 16.09.2015

### 1. Bakgrunn

I regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 vedtok fylkestinget at ein skulle starte arbeidet med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland.

Fylkesutvalet gav 19.juni 2014 fylkesrådmannen i oppdrag å utarbeide forslag til planprogram. Det vart etablert ei arbeidsgruppe, ei styringsgruppe og eit administrativt sekretariat for planprogramarbeidet. Arbeidsgruppa har hatt tre møte og styringsgruppa to møte. Det vart arrangert eit innspelsmøte med deltakarar frå utdanningssektoren og arbeidslivet. Planprogrammet er utarbeidd av sekretariatet.

Fylkesutvalet gjorde i sak 148/2015 vedtak om å sende planprogrammet på høyring med frist for uttale 13.juli. Fristen blei seinare utsett til 10.august.

Føremålet med planen er å bidra til å sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidretta kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Hovudfokuset blir retta mot samanhengen mellom arbeidsliv og utdanning og utfordringar som har betydning for at arbeidslivet opplever problem med tilgang på tilstrekkeleg og rett kompetanse. Eit sentralt mål er å utforme ein plan som kan vere dynamisk og bidra til å handtere endringar i arbeidsmarknaden.

Programmet foreslår tre plantema:

- Dimensjonering
- Endring og omstilling- nye krav til kompetanse
- Utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing

Arbeidet vil bli organisert av ei styringsgruppe, ei administrativ arbeidsgruppe, temagrupper og eit administrativt sekretariat. Regionalavdelinga har ansvaret for gjennomføring av planarbeidet i samarbeid med Opplæringsavdelinga.

### 2. Høyringsprosessen

Høyringsprosessen vart gjennomført ved kunngjering på Hordland fylkeskommune si nettside, ved annonse i Bergens Tidende og Haugesunds avis og ved utsending til aktuelle høyringsmottakarar. I tillegg vart forslag til planprogram sendt til alle hovudbibliotek og kundesenter i kommunane og ulike avdelingar internt i fylkeskommunen. Alle innspela er lagt ut på fylkeskommunen si nettside for planen <http://www.hordaland.no/kompetanseplan>.

### 3. Høyringsrapport og tilrådde endringar

Det blir vist til vedlagt høyringsrapport og samla oversikt over alle høyringsinnspel.

Det er motteke 12 høyringsinnspel til planprogrammet; 2 kommunar, 1 regional statsetat, 1 regionråd, 4 utdanningsinstitusjonar og 4 andre.

Sentrale moment i innspela:

- Høyringspartane støtter opplegget for planarbeidet og ser det som viktig og naudsynt.
- Dei utvalte plantemaa blir støtta og understreka som sentrale
- Innspela dreier seg om presisering av plantema og kva ein ønskjer å oppnå

I det følgjande er innspela kommentert og vurdert i høve til kvart kapittel i planprogrammet.

#### 3.1. Føremål

Høyringsfråsegnene gir sin tilslutning til føremålet slik det er foreslått.

#### 3.2. Føringar

Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger ber om at Regional næringsstrategi for Hardanger blir nemnt under pkt. 3, Regionale føringar.



### Tilråding

Regional næringsstrategi for Hardanger legg ikkje føringar for ein regional plan, men strategien vil bli tatt omsyn til i planarbeidet.

### 3.3. *Plantema*

Dei tre plantemaa som er foreslått er: 1. Dimensjonering av utdanningstilbod, 2. Endring og omstilling – nye krav til kompetanse og 3. Utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing.

Det er ikkje kome inn innspel på endring av plantema, men heller understreking av at dei utvalde temaa er viktige. Innspela dreier seg om støtte til, og presisering av innhaldet knytt til plantemaa. Følgjande endringar er foreslått og vil bli tatt med:

- Det blir lagt til følgjande punkt under «Kva ein ønskjer å oppnå i planarbeidet» under pkt. 4.2: «Betre tilbod om fleksible utdanningar og livslang læring i regionen»
- Mogelegheiter og utfordringar knytt til arbeidsinnvandring blir tatt med som ein del av utfordringsbiletet under pkt. 4.2.
- Det blir lagt til ein formulering om kjønnsdeling av utdanningssystemet og arbeidsmarknaden innan yrkesfag under pkt. 4.1. Dimensjonering

### 3.4. *Konkretisering av arbeidet*

Det blir foreslått at dersom det blir avdekt forhold som fylkeskommunen kan gjere noko med for å forbetre situasjonen, bør forslag til tiltak leggjast fram for avgjerdstakarar utan å vente til at heile planarbeidet er ferdig.

Dette må bli vurdert i prosessen med planarbeidet.

## 4. **Organisering**

Det har ikkje kome inn merknader til organisering av planarbeidet.

Det blir tilrådd at planarbeidet blir organisert slik det er foreslått. Fylkesutvalet utnemner representantar frå Opplærings- og helseutvalet, Hordaland fagskulestyre og yrkesopplæringsnemnda til styringsgruppa, og fylkesrådmannen får fullmakt til å invitere deltakarar til styringsgruppa, utover nemnte representantar, til arbeidsgruppa og administrativ sekretariat i samsvar med planprogrammet.

## 5. **Samla vurdering og vidare arbeid**

Høyringspartane er positive til planarbeidet og ser det som eit viktig og naudsynt arbeid. Ingen innspel fører til vesentlege endringar, men fylkesrådmannen tilrår nokre mindre justeringar i planprogrammet knytt til presisering av punkt under plantemaa.

Det blir tilrådd at forslaget til planprogram blir vedteke med dei justeringane som er foreslått.

# Høyringsrapport – Planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

## Innleiing

Fylkestinget vedtok 19.05.2015 å sende Planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft ut på høring. Første høringsfrist var 13.juli, men den blei seinare utvida til 10.august.

## Samandrag og generelle tilrådingar

I denne høyringsrapporten er det gjort eit samandrag av alle innspel med vurdering av oppfølging. Det vert vist til nettsida for planen: <http://www.hordaland.no/kompetanseplan>

Innspela er vurdert i høve til om planarbeidet bør endrast. Moment det blir peika på, er i hovudsak dekkja av formuleringane i planprogrammet, men nokre endringar er tilrådd. Moment som går fram av innspela vil verte brukt i sjølve planarbeidet.

### Generelt

Det er motteke 12 høyringsinnspel til planprogrammet; 2 kommunar, 1 regional statsetat, 1 regionråd, 4 utdanningsinstitusjonar og 4 andre. Høyringsinnspela er gjennomgåande positive til planprogrammet, både innretting og val av plantema.

Det er kome forslag om at dersom det blir avdekt forhold som fylkeskommunen kan gjere noko med for å forbetre situasjonen, bør forslag til tiltak leggjast fram for avgjerd utan å vente til at heile planarbeidet er ferdig.

### Føremål med planarbeidet

Alle høyringsinnspela er positive og støtter føremålet med planen. Det er derfor ikkje lagt opp til endringar i føremålet.

### Plantema

Det er generell tilslutning til dei plantemaa som er foreslått. Innspela dreier seg om presiseringar og underpunkt til dei plantema som er foreslått.. Følgjande endringar er foreslått og vil bli tatt med:

- Det blir lagt til følgjande punkt under «Kva ein ønskjer å oppnå i planarbeidet» under pkt. 4.2: «Betre tilbod om fleksible utdanningar og livslang læring i regionen»
- Mogelegheiter og utfordringar knytt til arbeidsinnvandring blir tatt med som ein del av utfordringsbiletet under pkt. 4.2.
- Det blir lagt til ein formulering om kjønnsdeling av utdanningssystemet og arbeidsmarknaden innan yrkesfag under pkt. 4.1. Dimensjonering

### Trong for utgreiingar

Det blir ikkje foreslått andre utgreiingar.

### Tilråding

Det er ikkje komen innspel som fører til vesentlege endringar, men det er foreslått eit par mindre justeringar under pkt. 4 Plantema som vil bli tatt med.

## Oppsummering av skriftlege høyringsfråsegn

I den vidare rapporten er alle skriftlege innspel samanfatta og vurdert i tabellform i tråd med kapittelinndelinga i planprogrammet.

<b>Bergen kommune</b>	<b>Byrådsavdeling for finans, eiendom og eierskap</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Slutter seg til formålet med planen.	
<b>Plantema</b>	Mogelegheiter og utfordringar knytt til arbeidsinnvandring bør utforskast	Blir ein presisering av tema som er i planprogrammet.
	Tilrettelegging for eigna kvalifiseringstiltak for vaksne med innvandrarakgrunn og kort botid	Blir ein presisering av tema som er i planprogrammet
	Utvikle gode modellar for kvalifisering og kompetanseheving av vaksne	Vaksenopplæring/ livslang læring er eit tema for planen og vil vidareutviklast i planarbeidet
	Utvikle gode arenaer for meir forpliktande samhandling mellom utdanningsmyndigheiter,	Vil vere eit sentralt tema i planen
	Styrking av utdannings- og yrkesretteleinga	Vil vere eit sentralt tema i planen
	Kjønnsdelinga i arbeidsmarknaden bør tematiserast	
<b>Utgreiingar</b>	Forholdet mellom behov for bransjeretta fagkompetanse på kort og lang sikt.	Blir ivaretatt ut frå planlagde utgreiingar.
	Utvikle metodar for å fange opp endringar i arbeidsmarknaden og kompetansebehov utdanningsinstitusjonar og arbeidsliv i regionen.	Blir ivaretatt ut frå planlagde utgreiingar.

<b>Stord kommune</b>	<b>Strategisk leiing</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Er positiv til og støtter innrettinga av planen	
<b>Plantema</b>	Sjå nærare på fleksibel gjennomføring av utdanningar; desentraliserte tilbod eller e-læring og samlingsbaserte tilbod	Blir ein presisering av tema som er i planprogrammet
	Viktig å rette søkjelyset mot forhold som har betydning for kunnskapen unge får om utdannings – og yrkesmogelegheiter og faktorar som har innverknad på vala dei gjer	Er tema i planprogrammet
	Ein betre struktur og samordning av rådgiving/retteleing bør vurderast i planen.	Er tema i planprogrammet

## Statsetatar

<b>Fylkesmannen i Hordaland</b>	<b>Kommunal- og samfunnsavdelinga</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Positiv til planen	
<b>Plantema</b>	Vaksenopplæring bør tas med i det vidare arbeidet med planen. Vaksenopplæring er særleg viktig for flyktingar og andre med vanskar på arbeidsmarknaden.	Vaksenopplæring er eit tema i planen.
	Opplæring innan kriminalomsorg bør tas med som tema	Er eit tiltak som kjem litt på sida av føremålet med planen.

## Utdanningsinstitusjonar

<b>Universitetet i Bergen</b>	<b>Juridisk fakultet</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Gir støtte til føremål for og innretting av planen	
<b>Plantema</b>		
<b>Utgreiingar</b>	Viktig å få utgreiingar for å finne ut kva kompetansebehovet faktisk er og vil vere framover	Blir ivare tatt ut frå planlagde utgreiingar.

<b>Høgskolen i Bergen</b>	<b>Seksjon for forskning og ekstern samhandling</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Gir sin tilslutning til føremålet med planen. Planforslaget er ambisiøst og HiB oppmodar fylkeskommunen om å avsette tilstrekkelege ressursar til etablering og gjennomføring av planen.	
<b>Plantema</b>	Ad. Pkt. 4.2. Endring og omstilling: Behovet for livslang læring blir trekt fram. HiB oppmodar til at dette også kjem fram i punkta om kva ein ønskjer å oppnå med planarbeidet til dømes «Betre tilbodet av fleksible utdanningar og livslang læring i regionen»	Forslag til formulering blir tatt med i planprogrammet

<b>Kunst og designhøgskolen i Bergen</b>		
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Er generelt positiv til planprogrammet og beskriv målsettingane som framsynte.	
<b>Plantema</b>	Oppmodar om å inkludere designtenking i prosessen	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planprogrammet.

<b>Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger</b>	<b>Dagleg leiar</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Er positiv til planprogrammet Ber om at Regional næringsstrategi for Hardanger blir nemnt under pkt. 3, Regionale føringar	Regional næringsstrategi for Hardanger legg ikkje føringar for ein regional plan, men strategien vil bli tatt omsyn til i planarbeidet.
<b>Plantema</b>	Større fokus i planprogrammet på private og halvoffentlege tilbydarar av etterutdanning	Innspelet er notert. Planprogrammet opnar for å gjere dette.
	Større fokus på entreprenørskap gjennom Ungt Entreprenørskap	Forslag til tiltak. Må vurderast i planarbeidet
	Bruk av FoU-prosjekt i arbeidslivet som metode for kompetanseheving	Forslag til tiltak. Må vurderast i planarbeidet

## Andre

<b>Hardangerrådet IKS</b>		
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Er positiv til planen og er samd i dei tre plantema som er foreslått.	
<b>Plantema</b>	Vil presisere at desentralisert vidaregåande utdanning må vere del av planprogrammet.	Presisering av tema som står planprogrammet. Vil bli tema i planarbeidet.
	Ber om at distriktsfokus knytt til problemstillingar i samband med samarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar blir tatt med i arbeidet.	Presisering av tema som står planprogrammet. Vil bli tema i planarbeidet.

<b>Karrieresenteret</b>	<b>Dagleg leiar</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>		
<b>Plantema</b>	Viktig å få meir arbeidslivspraksis i utdanningane	Støtte til planprogrammet
	Viktig å få betre samarbeid mellom dei som arbeider med karriererettleing på ulike nivå	Støtte til planprogrammet

<b>Utdanning i Bergen</b>	<b>Leiar</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Er positiv til planen og foreslåtte plantema	
<b>Plantema</b>	Er spesielt oppteken av temaet «Utdanningsval» og behovet for å styrke faget utdanningsval	Støtte til planprogrammet

<b>LO, Landsorganisasjonen</b>	<b>Leiar</b>	
	<b>Innspel</b>	<b>Merknader/Oppfølging</b>
<b>Generelt</b>	Gir sin tilslutning til planen si innretting og målsettingar  Foreslår at dersom det blir avdekt forhold som fylkeskommunen kan gjere noko med for å forbetre situasjonen, bør forslag til tiltak leggast fram for avgjerdstakarane utan å vente til at heile planarbeidet er ferdig.	
<b>Plantema</b>	Framhevar punkt 4.2. om samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningsinstitusjonar som særleg viktig.	Støtte til planprogrammet
	Er opptatt av at høgare utdanning skal ha ei kritisk gjennomgang av sine utdanningstilbod med arbeidslivet sine behov i sikte.	Er eit tema som vil bli diskutert i planarbeidet
	Bør utreiast tiltak for å få til ein betre kjønnsfordeling i yrker med dårlig kjønnsbalanse	Tiltak. Må vurderast i planarbeidet.
<b>Utgreiingar</b>	Viktig å få utgreiingar for å finne ut kva kompetansebehovet faktisk er og vil vere framover.	Er tema for planlagde utgreiingar

<b>NHO, Næringslivets hovedorganisasjon Hordaland</b>	<b>Regiondirektør</b>	
	<b>Innspel</b>	Merknader/Oppfølging
<b>Generelt</b>	<p>Positiv til innrettinga av planen</p> <p>Foreslår at dersom det blir avdekt forhold som fylkeskommunen kan gjere noko med for å forbetre situasjonen, bør forslag til tiltak leggst fram for avgjerdstakarane utan å vente til at heile planarbeidet er ferdig.</p>	
<b>Plantema</b>	Under pkt. 4.1. saknar ein tydelegare formuleringar om krav til dimensjonering av lengre utdanningar og tematisering av kva for utdanningstilbod som blir gitt på bachelor- og master-nivå.	Presisering av tema som står planprogrammet. Vil bli tema i planarbeidet.
	Samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningsinstitusjonar (pkt.4.2) er særleg viktig	Støtte til planprogrammet

# Høyringsforslag

## Planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE







# Innhold

Innhold .....	2
1. Innleiing.....	3
1. 1. Bakgrunn .....	3
2. Føremål med planen .....	4
3. Føringar for planen.....	4
3.1 Nasjonale føringar og prosessar.....	4
3.2 Regionale føringar .....	6
3.3 Verknader av planen.....	7
4. Plantema.....	8
4.1. imensjonering av utdanningstilbod.....	8
4.2. Endring og omstilling – nye krav til kompetanse.....	10
4.3. tdanningsval og utdannings- og karriererettleiing .....	11
5. Behov for utgreiingar og analysar.....	13
6. Planprosess .....	14
6.1. Organisering og deltakarar .....	14
6.2 Politisk handsaming.....	15
6.3 Framdrift .....	15

# 1. Innleiing

Samfunnet og arbeidslivet blir stadig meir komplekst og arbeidsmarknaden endrar seg raskare enn før og stiller høge krav til kunnskap og omstillingsevne, både for den enkelte og for verksemder. Hordaland er eit fylke i sterk vekst, men veksten er ujamt fordelt. Samstundes er arbeids- og næringslivet utsett for konjunktursvingingar og auka konkurranse som rammar ulikt. Næringsstrukturen er i endring med vekst i kompetansekreivjande og meir arbeidsintensive verksemder. Offentleg sektor er under press på grunn av folketalsendringar og aldersstruktur og auka krav til tenester frå befolkninga og frå statleg hold.

For å kunne handtere desse utfordringane, er tilgang på rett kompetanse og tilstrekkeleg arbeidskraft ei sentral utfordring. Dette gjeld både i dei delane av fylke som er i vekst og i dei delane som får færre innbyggjarar. Utvikling av kompetanse er også avgjerande for den enkelte for å kunne delta i arbeids- og samfunnsliv. Samstundes skjer det endringar som påverkar kva for arbeidskraft og kompetanse som vert etterspurd. Dette utfordrar utdanningsinstitusjonane og krev auka samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning.

Alle regionale planar skal ifølgje plan- og bygningslova ha eit planprogram. Planprogrammet skal utdjupe føremålet med planarbeidet, fastsetje organisering, opplegg for medverknad og framdriftsplan. Planprogrammet dannar grunnlaget og rammene for det vidare arbeidet med planen og skal avklare kva for utgreiingar og analysar som er naudsynt for å gjennomføre planarbeidet.

## 1. 1. Bakgrunn

I regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 er det vedtatt at arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal startast opp.

I planstrategien for Hordaland er planutfordringane omtalt slik:

*Tilgang på rett kompetanse og tilstrekkelig arbeidskraft er ei hovudutfordring for Hordaland. Både i dei delane av fylket som veks kraftig og i dei delane som kjempar mot stagnasjon er dette ein viktig tematikk. Utdanningssystem og arbeidsmarknad må sjåast i samanheng for å sikre eit robust fundament for vidare utvikling.*

*Planen må sjå på korleis ein kan oppnå ei robust forsyning av arbeidskraft til næringsliv og offentlig sektor. Næringslivet så vel som offentlig sektor endrast mot meir kompetansearbeidsplassar. Hordaland må ta del i denne utviklinga og skape arbeidsplassar som kan halde på kompetansen, kombinert med eit utdanningssystem som støtter næringslivet i regionen. Som eit ledd i arbeidet med planen må det lagast langsiktige scenarior for behov for arbeidskraft i Hordaland. Utdanningssystemet må integrerast i planlegginga. Planen vil også ta opp inkludering i arbeidslivet, arbeidsinnvandring og problematikkk knytt til utstøying frå utdanning og arbeidsliv. Planen vil ha eit perspektiv mot 2030.*

*Planen har delvis overlappande tema med Regional næringsplan og Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland. Avgrensing mot desse planane vil måtte skje i arbeidet med planprogrammet.*

*Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 slår fast at det skal startast ein prosess med å utarbeide ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Hovudspørsmålet planen skal ta opp, er om vi er godt nok rusta for å dekke framtidens behov for kompetanse og særleg korleis utforminga, innrettinga og dimensjoneringa av utdanningstilbodet kan handtere framtidens utfordringar i arbeids- og samfunnsliv.*

## 2. Føremål med planen

Føremålet med planen er bidra til å sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidens kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Hovudfokuset blir derfor retta mot samanhengen mellom arbeidsliv og utdanning og utfordringar som har betydning for at arbeidslivet opplever problem med tilgang på tilstrekkeleg og rett kompetanse. Kompetanse dreier seg ikkje berre om å tileigne seg kunnskap, men også om ferdigheiter til å kunne bruke kunnskap i ein samheng for å løyse oppgåver. Dette inkluderer teknisk kompetanse, kompetanse om sosial samhandling og kognitiv kompetanse/analytiske evner. Eit sentralt mål for planen blir å avklare kva for utfordringar ein vil rette særleg innsats inn mot, og korleis innsatsen skal vere.

Arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft gir Hordaland fylkeskommune og andre aktørar på utdanningsfeltet høve til å vurdere meir forpliktande samarbeid og sjå verkemidla til dei ulike utdanningsområda i samheng for å nå felles samfunns mål. Det er derfor viktig å sikre dialog og samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og andre sentrale aktørar i Hordaland.

I løpet av prosessen med å utforme planprogrammet, har det skjedd endringar arbeidslivet og i etterspurnaden etter arbeidskraft. Eit sentral føremål er derfor å utforme ein plan som kan vere dynamisk og kunne handtere slike endringar i framtida.

## 3. Føringer for planen

### 3.1 Nasjonale føringer og prosessar

- **St. meld.nr. 44 (2008-2009) Utdanningslinja**  
Meldinga legg vekt på at kompetansebehovet i eit framtidens arbeidsliv vil krevje meir formell kompetanse og at arbeidstakarane må tileigne seg ny kunnskap gjennom heile karrieren. For å styrke tilgang til denne kompetansen, blir det framheva at ein må vidareutvikle eit fleksibelt utdanningssystem som bidrar til den kompetansen arbeidslivet etterspør og til sosial utjamning og tar vare på befolkningas samla talent.
- **NOU 2008:18 Fagopplæring for framtida**  
Utgreiinga er opptatt av at det blir satt i verk ulike tiltak for at fleire skal gjennomføre fagutdanning. For å bidra til raskare omstilling, blir det pekt på behov for å utvikle nye tilbod og leggje til rette for betre overgangar mellom utdanningsnivå og fleksible løp i fagopplæringa. Det blir foreslått å etablere arenaer for samarbeid mellom skole og

arbeidsliv som grunnlag for kompetanseutvikling og utforming av nye utdanningstilbod. Utredninga peiker også på behovet for å heve kvaliteten på rådgjeving og karriererettleiing og på fag- og yrkesopplæringa.

- **Meld. St. 13 (2010-2011) Utdanning for velferd. Samspill i praksis**

Meldinga tar for seg tiltak for å styrke utdanning og forskning på det helse- og sosialfaglige området med utgangspunkt i befolkningas behov for helse- og velferdstenester. Meldinga skal leggje grunnlag for ein heilskapleg politikk på området. Målet er kunnskapsbaserte tenester som setter brukarane i sentrum og bidrar til betre helse og velferd for heile befolkninga.

- **NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet**

Utgreiinga peiker på at geografisk skeivfordeling av kompetansearbeidsplassar vil vere ein dempar på nasjonal økonomisk vekst. For å skape og rekruttere til kompetansearbeidsplassar i heile landet, er ein heilskapleg og koordinert politikkkutforming naudsynt. Utredninga peiker på følgjande innsatsområde:

- Robuste arbeidsmarknader
- Fleire kompetansearbeidsplassar
- Styrka rekruttering til heile landet
- Regional kunnskapsinfrastruktur
- Omstilling av jobbar, menneske, bedrifter og stader

- **Meld. St.18 (2012-2013) Lange linjer – kunnskap gir muligheter**

I meldinga blir det sagt at forskingspolitikken skal rettast inn mot fem strategiske mål:

- Løysingar på globale utfordringar, særleg innan miljø, klima, hav, matsikkerheit og energi
- God helse, mindre helseforskjellar og helsetenester av høg kvalitet
- Forskingsbasert velferdspolitik og profesjonsutøving i velferdstenestene
- Eit kunnskapsbasert næringsliv i heile landet
- Næringsutvikling innan områda mat, marin, maritim, reiseliv, energi, bioteknologi, IKT og nye materialar/nanoteknologi

- **Meld. St.20 (2012-2013) «På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen».**

Meldinga er samla rundt tre hovudområde; ein inkluderande fellesskole, grunnopplæring for framtidens samfunn og fleksibilitet og relevans i vidaregåande opplæring. Innan vidaregåande opplæring er ein opptatt av at opplæringa skal vere eit godt grunnlag for livslang læring, at det skal vere fleksibilitet i utdanningsprogramma og at opplæringa skal gi relevant kompetanse.

- **Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2015-2024 Meld. St. 7 (2014-2015)**

Planen framhevar at kunnskap og kompetanse er blant dei viktigaste innsatsfaktorane i samfunnet. Dei tre overordna måla er å styrke konkurransekraft og innovasjonsevne, løyse store samfunnsutfordringar og utvikle fagmiljø med framifrå kvalitet.

- **NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg**

Utgreiinga beskriv fagskuleutdanninga si utydelege plass i utdanningssystemet og konkluderer mellom anna med at det må etablerast ein heilskapleg utdanningspolitikk for fagskulane. Det må opprettast høvelege overgangar mellom fagskule og høgskule, og

fagskulen sin status må hevast. Utvalet føreslår eit skifte frå fylkeskommunal til statleg eigarskap.

- **NOU 2014:7 Elevenes læring i fremtidens skole**

Utgreiinga beskriv teknologiutvikling, globalisering, kulturelt mangfald og demokrati, klima og miljø og den raske utviklinga i kunnskapssamfunnet som sentrale trekk ved samfunnsutviklinga. Sentrale kompetanser for aktiv deltaking i arbeids- og samfunnsliv i framtida vil derfor vere fagovergripande som evne til å lære, kritisk tenking, kommunikasjon og samarbeid, kulturell kompetanse, kreativitet og innovasjon, medborgerskap, digital kompetanse og fagspesifikk kompetanse.

- **Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet — Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren**

Måla med strukturreforma er

- Utdanning og forskning av høg kvalitet
- Robuste fagmiljø
- God tilgang til utdanning og kompetanse over hele landet
- Regional utvikling
- Verdsleiarande fagmiljø
- Effektiv ressursbruk

Meldinga peikar på utfordringar særleg knytt til små, sårbare forskingsmiljø og mange spreidde, små utdanningstilbod med sviktande rekruttering. Ut frå ein kritisk vurdering av kvalitet vil regjeringa slå saman ei rekke institusjonar. Regjeringa vil vidareføre hovudtrekka i dagens finansieringssystem med ein forholdsvis stor basiskomponent og resultatindikatorar på utvalde områder.

- **OECD Skills Strategy Action Report 2014**

Rapporten peikar på at mangel på nasjonal samordning avgrensar mogelegheitene til å utforme fleksible løysingar tilpassa ein regional kontekst. Rapporten presenterer fem "key actions" for å handtere utfordringar knytt til utvikling av kompetanse på nasjonalt nivå:

- Lage ein kompetansestrategi for Norge som inkluderer ein felles departemental tilnærming
- Etablere ein handlingsplan for livslang utdanning og opplæring
- Styrke bandet mellom kompetanseutvikling og økonomisk vekst
- Styrke insentiva for å ta korttidsstillingar
- Utvikle eit samanhengande system for karriererettleiing

Det er oppretta eit ekspertutval om karrierevegleiing som skal levere hovudinnstilling våren 2016. Arbeidet med den nasjonale kompetansestrategien blir lagt fram i 2016.

## 3.2 Regionale føringar

- **Regional næringsplan 2013-2017**

Hovudstrategiar:

- 1) *Meir entreprenørskap og innovasjon,*
- 2) *Fleire med relevant kompetanse*

- Auke talet på personar som tek fagbrev, med særskilt fokus på etterspurte fagutdanningar

- Auke talet på lærlingplassar innan fagområde som er etterspurte av næringslivet
- Etablering av nye næringsretta studietilbod innan høgare utdanning
- Auke talet på personar med forskarkompetanse i næringslivet

3) *Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter.*

• **Regional forskingsstrategi 2015-2019**

Målsettinga for strategien er at privat og offentlig sektor i aukande grad aktivt utviklar og nyttar forskingsbasert kunnskap som grunnlag for auka verdiskaping og betre oppgåveløysing. Det inneber at den forskingsbaserte kompetansen og aktiviteten i privat og offentlig sektor må aukast.

• **Regional plan for attraktive senter- senterstruktur, tenester og handel**

Føremålet er å etablere ein robust og føreseieleg struktur for å sikre attraktive senter og balansert utvikling i Hordaland fylke. Hovudtema for planen er :

- Attraktive sentrumsområde
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport

• **Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland 2014-2025**

Planen skal bidra til arbeid som fører til fleire gode levekår i befolkninga og til utjamning av sosial helseskilnader. Hovudtema for planen er:

- Lokalsamfunn, nærmiljø og bustadar
- Oppvekst og læring
- Arbeid og arbeidsplassen
- Aktivitet og sosial deltaking

• **Skolebruksplan Hordaland fylkeskommune 2012–2025**

Skolebruksplanen sitt formål er å fastsetjing skole- og tilbodsstruktur i Hordaland. Planen legg opp til at det blir færre og større skolar. Dokumentet er ein sektorplan og ikkje ein regional plan etter plan- og bygningslova.

### 3.3 Verknader av planen

Planen skal liggje til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket, jf. plan- og bygningslova § 8-2. Planen skal ha eit perspektiv fram mot 2030.

## 4. Plantema

Hovudutfordringa for planen er at delar av offentleg og privat sektor opplever at dei ikkje får tilstrekkeleg arbeidskraft med riktig kompetanse. Sentrale spørsmål er kvifor det er mangel på denne typen arbeidskraft, kva dei regionale aktørane kan bidra med for å løyse dette problemet, og kva for utfordringar det er mest hensiktsmessig å prioritere i planen ut frå ansvarsområda og ressursane til dei regionale aktørane.

Samstundes er det ei utfordring å få pålitelege prognosar på kva slags kompetanse og arbeidskraft som kjem til å bli etterspurt dei kommande åra på grunn av konjunktorendringar, endringar i arbeidslivet og usikkerheit om kva utdanningar dei unge kjem til å velje. Eit sentralt mål for planarbeidet er derfor å få utvikle fleksible ordningar og system gjennom samarbeid mellom utdanningssystemet og arbeidsmarknaden som kan handtere slike endringar og samstundes utvikle utdanningsløp som er meir uavhengige av konjunkturar.

Det blir allereie gjort ein stor innsats innan både arbeidsliv og utdanningssektoren av ulike aktørar på regionalt og nasjonalt nivå for å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft med riktig kompetanse. Dette arbeidet må samordnast, og handlingsrommet for dei regionale aktørane klargjerast.

### 4.1. Dimensjonering av utdanningstilbod

Ein føresetnad for å få tilstrekkeleg arbeidskraft, er at det er tilstrekkeleg med opplærings- og studieplassar ut frå det arbeidsmarknaden etterspør, og at det rekrutterast nok kandidatar som gjennomfører opplæringsløpet. Den regionale arbeidsmarknaden rekrutterer i stor grad arbeidskraft som er utdanna i regionen, men også i andre delar av landet og i utlandet.

#### **Utfordringar**

Ei grunnleggjande utfordring for dimensjonering er å få ei påliteleg oversikt over arbeidslivet sitt framtidige behov for, og etterspurnad etter arbeidskraft. Det er også ei utfordring at det ikkje alltid er samsvar mellom det kompetansebehovet ulike deler av arbeidslivet rapporterer om på eit tidspunkt og den arbeidskrafta dei etterspør seinare. På grunn av konjunktorendringar har mange verksemdar problem med å kunne vite kva arbeidskraft dei vil trenge om til dømes 4-5 år som kan vere den tida som er naudsynt for å utdanne arbeidskrafta. Det kan også vere ein utfordring at arbeidsgivarar ikkje alltid har tilstrekkelig kunnskap om kva kompetanse ulike kandidatar har og kva slags kompetanse som kunne vore nyttig for deira verksemd. Utfordringane knytt til dimensjonering, varierer også mellom utdanningsnivå og –typar.

#### **Vidaregåande opplæring**

Vidaregåande opplæring er delt opp i studiespesialiserande studieprogram og yrkesfaglige studieprogram. Offentleg sektor er ikkje den einaste tilbydaren innan dei studiespesialiserande programma. Her er det også private aktørar som tilbyr studieplassar. Dette har betydning for dimensjoneringa mellom yrkesfag og studiespesialisering.

Innan fagopplæring er utfordringane knytt til dimensjonering av utdanningstilbod relativt komplekse. Det er forskjellar mellom fagområda, i tillegg kommer den geografiske



dimensjonen knytt til plassering av opplæringa og lærlingplassar kor kopling til det lokale arbeidslivet er viktig. Ei sentral utfordring er å finne ein balanse mellom elevanes ønskjer og arbeidslivet sine behov som grunnlag for dimensjonering av opplæring og lærlingplassar. Det er fordi elevanes ønskjer og val ikkje alltid er i samsvar med tilbodet av lærlingplassar og etterspurnad etter arbeidskraft. Mangel på lærlingplassar innan visse fag har innverknad på gjennomføring av fagutdanninga. Samstundes manglar nokre verksemder lærlingar til enkelte fag på nokre stadar. Dessutan kan verksemder velje å ikkje tilby lærlingplass til elevar på grunn av karakterar og/eller frávær. Kostnadar knytt til enkelte opplæringstilbod påverkar også oppretting av opplæringstilbod. Ei anna utfordring er at mange elevar vel påbygging til studiespesialisierende og ikkje klarer å gjennomføre. I tillegg er det ei utfordring at det er ei markert kjønnsdeling i rekruttering til ulike yrkesfag som også er kopla til ulikheiter i arbeidsmarknaden når det gjeld lønn og stillingsprosent.

Dei yrkesfaglege utdanningstilboda er også viktige for kvalifisering av vaksne som er i eller har erfaring frå arbeidslivet. Utfordringar er å få til føremålstenlege og fleksible opplegg for kvalifisering og få arbeidsgjevarar til å leggje til rette for at arbeidstakarane kan gjennomføre utdanninga.

### **Fagskuleutdanning**

Fylkeskommunane har ansvar for å gi fagskuleutdanning som imøtekjem lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov. Fagskuleutdanningar er korte yrkesretta utdanningar på minimum eit halvt til to år i omfang og byggjer på fullført vidaregåande utdanning eller tilsvarande realkompetanse. Det vert gjeve fagskuleutdanning innan mellom anna helsefag, tekniske og maritime fag. Fagskular har ei nær kopling til relevant næringsliv og leverer derfor i stor grad kompetanse innan næringar som etterspør utdanninga. Mange som tar fagskuleutdanning er vaksne og er også i arbeid.

Innan tekniske og maritime fag er søkinga til fagskuleutdanning god, og søkjartala har auka i Hordaland dei siste åra. Dei tekniske fagskuleutdanningane er svært etterspurt i næringslivet. Dagens finansieringsordning for teknisk fagskuleutdanning skapar ein ufrivillig stagnasjon i tilbodet og påverkar mogelegheita til å dimensjonere etter det lokale og regionale kompetansebehovet i Hordaland.

Helsefagskuleutdanningane gir ikkje same utteljing i høve til løn og stillingsavansement som dei tekniske fagskuleutdanningane. Utdanningane er viktige for kommunane som har behov for meir spesialisert kompetanse ut frå Kompetanseløftet 2015 og Samhandlingsreforma. Utfordringa for dimensjonering av helsefagskuleutdanningane er å rekruttera nok studentar og å få arbeidsgjevarar til å leggje til rette for at arbeidstakarar kan ta utdanninga.

### **Høgare utdanning**

Høgskular og særleg universitet, har ansvar for nasjonale utdanningar med nasjonale rammevilkår og finansieringsordningar. Høgskular har eit større ansvar for å tilpasse utdanningar til regionale forhold. Utdanningstilboda er også påverka av institusjonane sine strategiske satsingar, talet på søkjarar og kapasitet og tilgang på lærekrefter. Endringar i dimensjonering av grunnutdanningar tar tid, mens endringar i etter- og vidareutdanningstilbod er meir fleksible.

Årsakene til at arbeidsmarknaden opplever at det ikkje er tilgjenge på tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft, er samansette og varierer mellom ulike utdanningar. Årsakene kan vere tal på studieplassar, tal på studentar som søker studiane, at ferdige kandidatane reiser bort frå regionen etter avslutta utdanning eller at arbeidsgivarar ikkje har tilstrekkelig kunnskap om kva kompetanse ulike kandidatar har og kva slags kompetanse som ville vore nyttig for deira verksemd.

Kva som er etterspurt arbeidskraft vil variere i åra som kjem og er resultat av eit samspel mellom konjunkturar og kor mange med den etterspurte kompetansen som er tilgjengelege. Rekruttering til ulike utdanningar blir også påverka av konjunkturar. Etterspurnaden etter arbeidskraft med høgare utdanning har i stor grad auka i takt med tilbodet<sup>1</sup>, men for nokre utdanningsgrupper, slik som ingeniørar, har etterspurnaden inntil nyleg vore større enn tilbodet.

Innan offentleg sektor kan ein i større grad føresjå etterspurnaden etter arbeidskraft ut frå demografiske forhold. Vi veit for eksempel at det vil vere eit auka behov for lærarar og førskulelærarar i mange kommunar i Hordaland i framtida på bakgrunn av demografiske forhold, dagens rekruttering til utdanningane og alderssamansettinga blant lærarar og førskulelærarar.

#### **Kva ønskjer ein å oppnå i planarbeidet**

- Betre samsvar i yrkesopplæring mellom studieplassar, lærlingplassar og arbeidslivet sine behov
- Sikre betre rammevilkår for fagskoleutdanningane
- Betre dialog og samarbeid mellom arbeidsliv og høgare utdanningsinstitusjonar om etterspørsel og tilbod av kompetanse som grunnlag for dimensjonering av utdanningstilbod.

## **4.2. Endring og omstilling – nye krav til kompetanse**

Arbeidslivet er i kontinuerleg endring. Når planprogrammet skrivast, er det stagnasjon i veksten som har prega etterspurnaden etter arbeidskraft dei siste åra. Arbeidslivet endrar også innhald. Mange av dei som no er i utdanning, vil gå inn jobbar som ikkje finst i dag. Og folk som er i arbeid, må omstille seg til nye oppgåver eller jobbar. Livslang læring blir sentralt ettersom arbeidskrafta heile tida må tilpasse seg endringane. Teknologiutvikling, globalisering og utfordringar knytt til kulturelt mangfald og demokrati, klima og miljø og den raske utviklinga i kunnskapssamfunnet har verknad for kva kompetanse som vil bli etterspurd. Forsking og forskingsbasert kunnskap blir i aukande grad også relevant for arbeidslivet i privat og offentlig sektor.

#### **Utfordringar**

Både arbeidsliv og utdanningssektoren vil ha behov for meir og ny kompetanse og for meir samarbeid for å handtere framtidens utfordringar. Samstundes kan det vere ei utfordring å halde på kompetansen lokalt i ulike delar av regionen i tider med konjunkturedgang. For å

<sup>1</sup> Ryssevick, J. m.fl. (2011) Kompetanse 2020: Universitetsutdanningenes synlighet og relevans og samfunnets behov. Ideas2evidence Rapport 4

handtere desse utfordringane, vil det være viktig å få til meir fleksibilitet og flyt i utdanningssystemet og betre samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningsinstitusjonar.

Utvikling av innhaldet i, organisering og gjennomføring av nye utdanningstilbod vil vere sentralt for at arbeidskrafta betre skal kunne tilpasse seg endra krav frå arbeidslivet. For å utvikle slike utdanningstilbod, er ei utfordring å utvikle ordningar og møteplasser mellom arbeidsliv og utdanningsinstitusjonane for dialog om framtidens kompetansebehov, gi arbeidslivet kunnskap om kva ulike utdanningar gir av kompetanse og for å utvikle meir samarbeid om gjennomføring av utdanningstilbod. Dette kan dreie seg blant anna om å legge til rette for meir praksis i utdanningane, utveksle fagpersonale mellom arbeidsliv og utdanningssektoren og organisere utdanningstilbod gjennom å legge til rette for kvalifisering på arbeidsplassen. Ei anna utfordring er korleis ein kan gjennomføre utdanningar meir fleksibelt til dømes ved bruk av desentraliserte tilbod, samlingsbaserte tilbod eller e-læring. Forholdet mellom korleis ein skal utforme grunnutdanningar, kva som skal vere spesialiserte etter- og vidareutdanningar, og korleis ulike utdannings- og kvalifiseringsløp skal utformas og organiserast, vil vere sentrale problemstillingar.

Utdanningssektoren består av ulike utdanningsinstitusjonar og utdanningsløp. Arbeidslivet etterspør i aukande grad kompetanse som koplær yrkesutdanning og høgare utdanning. Fagskoleutdanningar er eksempel på fleksible utdanningstilbod som er tilpassa etterspurnaden i arbeidslivet og kan gi desentralisert tilbod. Det er viktig å sjå nærare på kva utfordringar og mogelegheiter som er knytt til utdanningsvegen frå fagutdanning til høgskole- og universitetsutdanning, den såkalla y-vegen og andre meir fleksible utdanningsløp. Ei utfordring i denne samanheng er korleis ein kan utvikle kvalifiseringstilbod til arbeidskraft som ønskjer, og/eller har behov for omstilling.

#### **Kva ønskjer ein å oppnå i planarbeidet**

- Betre samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningssektoren om behov for, og utvikling av utdanningstilbod
- Betre samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningssektoren om gjennomføring av utdanningsopplegg på ulike nivå
- Få til føremålstenlege overgangar mellom ulike utdanningsnivå/-typar

### **4.3. Utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing**

Dei unge sine utdanningsval er sentrale for kva for kompetanse som blir tilgjengeleg for arbeidsmarknaden. Derfor er det viktig å rette søkelyset mot forhold som har betydning for kunnskapen dei får om utdannings- og yrkesmoglegheiter og faktorar som har innverknad på vala dei gjer. Samstundes er det viktig å ikkje sjå på vala som endelege, men heller noko ein må gjere fleire gangar i yrkeskarrieren. Mange vaksne har også behov for å få kunnskap om utdannings- og yrkesmoglegheiter som grunnlag for vidare kvalifisering.

#### **Utfordringar**

Mange unge har lite eller inga direkte erfaring frå arbeidslivet før dei skal gjere utdanningsval som har stor innverknad på yrkesvalet deira. Dei veit også lite om kva ulike utdanningar inneber, og ikkje alle veit kva dei vil. Samstundes viser studiar at sosial bakgrunn, foreldre

og venar og den lokale konteksten har stor innverknad på vala<sup>2</sup>. Eit spørsmål er derfor kor mykje, og på kva måte, utdanningssystemet gjennom opplæringa, rådgiving og karriererettleiing kan bidra til at dei unge gjer val som blir riktige for dei sjølv og for arbeidslivet. Rådgiving er også viktig for vaksne som ønskjer vidare kvalifisering eller endring i si yrkeskarriere og vil derfor også inkludere rådgiving knytt til etter- og vidareutdanning.

Rådgivingstenesta og karriererettleiing i utdanningssystemet er under utvikling, men kompetansen og kvaliteten er varierende. Det er også ulike aktørar som driv med rådgiving og karriererettleiing på ulike utdanningsnivå. Ikkje berre rådgivarar, men også lærarar har betydning for dei unge sin utdanningsval. Val av utdanning skjer ikkje ein gong for alle, derfor vil det også vere naudsynt å få rettleiing og kunnskap om arbeidslivet meir gjennomgåande i heile utdannings- og yrkeskarrieren. utfordringar er knytt til korleis ein kan få til ein betre struktur og samordning av rådgiving/rettleiing mellom ulike nivå og korleis ein kan nå vaksne som treng rettleiing for å komme vidare i sin yrkeskarriere.

Fråfall frå vidaregåande opplæring er ei sentral utfordring. Ein stor del av fråfallet er knytt til låge karakterar frå grunnskulen, og dermed til manglande grunnlag for å kunne gjennomføre vidaregåande opplæring. Samstundes dreier noko av det registrerte fråfallet seg om feilval. Ei utfordring er å legge til rette for at nye val kan bli betre for den enkelte og for arbeidslivet. Dette gjeld også vaksne som ønskjer vidare kvalifisering.

#### **Kva ønskjer ein å oppnå i planarbeidet**

- Utvikle og betre kvaliteten på, og organiseringa av, rådgiving og rettleiing på ulike utdanningsnivå
- Utvikle samarbeid på tvers av utdanningsnivå for å gi betre grunnlag for å velje utdanning/vidare utdanning og yrke
- Legge betre til rette for moglegheit for nye val og omval av utdanning

---

<sup>2</sup> Holen, S. (2014) Utdanningsvalg i overgangen fra ungdomsskole til videregående skole. Arbeidsnotat 6/2014, NIFU

## 5. Behov for utgreiingar og analysar

Ut frå dei utvalde temaa, vil det vere behov for analysar og utgreiingar for å få eit betre grunnlag for å peike ut satsingsområde for planen. Følgjande analysar, utgreiingar og kartleggingar kan vere relevante for planarbeidet:

- Analyse av korleis bedrifter vurderer behov for arbeidskraft og kompetanse, kva dei etterspør, kva dei veit om kompetansen til potensielle arbeidstakarar, og korleis dei rekrutterer den kompetansen dei treng.
- Kartlegge noverande og framtidige behov for og etterspurnad etter arbeidskraft i Hordaland
- Kartlegge forholdet mellom opplæringstilbod, lærlingplassar og rekruttering og gjennomføring innan vidaregåande opplæring, og korleis konjunktursvingingar har påverka dette.
- Kartlegge forholdet mellom opplæringstilbod, tal på studieplassar og rekruttering/gjennomføring innan etterspurde utdanningar i høgare utdanning og fagskuleutdanning, og korleis konjunktursvingingar har påverka dette.
- Kartlegge statlege og andre føringar og insitament for studieplassar og utdanningstilbod – barrierar og handlingsrom for institusjonane
- Kartlegge innhald i og organisering av rådgjeving om utdannings- og yrkesval på ulike utdanningsnivå og kva slags koplingar det er mellom nivåa.
- Kartlegge tilgrensande arbeid og prosessar i vidaregåande opplæring, fagskuleutdanning og høgare utdanning knytt til utvalde plantema
- Kartlegge arenaer for samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidsliv.

## 6. Planprosess

### 6.1. Organisering og deltakarar

#### **Styringsgruppe:**

Politisk deltaking, Fylkestinget, leiar  
Universitetet i Bergen  
Høgskolen i Bergen  
LO  
NHO  
Yrkesopplæringsnemnda  
Hardangerrådet  
Regionrådet Vest  
Bergen kommune

#### **Arbeidsgruppe (administrativ)**

Universitet i Bergen  
Høgskolen i Bergen  
Høgskolen Stord/Haugesund  
Stiftelsen Høgskolen i Hardanger  
NHO  
LO  
Bergen næringsråd  
KS  
NAV

**Ansvar for planen og sekretariat:** Regionalavdelinga og Opplæringsavdelinga  
Regionalt næringsforum vil bli konsultert i prosessen.

#### **Temagrupper:**

Temagrupper vert oppnemnt av arbeidsgruppa etter behov. Dei tre hovudtemaa for planen legg grunnlaget for oppretting av grupper knytt til meir spesifikke tema.

#### **Mandat styringsgruppe**

Oppgåvene til styringsgruppa er knytt til praktisk gjennomføring av planarbeidet i tråd med planprogrammet, drøfting av vegval og alternativ, og førebuing av innspel til politisk handsaming. Styringsgruppa inviterer til og deltek i medverknadsarrangement og eksterne politiske arrangement. Gruppa gir råd om endring av framdrift til politiske organ og oppretting av undergrupper.

#### **Mandat arbeidsgruppe**

Arbeidsgruppa følgjer det praktiske planarbeidet tett, fordeler oppgåver og deltek i arbeidet med kompetanse og ressursar etter avtale. Arbeidsgruppa utformar utkast til plan og gir innspel til tolking av planprogrammet til styringsgruppa. Arbeidsgruppa vert oppløyst etter drøfting av høyringsresultat. Arbeidsgruppa har konsultasjonsmøte med relevante organisasjonar og opprettar temagrupper etter behov og gjennomfører seminar for relevante tema.

### Mandat temagrupper

Temagruppene arbeider innanfor avgrensa oppgåver i planarbeidet og leverer faglege innspel til arbeidsgruppa. Temagruppene vert tidsavgrensa ved oppretting og vert avvikla når oppgåva er avslutta.

## 6.2 Politisk handsaming

Fylkestinget vedtek den endelege planen etter høyringsrunden på bakgrunn av innstilling frå Fylkesutvalet. Fylkesutvalet vedtek høyringsforslag til plan og innstiller til Fylkestinget om vedtak av plan på bakgrunn av handsaming i andre fagutval og innstilling frå fylkesrådmannen. Fylkesutvalet vert jamleg orientert om framdrifta i planarbeidet og kan gjere endringar i framdriftsplanen.

Fylkesrådmannen gir innstilling til alle politiske utval på bakgrunn av arbeidet i styringsgruppa for planarbeidet.

## 6.3 Framdrift

Etter at planprogrammet er vedtatt i Fylkesutvalet startar planarbeidet formelt. Planprosessen har fire fasar; kunnskapsinnhenting som går parallelt med utforming av planforslag, høyringsfase og vedtaksfase.

Endeleg vedtak for planen i Fylkestinget er planlagt august 2017.

År	2015					2016					2017													
Månad	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A
Vedtak planprogram																								
Etablere arbeidsgrupper																								
Utgreiingsfase																								
Utforme planforslag																								
Førstegongs handsaming																								
Høyring																								
Slutthandsaming																								
Vedtak plan																								



Arkivnr: 2014/598-17

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	73/15	29.09.2015
Fylkesutvalet		29.10.2015

## Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – Budsjettfordeling nr. 5 - 2015

### Samandrag

I budsjettet for 2015 var det opphavleg løyvd 125 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. I samband med tertialrapporteringa for 1. tertial er denne posten redusert til 100 million kroner. Vidare har ein skilde prosjekt fått tilført til saman 17 million kroner i samband med sak nr. 41/2015 i Opplærings- og helseutvalet.

I denne saka rår ein til at det vert fordelt 3 million kroner til nytt kjøkken ved Bergen Katedralskule, 1 million kroner til prosjekt ved Norheimsund vgs og 0,5 million kroner til prosjekt ved Askøy vgs.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	635.020.00	02320	02137	Norheimsund vgs – Auditorium m.m.	1 000 000	
10	621.020.00	02320	02145	Bergen katedralskule – Kjøkken	3 000 000	
10	643.020.00	02320	03223	Askøy vgs. – Internkontroll Elektro	500 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		4 500 000
				4 500 000	4 500 000	

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
eigedomsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



## **Fylkesrådmannen, 18.09.2015**

I budsjettet for 2015 var det opphavleg løyvd 125 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. I samband med tertialrapporteringa for 1. tertial er denne posten redusert til 100 million kroner. Vidare har einskilde prosjekt fått tilført til saman 17 million kroner i samband med sak nr. 41/2015 i Opplærings- og helseutvalet. Det er lagt til grunn at dette er løyvingar som ein elles måtte ha finansiert innanfor ramme av løyving til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

I denne saka rår ein til at følgjande tiltak får prioritet / auka løyving:

### **Norheimsund vgs – Auditorium m.m.**

Det er i FUV sak 60/2015 løyvd 2 million kroner til bygningsmessige arbeid knytt til etablering av auditorium ved Norheimsund vgs. Vidare har opplæringsavdelinga sett av 0,7 million kroner til utstyr / innreiing over post for utstyr i skulesektoren. Ein ser no at dette vert litt knapt med midlar, spesielt knytt til utstyr / innreiing. Vidare ser ein at det vil være ønskeleg å oppgradera to tilstøytane klasserom. Dette kan ein få til ved å innlemme to små kontor i klasseromma, og ved å gjere tiltak knytt til ventilasjon. Samla rår ein til at det vert løyvd 1 million kroner til prosjektet.

### **Bergen Katedralskule – Kantinekjøkken**

I økonomiplanen for 2015 – 2016 er det lagt opp til eit større prosjekt med rehabilitering og tilbygg. Det er lagt til grunn at byggearbeida først vil starte opp i 2016. I den planprosessen som no pågår er det avdekt at eksisterande kantinekjøkken ikkje held eksisterande krav frå helsetilsynet. Ein ser at det er mogleg å starte opp arbeidet med å etablere eit nytt kantinekjøkken i inneverande år utan at hovudprosjektet får ulemper. Ved dimensjonering av kjøkkenet vert det lagt til grunn at det også skal kunne dekke behovet for å produsere mat som vil bli servert på «Senter for Voksenopplæring» ved tidligare Bergen Handelsgymnasium. Basert på kalkyle rår ein til at det vert løyvd 3 million kroner til prosjektet.

### **Askøy vgs. – Internkontroll Elektro**

Det er tidlegare løyvd til saman 1,1 million kroner til utbetring av feil og utskifting av hovedtavla ved A-bygget ved Askøy vgs. I sak 127/2014 vart det kalkulert at utskifting av hovedtavle ville koste om lag 0,6 million kroner. Med bakgrunn i dette vart det henta inn pris frå rammeavtale, og seinare henta inn ordinære tilbod i eigen anbudsprosess, då avvika frå kalkyle var relativt store. Basert på innkomne tilbod ser ein at kostnadane ved skifte av hovudtavle truleg vert knapt 1 million kroner. Vidare er det som ein del av prosjektet også funnet feil på B-bygget som må utbetrast. Det er og funne jordingsfeil, som det er uvist om skifte av hovudtavle vil være nok. I denne omgang rår ein til at det vert løyvd ytterlegare 0,5 million kroner til skifting av hovudtavla og utbetring av mindre feil. Dersom det vert avdekt ytterlegare behov for utbetring, rår ein til at det eventuelt vært gjennomført som eige prosjekt.

PS 74/15 Ymse